

bokselskap.no, 2014

Olav Duun: *Ragnhild* (1931)

Teksten følger 1. utgave, 1931. Digitaliseringen er basert på fil fra

Nasjonalbiblioteket (nb.no)

ISBN: 978-82-8319-192-9 (digital, bokselskap.no), 978-82-8319-193-6 (epub),

978-82-8319-194-3 (mobi)

Teksten er lastet ned fra [bokselskap.no](http://bokselskap.no)

---

Olav Duun

# Ragnhild

1931

[I.](#)

[II.](#)

[III.](#)

[IV.](#)

[V.](#)

[VI.](#)

[VII.](#)

---

## I

[5] Heilt frå Håkon vart åleine, i alle dei år, hadde tanken på vesle Hallvard komme og gått gjennom han som ein styng. Ofte var det ikkje ein tanke, berre angsten for ein tanke. For ein far tør ikkje tenke på den morlause gutungen sin, kva skal ein gjera med ein 8-åring som er så frammand for ein?

Slik kom det til han i kveld òg, han undrast på kor ungen heldt til, om der var nokon som såg etter han; så tenkte han ikkje meir på det, det var berre som når skjelven tek eit lauvtre i lia ein vindstill kveld, det *var* ingen ting.

Det var no òg så makelaust til kveld: ein kom beint utor langvarige regnvêre

og mørkre, utor trevekes trollvêr og ut i dette lyse, ein kunde bli ståande og seie *sommarkveld* med seg sjøl. Ein kunde plystre. Just dette var det som mana otten fram. Vêre kan bli så vakkert at ein ottast for storm. Tale, mor hans, hadde gått og sagt med styggvêre stod på: – Takk gu' for det her vêre, de. Utan slikt fanns her ikkje godvêr. Evig godvêr er umulig ting, pla ho seie, har de <sup>[6]</sup> levd i evig lykke nokon gong? Og det var no så. Men ho sa mangt i det siste, ho var gammal no.

Elles gav han det liten ans no for tida, både vakkert vêr og anna vêr, her var så mange andre ting å tenke på. Det hadde seg slik, etter at Johannes kom heim. Det var tre år no sia, og dei hadde fare som ein godvêrs-sus i skogen. Før den tid var der ei grå natt med år, og dei stod still, slik natta gjer det somtid.

Det var ikkje ofte han kom i hug dei åra. Han mintes berre at Johannes kom heim og reiv han ut or dem, kom og flytta han så handfritt ut or einsemda og sømnen og midt fram i dagen. Og enno var det like rart at Johannes var her, at han var kommen og ikkje hadde fare sin veg. Han hadde komme her og synt bror sin at han var ein furtar. Ein livsfurtar, visst det er noko ein kan kalle slik. Håkon måtte undrast, når han såg det, enno òg: Var det slik eg var? Ja vel, slik var du. Det var inga skam å minnst det og tilstå det, for menneske skal ein ha vore på både det eine og det andre vise, og der til var det overstått no og langt attanfor.

Johannes ja. No heldt dei på og greidde inn nygarna hans, storgarna. Johannes den halvgalningen hadde fare i veg og rådd til fullt sildgarnbruk, det var på hengande håret han ikkje rådde seg skjøyte i same renne. Han sa det med han der dei stod:

<sup>[7]</sup> – Store ting at du ikkje kom brytande heim med eit tomastra skjøytefarty; når du kom med *slikt* garnbruk.

– Det var det som var dumt. Johannes svara rolig og såg rolig på han. Så vak han til, og spytta: – Du snakkar om farty som du har vett til du, mølnbrukaren. For spørsmåle er, om her finns skikkelig maskine, motor, å sette i farkosten. Eg har set slik maskine eg, kan eg helse deg med; eg vil vita kva eg gjer. Hastar ikkje, storbror, gi deg tida og tål du.

Slik var han, 3 år eldre enn Håkon, og berre gutungen enda, berre gleda og gapen.

Der står han og greier inn øvretelna på garne, han gjer det omframt fint i frå

seg, for dette er nygarna hans, skal ein komma i hug, dei har vore i sjøen berre to netter før; no fer han opp i nauste og kjem ned att med ei ovbør med dubbel, gut styrke han kor sterk han vil vera! – Dyktig gut, let Håkon, rettelig òg! Deg må det bli kar tå når du blir stor. – Jaha, svarar han, når eg blir stor da blir du liten du. Om du fiskar deg aldri så rik på laks.

Håkon tagde litt. – Ja, det er denne forharmelige laksen. Han skulde ikkje ha vore, ein burde ha landsforjaga han.

– Ja du trur eg avunner deg laksfortenesta du, at eg avunner deg heile garen. Eg veit det. – Eg veit det i alle fall. Du har sagt det så pass ofte.

[8] – Der lyg du, Håkon!

Johannes hadde vorte raudlett og såg kvas topp, ein såra bror. Så det var da sant nok. Det gjorde så pass vondt, at Håkon måtte minnst den tida da han tenkte på å rømme i frå alt her heime og slå seg ned vest i havskjæra; det er så ein kan bli strøypst somtid. Han kunde hive og fara i morgo den dag, Johannes burde sitte her med odelsretten sin og heile stasen, ein måtte kunne fiske laks der ute òg, der laksen kjem inn frå have.

Han slo det frå seg og gjorde seg like sint som broren:

– Ti still når du snakkar med meg, har eg sagt! Men det var det eg vilde seie deg, at kor mykje er klokka no?

– Sjå på di eige klokke, *det* har du da vel råd til?

Men Johannes såg på klokka. Ho var sju. Ho var vel ikkje meir nei. Det var høge dagen enno, sola stod over haugane vestpå og sa det av all si makt.

Og der stod Johannes og var snild gut att og smått skjemdest. Håkon hadde hørt seie at Johannes skulde vera lik faren. Det var umulig å få til. Han likna ikkje nokon, berre seg sjøl. Og slett ikkje faren. Andlete var breit, og nasen stod stutt og sterk fram i vêre, og auga dei var blå, – dem måtte han ha frå morfolke deira; så hadde han mørkt krulla hår, langt ansles enn faren sitt. Kanskje det var i måle dei [9] drog kjensel på faren? Der var visst eit slag likskap. For der var mykje til makt i det når han vilde einkvart, folk kunde bli huga på å føye han i same kva det var. Ja eller så sette seg opp mot han og seie tvert nei. Ein tverpligg og ein snild gut, ein såg det berre han strauk seg med trøye-erme oppover panna og håre: når ein er barn på den måten, da er ein eit godt barn. Ikkje Amerika ein gong, ikkje Kanada og ikkje Argentina hat bite på han, han er Johannes den same

i andlete og all sjæla inngjenom, berre eit par ord eller nokre små fakter kom han heim med. Ja og så pengane, det forstår seg no; og hugen til å få einkvart i stand for bror sin.

Så, no er dei ferdige med garna. – Og klokka ho står der ved sjutale, kjenner eg, sa Håkon. Og før ho er 9 kan vi ikkje ro ut, så blankt det er i kveld. Dei skulde på drivfjorden.

Johannes ser utover. Fjorden ligg blank som fjellvatne, det vesle dei ser av han, under kveldsola og store kveldstille skyer. Ikkje på trevekes tid har dei set han så blank.

– Ja, han var meg utrivelig, seier Johannes. Vi får ta oss eit par timar og eta til kvelds i.

– Der kjem for resten 'n værfar din, forteler Håkon.

Johannes ser fort i kring seg, og ser mannen kjem stigen frammed stranda, stav i hand og hatten bak i nakken, den andre handa bak på ryggen, ein storvoren og før mann og truverdig i gonglage. <sup>[10]</sup> Ja da, det var værfaren hans, skulde bli, Periander Henningstad. Vidt i kring heitte han berre Periander, det kunde vera namn nok det.

Han stana først. Så helsa han god kveld. Han hadde god tid, han forhasta seg aldri med nokon ting, ikkje ein gong med å seie farvel. Han såg på nygarna hans Johannes; han såg bortover til mølnbruke fleire gonger; det var ikkje likt til han hadde for god tru om enten det eine eller det andre. Det var kanskje berre augelage hans som var slik.

Det er vel så, sa han. At ein lyt drive seg. Og våge litegrand.

Kva var det han glåmte etter, undrast Håkon. Stod han og vêra galenskap og undergang?

Periander var mektigaste mannen i bygda no. Han var kanskje like sterk åleine som dei andre til sammen. I alle fall var han den som sat best i det, særlig sia han arva bror sin. Håkon vart lystig kvar gong han såg Periander og mintes den arven, for broren levde enno og kom til å leva ein liten mannsalder til. Jon heitte han, og vart kalla Kujon, han hadde vore krøterhandlar all sin dag; han skulde ha gnudd seg i hop ei meisbør med pengar. No sat han som ein legdslem hoss Periander, hadde late han ta over all middelen sin og sat der så til freds som han hadde snytt bror sin på ei ku. Det var det, at mest all ting vart slik som Periander

ønska seg det. <sup>[11]</sup> Nett no kneip det litt for han, der var ei storsak for bygda han arbeidde med, det hadde vore hjartesaka hans i lenger tid, og dess utan stod han på dørstokken til lensmannskontore, kunde dei seie, for gamlelensmannen hadde slutta, og Periander ønska seg romme hans.

Han stod og ønska det no òg. Andsvare la han på Håkon, i fall det ikkje gjekk som det burde gå. – Og kva skal eg gjera, anna enn å hjelpe han? tenkte Håkon. Eg som vil ha bror min gift med dotra hans og pengane? Periander hadde til med gjort dem meir enn ei beine, den tida dei sette opp det nye kvennhuse, han hadde vore ein god mann å gå til. Og der til så sette han Håkon høgare enn nokon annan mann gjorde. Håkon tykte han vilde rømme bygda den dagen han ikkje hadde Periander til ven. Det *var* slik.

Gubben tykte visst så ymse om Johannes. Men der vart han heller ikkje så hardt spurt, for dotra hans var einaste barn på garen og morlaus der til, ho spurte seg sjøl.

Periander sa ikkje mange orda. Han tenkte berre på sitt, og det tala han ikkje om *i kveld*. Han bad Håkon sjå vest til Henningstad laurdagskvelden, så dei fekk prate eit grand politikk, der kom gjerne nokre fleir òg, av mindretale i herredsstyre; – vi finn alltid på einkvart fark å fara med, smålo han og var svært brydd. Eg lit på deg, Håkon.

Håkon lova å komma. Periander laga seg til å gå.

<sup>[12]</sup> – Ja, de driv dykk, de karar, sa han i den vanlige tvilande tonen sin. Ja ha san.

– Vi? sa Johannes. Vi har ikkje teke til enno.

– Men rettno spåkar det for at det ber til, let Håkon.

Undringa fór gjennom dem baa to, no da det var sagt, for dette var da sant? Elles pla dei ta det på denne måten med Periander, dei skræmte han med gapsnakk om dei så var ute og bad om hjelp. Han hadde alt vent seg til dem.

– Ja lat no det vera godt. Han fresta å smile, og da endelig var han opp til hatten med handa, og sa farvel og gjekk, – staven i eine handa, og den andre bak på ryggen.

Håkon såg på Johannes og hadde det *godt*: – Du ser meg ut som du har fått ein værfar for mykje du?

- Du kan få han visst du treng han. Det er du som har skaffa meg han.
- Au, er det slik det har gått med deg. Det må vera tung lagna det?
- Korles har det gått med deg, tru, mumla Johannes og kaldsmilte til sides.

Slik var deira måte å vera forlikt på. Så lite kunde den eine vera den andre for utan, at det vilde vera usømmelig om dei ikkje garva einannan så godt dei kunde, så det sveid lite grand. Håkon tykte elles det sveid nok denne gongen. – Rettno spør han etter kjerringa mi,<sup>mi,]</sup> *rettet fra:* mi,, ottast <sup>[13]</sup> han. Han spør gjerne om ho ikkje er ferdig på tukthuse snart. Ho er uttent der, ban, for år og dag sia; ho kjem ikkje hit for det.

– Han kjem her og står, denne Periander, sa han. Står og *ser* på stelle vårt. Det er visst snildt mot oss at han ikkje seier noko.

– Lat han stå.<sup>stå.]</sup> *rettet fra:* stå Og lat han sjå. Det har slik ein værfar godt av. Johannes flytta båten lenger ut, så han ikkje vart ståande om sjøen fall.

- Eg må for resten gi han rett i det han arbeider for, sa Håkon.
- Gjer så du. Han lit på deg, fortalde han.

Dei vilde til å gå oppover og få seg mat. Men først står dei litt og likar seg. Det er reint ei ovmette med godvêr og sol i lufta. Skyene står over sjøen og over fjella, dei minner om kirka ein høgtidsdag, slik ein såg henne ein gong med ein var barn. Dei må ha stått der så lenge fjella stod, i same smilande blinda. Nå ja, lat dem stå, og lat verda gå, – berre dei vilde dra seg samene litt til natta, så kanskje silda kom i vage att; der var nok av henne, det synte ho her i førre veka.

– He! kjem her enno meir? seier Johannes og ser oppover. – Halvmågen vår, mumlar han.

Morten kjem sendande nedetter sjøvegen, sjøl veit kor han har vore.

– Fysj, no minns eg draumen min frå i natt, sa Johannes. Eg såg ein dau kobbe på eit skjær, og ho Lea fresta å få liv i han att, men nei, han var *for* dau.

<sup>[14]</sup> – Du er rettelig ein diktar når du søv, flirte Håkon. Du burde sova meir enn du gjer.

Håkon sa det for di han fraus, han snudde seg frå dumheita, slik ein snur seg frå rettferda somtid, det må til! Han drømte meir enn nok om dauingar sjøl-seg, om far sin og andre hyggelige ting, han tykte han var ei ufyse på jorda. Men låtten i han svara straks Johannes lo. Det var no slik, at det var Johannes som hadde

funne fram gleda i han. – Huff, er han så feit! humrar Johannes og ser på Morten. Og feit er Morten, det kan ikkje nektast.

Johannes er lykkelig uvitande. God som dumheita, og vond som den. Han smiler mildt og nærskyld til bror sin. Ja visst er dei brør ja, i både likt og ulikt – «og noget fortrin fremfor dyret har mennesket ikke», hørte han nokonstads i frå, det måtte vera mor hans som las det for seg sjøl.

Morten helsar i god tid, slik du gjer det når du har annt om. – Han skulde vel heim og hurve inn garna han òg? – Pø! det hadde kjerringa gjort, let han, vi ligg på drivfjorden kvar einaste folkvêrsnatt; her etter kan vi like snart ligge der som heime, forteler ho.

Han skulde over sunde her, småfæringen hans låg like ved, men han vart ståande og trø og plagast med einkvart.

– Nei det var denne gutungen din, sa han endelig.

Håkon såg opp, mest som han bad for seg

[15] – Ja nei, han var berre i hagen på Myra og stal bær, no da eg kom og skulde heim, det var han og denne Ellida-guten. Men ligg de her og stel bær, sa eg. Nei vi *sitt*, svara han, beint opp i auga på meg. Den andre gutfarken luska vekk, men Hallvard han sat. Men enn om dei kom på deg no, – om han far din får vita det? sa eg. Men det får han ikkje, sa han. For resten er eg mett no, let han, og så smaug han ut og fór sin veg, han og den andre knekten.

– Ja nei eg tykte eg måtte fortele deg det, sa han, da Håkon tagde.

– Du skal ha takk for det, Morten, tok Johannes frami. Du har vore tru over lite, eg vil sette deg over mykje; vi skal banke opp ein gutunge kvar, du kan lite på det blir gjort.

Håkon sa ikkje noko. Og Morten tok seg på tak og fór.

Johannes snakka om einkvart, men Håkon hørte det ikkje. Han stod mo åleine ein augeblink eller to. Da fór angsten for Hallvard gjennom han, einaste pina han hadde kjent på lang tid no; så manna han seg opp og vart sint. Han var dømt til å tukte krypen.

– Men det er den andre skarven si skyld! seier han høgt og hardt.

Johannes svara ja til det, utan å tenke ein tanke på det, han kom i hug båten han og rettleidde litt med den i gjen. Der etter gjekk dei oppover og heim.

[16] Da karane var oppved husa heime, såg dei gutpåkane kom slengande til gars nedetter sommarfjøsvegen, dei lest ha vore i marka etter kyrne. Håkon stana og bia opp dem. Johannes såg han stå der som ein syndar sjøseg, det blir visst han som får tukt, tenkte han. Guten hennes Ellida gav seg bakom da dei nærma seg, men Hallvard gjekk beint mot faren, han ikkje så mykje som blunka for auga hans.

Hallvard var lyslett, og ein velskapt gutnabbe, ikkje særlig stor etter alderen, men utrulig vaksen i augelage.

– Du ser eg veit det, sa Håkon.

Hallvard stana og såg på han, stod og la merke til eitt eller anna ved faren. Båe to tagde eit tak. Da seier Hallvard og ser far sin i auga med ein rar liten smil:

– Eg kunde lova at eg ikkje gjorde det oftare, veit du.

Faren vart raudlett smått om senn, og sia bleikna han litt med kvart. Det drog visst opp til vondt vêr no, trudde guten. Så, no sette far auga i han for ålvor.

Håkon vilde seie, at no blir du med ned på Myra, så tilstår du, og så bed du vakkert for deg, men han fekk ikkje orda fram. Han stod på sprange og vilde ta etter han for alle gongene, men einkvart var bakpå han og heldt han att. Slik var det støtt når han skulde tukte gutungen, han vart ståande som ein fåne. Kan ein mannskaping [17] stå meir opprådd enn eg gjer no? undrast han. Han kunde ha flirt, slik i nøda var han.

– Men du er da ikkje emna til tjyv like vel? sa han endelig.

Guten såg opp som snarast. Ein kunde tru der var eit trugsmål i auga hans.

– Eg lit på du vil bli folk, Hallvard.

Håkon sa det med ein sukk. Der etter såg han på Ellida-guten, vårskudde liksom at han vilde snakke med han ein annan gong. Men den kroppen stod berre og såg ned og grov i sanden med skotåa. Håkon snudde seg frå dem og gjekk inn. Dei kom luskande etter.

Ellida-guten og mor hans hadde vore på Stavsund heilt sia *den gongen* –

Håkon snakka til Ellida før han reiste ut på sjøen, og fortalde kva han hadde hørt om gutungane deira.

– Eg hører det der ja, sa ho. Han Johannes fortalde det.

Ho såg ikkje opp med ho sa det. Ho var ventelig så for glad i denne gutfarken

sin. Jaså, tenkte Håkon. Har 'n Johannes alt fortalt henne det?

Han fekk henne ikkje til å sjå opp før han hadde stått og set på henne ei god stund; ho møtte auga hans som snarast, vart eit grand raudlett, og bøyde seg over arbeide sitt. Slik var det gjernast når dei var toeina ei blink.

[18] Det var like stilt i kring dem kvar gong dei stod slik. Han syntes ho hadde venta på han heile tida, ein seks-sju lange år. Dei hadde venta det bae to, at ein gong måtte nokon ting skje eller bli sagt, det kunde ikkje ansles gå. Ho var visst villig til å vente på han all sin dag, liksom det var det einaste ho var til for. I kveld kom det for han at ho skulde ikkje vente stort lenger, kvifor skulde han gjera seg til dyrplagar? – og så hadde han kjent kjølda av den gamle einsemda, dette frå før, frå *den tida*, det var her i kring han da han stod og såg på Hallvard. Så du er seld no Ellida, sa han med seg sjøl, vent ein dag eller to. Her hadde ho gått som husmor og som taus i alle dei dagar og år.

Ellida gjekk ut, det var visst ei gryte ho fór med. Han stod att og smilte etter henne. Han såg henne bedre no ho var borte, så ung og rak, med det store svarte håre. Ho visste folk såg ned på henne for denne gutungen, derfor bar ho hovudet så høgt og såg så fritt på ein; auga var gråbrune, og dei var milde og trufaste så dei rørte ved ein, dei gjorde andlete vakkert, dei gjorde henne til mor og til unge dumme gjentungen. Ja ja ja, Ellida!

Ho kom ikkje inn att. Og no måtte han ha seg ned til sjøen, elles rodde vel Johannes ut åleine. Utom døra møtte han mor si, ho kom frå sommarfjøse, og gutungane var med og bar spanna for henne; så snilde var dei i kveld.

[19] Ho såg på Håkon og undra seg, kva var det som vanta no tru, han såg ut som han var skambiten, gut-trasen?

Ho undrast på ymse ting med ho vaska opp mjølkekjørela og seinare utover kvelden. Ho undrast enda på om Håkon kom i hug at han hadde sendt kona si på straff. Kunde ein arming som han vera så lykkelig som han var lystig til?

Dei hadde gjort han til ein storing etter den tida. Ja da, *den* vart vår han, og *den* vart vår han, dei tykte vondt om han, og dei heldt med han, Periander hadde gjerne gitt han dotter si, gullbarne sitt, jøss ja kar. Og enda tykte dei Ragnhild òg hadde gjort det som rett var, kunde ikkje anna synast nei; men lel så heldt dei med Håkon da han jaga henne.

Og rett og bra nok var det, Tale kunde ikkje seie anna, ho som var mor hans.

Elles var ein vel på rettaste vegen når ein ikkje undra seg over nokon ting. Slik det ventelig var meininga ovanfrå; og den meininga var god.

\*

Det var hilderstilla enno da dei rodde ut. Lea og Morten rodde straks føre dem. Lea tok i hardt, det var ikkje meininga hennes dei to gutungane skulde få ro framom henne, – to halvbrør kunde ikkje bli meir enn *ein* bror, etter hennes rekning. Dei skjønna henne og tok det tålig. Der kom båt og annan ut frå dei andre vågane òg. På andre sida fjorden sågs ein skog <sup>[20]</sup> med master, notbruk og saltarfarty låg der og venta på silda. Gjorde ho innsig så vart det ålvor, ho hadde synt seg reint ofselig utpå fjorden eit par gonger. Lea fortalde ho hadde set sild så ho gret, eine natta.

Skyene hadde sige samem, utan nokon ansa at dei rørte seg. Fuglen låg som ei bru ein staden, og der i nærheita såg dei til å få sette garnlenkene sine, eit høvelig stykke frå kvarandre.

Så låg dei og dreiv. Håkon og Johannes tagde no, dei god-tagde, tykte Håkon. Elles tenkte han på ymse ting, og det gjorde dei ventelig borti dei andre båtane òg. Best han sat måtte han undrast på kva Lea og Morten tala seg i millom, *dei* kunde da ikkje halde ut med å tie samem? Der med såg han mor si, ho kunde liksom aldri gi han fred. Nei nei, det var no så det; den eine er slik og den andre slik. Ho får beint halde meg for det ho vil, avgjorde han.

Det gråna i lufta over sjø og land. Trøyttent seig inn på ein, sømnen og blankstilla var eitt og det same, ein laut rette seg opp gong for gong, skulde ein ikkje duppe. Det eine etter det andre kom svevande for ein.

Da såg Håkon for seg kjæresten til Johannes, Borgny Henningstad. Ho såg beint på han; så gleid ho bort, men så var ho der att. Auga hennes var litt for store og låg litt for langt frå einannan, men dei var fulle av liv og moro, og dei var kloke, dei sa at dei visste alt det han visste <sup>[21]</sup> og mykje meir, han skulde berre ha *visst!* men dei var gode like vel. Ein fekk kalle det slik. Elles: ei jente burde ikkje ha så brei panne, og ikkje vera fullt så klok, da likte ikkje han henne. Nei, da var Ellida eit menneske å halde seg til.

Billete dimdest og vart borte.

Men eg er glad, tenkte han, at det går i lås med henne og Johannes, enda så

ovmodig ho er. Ho kjem til å styre han og skape han til, det er gjerne derfor han ikkje er så blindhuga på å gifte seg? Ja men ein gullfisk er ho, morsarven hennes er stor, og farsarven blir ti gonger større gud – veit om vi ikkje har bygd oss til fant med dette mølnbruke! For stort, for stort, både det og saga, han tykte han såg det no først, – og kvifor vil Johannes aldri ut med kor mange pengar han har?

Johannes tok nokre tak med årane, strekte på lenka og song ein stubb.

Så sovna da ikkje han, tenkte Håkon. Ellida, sa han med seg sjøl. Ja. Ein kvelden da dei andre hadde lagt seg, møtte han henne i stua, ho kom og skulde gå på loftet. Døra til kammerse hans stod oppe, han vart kaldt forundra da han såg det. Dei kom frå kvar sin kant og møttes, og da la han armen over aksla hennes og stana henne. Da vart ho forandra i andlete, det var visst lite om å gjera at ho ikkje svimra. Det kom til han som ei lykke frå ei anna verd, at dette <sup>[22]</sup> var ulovlig gjerning, for han, det var *synd*. Just det var det han hadde stunda i mot, han vilde rømme og glømme, – det var år og dag no sia den stunda. Men enno var ho like levande. Ja, og da ropa Hallvard frå loftet, han vilde ha vatn.

Den stunda kom ikkje att. Ho hadde ikkje komme enno nei. Lat henne vera i vente.

Karane var åt og duppa tak for tak. Timane gjekk.

Da kjølte det vestanfrå. Ikkje lenge etter var vestavinden der, og han var tålig frisk, og da dei såg opp, vart dei vår at skya låg i sige innover, ei veldig tyngd med grå sky. Det vart å sette seg i årane og strekke på lenka. Sia friskna han meir og meir, han vilde visst kjøre dem ned på oddane i le. Nokre regndropar kom og snerde om andlete, så la vinden ein ny tott i makta si.

– Han er for ung, sa Johannes, han ryk i for kvast.

– Han folkar seg vel til, når han ser kven han har for seg, trudde Håkon.

Litt etter såg Johannes i kring seg og sa:

– Vi tek opp garna og karar oss i land, så steiker vi dei sildene vi har fått.

Ikkje før var det sagt, så kom silda. Dei visste ikkje for vel om dei såg henne eller drømte henne, men ho var der så det brunte og det blinka i sjøen, så det braut kring båten, og dubla på garnlenka sokk som stein, ein kunde tru båten <sup>[23]</sup> fór etter. Kva som jaga henne kunde dei ikkje sjå eller skjønna, det var einkvart utrivelig.

– Berre ho ikkje kjem inn i båten til oss, lo Johannes.

– Ja vår deg du som er redd, svara Håkon.

Johannes tok til og hala i lenka. Ho stod som ein ovdiger sølvstokk nedgjenom sjøen. Ikkje to mann, ikkje ti kunde ha drege henne opp. Båten stod stygt på atterenden.

Johannes såg rådvill i kring seg. Vestavindsstormen frøste kvitt mot han, himmelen vart sopa rein, han renskar han med rokk, fór det gjenom dem. Håkon rodde på spreng. Da Johannes såg ut att, var ikkje silda å sjå. Han såg eit sølvkvitt berg som sokk i kav. Det var sildtyngda som tok med seg line utor garna, så snaue telnane vart att. Far vel med det, og no rauk sjøen. Rettno fyllte han båten for dem.

– Kapp av! sette Håkon i, og Johannes hadde alt kniven fram. Enno venta han ein augeblink. Det var så for mykje å miste. Da hendte to ting. I le for seg såg dei ein seglveng kom opp og rente i veg, tvert gjenom tjukkaste rokkgaren, og så var han borte. I same stunda hørte dei rop frå andre kanten, det kom med rokke og fór med det, men dei hadde hørt det var nøddrop.

Kniven gjorde sitt, og båten var fri. Dei fresta å ro etter rope, men stormen nekta det. Det ropa på nytt, nærare og tydeligare. Håkon kjente måle til Lea. – Ro på! song han ut, liksom det skulde hjelpe. No skymta dei kvelve, det fór som ein seglar austover, skaut opp og kom bort gong for gong, dei fann det att og kom seg borttil, og da såg dei ein folkskapning hang fast ved det.

Etter mykje bask var dei på sida av kvelve. Dei såg andlete til Lea så ukjennelig det var. Ho stirde på dem da dei berga henne inn, dei syntes det var døden som stirde på dem. Dei fekk båten halv av sjø og måtte ause på harde live. Det gjekk, så vidt det var.

– Men 'n Morten? ropa Johannes.

Ho rista på hovude, i svarte redsla: – I garna!

Dei såg det med dei kasta seg i årane: Morten hadde vorte med garnvasen da båten gjekk rundt, fanns ikkje von, dei la seg på årane og rodde for live. Skjæra og oddane ved austlande kom brytande i mot dem, slik såg det ut, kvite undergangen, men ein måtte klare å slenge seg sørover og komma seg i le!

– Men seglaren? skreik Johannes, og Håkon var alt i veg med å seie det same.

Dei måtte sjå etter han. Ein om senn reiste dei seg i båten og såg, og Lea auste.

– Der! kom det frå Johannes.

Og så bar det i veg unda vinden, med bakskotten føre, beint ned mot grunnbrotte og dauen, der var ei von om at dei nådde kvelve før brotte tok det. Dei gjorde det òg, kom seg på sida av det og berga inn ein mann og gutungen hans – sjøen var så grov at dei visste mest ikkje til seg <sup>[25]</sup> med det stod på, visste ikkje korles det hadde gått for seg. Og no fór dei med rokk og sjø beint på Storsteinvika, styggaste hole som finns på dei kantane, fanns ikkje bergings von. Dei hadde <sup>[3]</sup> år-par i sekstringen, og dei 3 karane rodde det dei vann, men kva monna det?

Ingen ting nei, det bar att-å-bak, og rettno vaka ikkje båten lenger, same kor rasande Lea auste. Johannes såg over aksla og fram til Håkon, dei såg einannan som snarast, det var halvt som eit skrik og halvt som ein lått, at dette her det – –

Men rodde gjorde dei, og verre vart ikkje vøre, for det kunde det ikkje bli, og flaut gjorde dei. Dei drygde da ut levetida ikkje så lite på denne måten. Håkon kom i hug eitt og anna frå levetida si, ein gong såg han Periander, som heldt han for ein mann og spådde framtid for han, straks etter såg han Hallvard, alt i hop var langt unda, det var i *land*!

Da såg dei det på skjæra at dei seig ikkje unda, dei andøvde han! Alle tre såg dei det og la ny makt i roren. Dei rodde lenge etter at dei kjente kreftene hadde fare, lenge etter at helsa fór. Dei sleit seg frå dauen og nærma seg live att. Håkon og Johannes såg på einannan enno ein gong: Er du der?

Så var dei rett vest for synste odden og tok siste sprengtake, sleit seg inn på vika og til lands. Lea seig i hop i bakskotten og såg død ut.

<sup>[26]</sup> Håkon og Johannes stirde på einannan, da dei visste seg berga, ei lita blink berre, og sia såg dei kvar sin veg. Dei hadde vore så nær einannan med det stod på, dei visste no først kva det vil seie å vera brør.

Lea var ikkje kleinare enn at ho kom seg i hus med eiga hjelp. Håkon merka noko over veikryggen da han skulde til å gå, han vart tvert ståande ei lita stund. Så gjekk det over.

Komma over fjorden og heim var ikkje å tenke på for det første. Folk måtte

vel skjønna det, og vente med tålmod. Håkon fresta å telefonere, men det var ein lang og lei omveg, og stormen regjorde så ein vart ikkje skikkelig hørt på nærmaste sentralen.

\*

Tale låg og hørte på stormen. Han skræmte henne slik sist på, at ho bad til Vårherre, om *han* kunde gjera noko no. Men kanskje det var på desse stakarane som var på sjøen at han var så vreid? Vêre vart verre og verre, stua rista som ein forfrosen hund. – Dette ligg eg ikkje og hører på lenger, mumla ho; ho stod opp og klædde på seg.

Ho tykte ho hørte nokon som gjekk nede i stua?

Det var Ellida. Og var Tale bleik, så var Ellida kvit. Ho stirde på Tale med tårane nedetter andlete og hadde glømt både blygsel og skam. Tale måtte sjå meir enn ho vilde sjå: Korles <sup>[27]</sup> i Jesu namn stod det til med saltinga når ho tok slik på veg? Nei, trøsta ho seg, så gale var det ikkje, men det kunde bli det. Ja ho kjente på heile seg at slik kom det til å gå, ulykka stod bakom nova, syntes ho. Skal eg oppleva det òg, tenkte ho, at han Håkon forgrip seg på tausa si? Ja eg *spør*, eg. Ho spurte ikkje mildt. Og svare var ikkje mildare, ho hadde gått og krype i hop for det lenge: Det blir du, Tale, som lyt finne berginga. Denne gongen får du ikkje bli for veik. Eg? sa ho. – Eg? Ho Tale? – Ja kven annan? sa det. Nei det var ikkje stormen som sa det, han sa ingen ting lenger, han berre bråka og rasa, det var ei god og mild røst, så mild og så utan miskunn.

Det var det ja, at no burde ho Ragnhild, kona på garen, vera heime snart. For elles kom her til å skje det som gale var, som ikkje måtte få skje. No var det 2 år sia Ragnhild slapp ut, og der fanns ikkje von om at ho kom heim minders dei brukte makt mot henne. Kor blind Håkon var, det var for mørk ein ting å tenke på. Og sjølve ålvore, det at ho var borte her i frå, det var heller ikkje til å tenke på. Men tenkte *ingen* på 'n Hallvard?

Og kven kunde tenke i slikt vêr? Tale syntes stormen bøyde henne nedåt golve, ho vart til ingen ting. Ho såg gløtten av fjorden i morgonlysinga, rokkgarane gjekk som regnelingar, ho såg ville himmelen over fjella, der skyflokane rente <sup>[28]</sup> i veg, han svor vondt mot henne. Nokon nåde var ikkje å vente nei. Men kom Håkon heim med live, ja Johannes òg, da *bøyde* ho seg.

Da tok ho staven og gjekk. Uverdigg og udugeleg, det vart ikkje hennes sak, ho

var vist i veg. Om det så var for Ellida si skyld så var det sælebot at Ragnhild kom heim. Så nymotens og gudlaus var ho vel ikkje, at ho trudde der vart lykke her i garen utan Ragnhild kom heim? Nei, men ho var så livsalig dum: ho var så farlig snild.

Ja visst gret ho no, såltinge, det gjorde nokon kvar, visst ein åtte tårar av det slage. Og best det var sa ho beint mot andlete til Tale:

– Kjem dei ikkje att, da spring eg på sjøen!

– Å nei da, sa Tale.

Gjenta vakna til ved dei orda og vart ståande stums rådlaus. Tale vart glad berre for det, for så lenge der er skam er der von. Ho sa det før ho sansa seg:

– Lat meg ta på meg krossen min, sa bispen. Når er det dampen skal vera her, etter ny-ruta?

Ellida visste ikkje det, ho visste mindre enn ingenting for det første. Så glad kunde ein vel bli i Håkon ja; om det var aldri så stor synda å bli det. Stormen sleit lauve av trea og strødde all vollen bortetter. Rettno tok han vel trea òg.

– Vi lyt lova einkvart, sa Tale. Så kjem nok karane att.

[29] – Trur De dei kjem da?

– Ja eg gir meg ikkje. Dei er ikkje så snardrepne. Dei har enno kvar sitt å gjera, – Håkon han skal ta heim kona si, veit du. Vi lyt lova å gjera det rettaste vi veit, vi to òg.

Ellida såg tomt på henne, og snudde seg og gjekk.

– All ting blir så lite vakkert når *eg* seier det, sukka Tale. Åja san, vona er sterk, men sterkare er den som ikkje treng henne. Men det var no ikkje eg det, gu' bedre.

Vinden logna seg litt med kvart, og så gav han seg heilt over, mest som han ikkje kom i hug lenger kva han bles for. Ja ja, så fekk det vera vel blåse da, tykte Tale òg. Fjordfarande vêr snart, ein kaffekopp eller to no, så kunde ein til å sjå ut etter karane. Tale rusta seg til sommarfjose, og da ho stod på gonga dit, såg ho der kom ein båt over fjorden. Ho gjekk opp på haugen, og der var alt Ellida. Dei såg det snart, og Tale sa det: – Det er vår båt. Ja, men der var tre menneske i han?

Tre var eit stygt tal. Som ein nåkross utfor døra, eller einkvart anna ilt.

Tale gjekk ned til spanna sine og rusla åt sommarfjøre. Ein får tidsnok høre det som gale er, pla folk seie. Når dei ikkje veit noko å seie, da *seier* dei gjerne einkvart, gu' signe dem alle i hop! – Og eg, som ikkje torde snakke ut med Ellida! klaga ho seg.

[30] Da Ellida kjente Håkon og Johannes i båten, såg ho ikkje etter meir, ho sprang inn og gjorde i stand mat og kaffe til dem, ho leita fram det likaste ho hadde. Straks etter ringte det i telefonen. Det var Borgny, ho vilde høre om karane hadde komme seg velberga på land. – Her kjem ein båt over fjorden no, svara Ellida. Ho angra seg med det same, og sa at ho kjente dem baa to, Borgny kunde vera trygg.

\*

Karane sat ved borde enno da Tale kom frå sommarfjøre. – Dei fekk vera velkomne. – Ja takk, men det var dei ikkje, svara Johannes. Da ho hadde hørt korles det var, stod ho still eit tak og tenkte på ymse ting. Ho undrast enda på korles det såg ut for Lea no. Men så retta ho på seg og snudde seg til Hallvard.

– No har du fått att 'n far din, sa ho. Ja. No er du i alle fall ikkje *farlaus*.

Ho såg på Håkon med det same. Ho trudde han skjønna henne. Der sveiv noko over brunene og augelokka på han, det var ikkje berre trøyttent som tok etter han. Armod's mann! der sat han og såg på morlausingen sin. Armod's dumheita! han såg bort på Ellida, liksom hjelpa skulde vera å finne der.

Tale hadde alt teke avgjerda: Ho vilde fara sørover til Ragnhild og få henne hit. Om eg så må grimeleie henne, tenkte ho. Om eg så lyt slå ut veggen her for å få henne inn. Det var [31] alt avgjort i gårkveld, da ho hørte om korles gutungane fór, men det var no først ho rettelig visste det. No er du på ferda, sa det i henne. I kveld klokka seks fer du, så sant det er fredagen i dag. Dei andre her trong ikkje vita om det. Så fann dei ut det sjøl, når tida kom. Det var merkelig kor bronkitten hadde gitt seg i det siste. Og føtene var utrulig brukbare no ei tid. Der finns ei meining i alt.

Ho gjekk inn til seg sjøl, og tok fram siste brevlappen frå Ragnhild; vilde sjå om ho mintes namne på stasjonen, der breve var postlagt. Jau da, ho mintes rett. Ho hadde spurt seg for før: det var berre nokre få mil frå hovudstaden.

Breve la ho opp på hylla, til dei andre ho hadde fått frå Ragnhild. Dei kunde

ligge der. Ho hadde merka seg at einkvan såg i dem somtid. Ho *vona* det var Håkon. For brydde han seg ikkje om breva hennes heller, da var tråden det hang i, tynnare enn tynn.

Ja ja, no måtte ho få helsa og lykka da, til å nå fram og til å få Ragnhild med seg. Det måtte vel gå, det som var rett og godt? Veggen ja, han var visst ubergelig lang. – Og eg ut i verda! lo ho. Ho Tale? Eg trur det ikkje før eg ser det. Og kva vil folk seie? Dei flirer, Tale, dei gjer ikkje noko verre; dei har gjort så før. Legg i veg du! Pøre ditt tek du i skinnveska etter salig mannen din, den i eine handa, stasparaplyen i den andre, resten av dyrverdigheita bergar du <sup>[32]</sup> med deg i lomma, i storlomma på kåpa di, det går, skal du sjå. La gå landtauge!

Tak for tak utover dagen vart ho mjo i knea. Ferda var no ein ting, avferda heimafrå var ein annan, og den var verst. Men ho visste ho let seg ikkje stogge. No hadde gutane her bygd denna brygga, så dum ho var, rettelig eit Didrik-verk, men trur de ikkje ho var for einkvart godt? Dampbåten legg til, og så kjem ho Tale i siste lita skjenande og trippar om bord. Håkon får knapt tid til å spørre kor ho skal. Ho måtte vel ha lov til å gjera seg ei lita byferd? Skillingane hadde ho sjøleigande, Herren skje pris for dem!

Men herregud kor mykje der heng i ein tråd somtid. Og stakars den som må sjå det.

Ho heldt til på lofte, ho hadde ymse der å gjera, og vilde helst vera åleine. Ho syntes Even var i nærheita. Det var her han døde. Han la seg til å døy her, da han skjønta at Ragnhild hadde kakka i hel 'n Didrik. Ingen hadde fortalt han sanninga, han hadde set henne. – Ja vel, Even, vi lyt sjå eitt og anna – lat oss takke for alt vi slepp å sjå.

Håkon kunde tru ho skulde til byen og sjå om minstebarne sitt, han Arn. Men det bar så til, at da ho var om bord, og Håkon kom og undrast på kor ho tenkte seg, da let ho han vita det slik det var. Ho stod og såg på han, og så sa ho: – Bli ikkje forfæld, om det dreg ut før eg kjem att. Eg har eit erend ut i verda.

<sup>[33]</sup> Og så la ho til, at den og den hadde ho tinga til å stelle fjøse med ho var borte, – han fekk leva så vel da, til så lenge!

– Takk, mumla han, men han torde ikkje rettelig sjå på henne, og der med måtte han hoppe i land på brygga, for båten la i frå. Der stod han og såg etter henne.

Håkon tok postsekken og gjekk. Han blistra så smått, for han var ikkje i tvil om kor mora etla seg eller kva ho fór etter. Han møtte Johannes, som nett var kommen over sunde, han hadde vore i veg og leita etter Morten, etter båten og garna. Han rista på hovude, dei hadde ingen ting funne nei. Og Lea, jau takk, ho hadde det tålig. Så spurte han om kor mor deira tok vegen, tenkte ho seg til byen? – Ho skulde dit ein sving ja, Håkon gjeispa nattvakande og vilde til å gå. Men best det er vaknar han til og ser broren i auga:

– Nei, eg skal fortele deg det som det er.

Ho skulde sørover og hente heim kjerringa mi. Ho Ragnhild. Slik er no det, litlebror.

– Ja kvifor ikkje? Johannes ser sterkt og lystig på han.

– Ho gjer meg gjerne den gleda ja.

Ja kvifor ikkje? seier eg. Eg har tenkt ofte på henne eg.

– Det er jamenn meir enn eg har gjort. Håkon lo tørt og kaldt.

[34] – Så da? Da er du unaturlig, det seier eg deg. Vi kan da ikkje halde på og fordømme henne heile live langt?

– Fordømme henne? sette Håkon i. Har *eg* fordømt henne? Eg har ikkje ein gong skilt meg frå henne, lat oss ikkje stå her lenger og tullsnakke.

Han vilde til å gå, men tversnudde seg mot broren att, og da var han stiv i andlete. Det kom i små støn frå han, lågt og grovmælt:

– Når ho har slege i hel eit menneske? Min eigen far? He? Er du ikkje frisk du? Så snakka han halvt meg seg sjøl: – Skal eg aldri bli fri dette her? Slepp eg aldri ut? Eg har tenkt og eg har tenkt – –

Han stod og tagde eit tak, men vann seg til att.

– Nei tenkt har eg ikkje gjort, sa han, eg drømte no. Eg *kan* ikkje tenke på henne, for det er umulig, slikt gjer vi ikkje. For det som er hendt, det er hendt, *ho har gjort det!* Ansles er eg ikkje nei, eg er eit landsens menneske, eit bygdemenneske, lat meg vera den eg er.

Johannes ser på broren og smiler ålvorsamt. Ein kan ikkje verje seg mot han, slik såg han på ein midt i uvêrsnatta og dauen; Håkon frestar å kaldflire.

– Eg skjønner deg, seier Johannes.

– Gud veit no det, mumlar Håkon. Han ser han i auga att og smått ler: – Du må da ikkje bli så redd meg, eg er da eit menneske i verda <sup>[35]</sup> eg òg. Men det var det: Kva skal vi seie til folk som spør etter a mor? Får dei ikkje full greie på kor ho er –

– da får dei vondt ja, du har rett i det.

– Vi vågar helsa deira.

– Ja skit la gå!

Dei kjekla om einkvart anna, og skildest oppved stueveggen. Håkon tok til og plystra att, og det same gjorde han da han sorterte posten. Siste lakspengane kom først i dag. Det var godt for ein liten bror at han slapp å sjå dem: sju raude tavler! det var halvvore nifst. Og like nifst var det, at banken stod og gapa og måtte ha dem. Ja vel, beint i rentekjeften med dem, verre svoltning blir ein ikkje utsett for. – Vi bygde for dyrt, Johannes bror min, dette kvennslotte vårt kjem utover oss snart. Den eine av oss narra den andre; vi gjorde det til gagns.

Lea ja, henne vart det alltid ei råd for. Når ein fekk tenke seg om.

Og aldri fekk ho mor med seg Ragnhild hit. Så gale kunde det ikkje gå. Ragnhild var ikkje den; da hadde ho vore her for lenge sia. Ikkje ei brevline frå henne, ikkje eit spørsmål etter han, nei ikkje etter Hallvard ein gong, hennes eige barn, i dei få brevlappane mora hadde frå henne den første tida. Sia ja, da hadde vel ho mor fortalt, og da stod der eitt og anna orde, mest som dei kom utor tankeløysa eller sømnen. Der hørtas ei von om at han tok Ellida, så fekk Hallvard <sup>[36]</sup> ei mor, han som andre born. Ein kunde kjenne på seg at ho hadde flytta ut or verda. Ja kva anna skulde ho gjera? Der fanns ikkje anna å gjera. Fanns ikkje.

Tukthuse den og den dato, stod der øvst på papire. Og der i frå fortalde ho eitt og anna, stutt og greit, – han kunde sjå det for seg tålig vel korles der såg ut: slik det, og slik det. Så forseggjort og finstelt liksom vi skulde vera meir enn anna folk, vi som bur her, stod der i eitt av breva, liksom vi er her og skal ha løn for noko storveges vi har utretta. Og arbeide får vi lov til, for helsa si skyld.

Så fortalde ho små stubbar om dei andre, losjikammeratane mine, som ho kalla dem. Ei av dem synte ho fram så levande, ein kunde tru ein hadde kjent henne all sin dag. Det var ei gudfryktig skjebbe, ei som dei laut stige til sides for. Kvart åttedagsmot stelte ho seg fram for Gud Herren sjøl. Ho var ein stor syndar, det tilstod ho for han og all verda, og eit stort feilsteg hadde ho komme i skade

for, ho var den uverdigaste på jorda, men så var der heller ikkje nokon ein som angra synda si slik som ho gjorde det. Og Vårherre var einig med henne, kunde dei forstå. Men kvar einaste veka måtte ho fram og friske det opp att. Ragnhild sa det ikkje, ein vart nøydd til å seie det sjøl: Rettferdig folk er fåe i verda, og det kan vi ikkje fulltakke ska paren for.

[37] Han såg mange av dem ho var i lag med, og mangt dei hadde for seg. Men henne sjøl såg han ikkje. Der fannst mest ikkje orde om henne, om det ho tenkte eller trudde på. Ho var ikkje til.

7 år skulde ho sitte der. Folk tykte det var for mykje til mild dom. For henne kunde det visst like godt ha vore 7 gonger 7. Men da nokre år var gått, hadde folk vorte milde. Dei søkte om nåde for henne. Enno var det som dei rente kniven i han når han kom i hug det. Så fekk ho nåde og slapp ut. Da skreiv ho det breve som der stod mest i, så stutt det var.

I tukthuse vart ho borte millom dei andre forbrytarane, ho slapp å vera menneske. Og arbeide tok tankane og dei ting i frå ein; og ungprensten bala med synda. Ein var fri. No skulde ho hivast ut i verda att, dei dømte henne til å bli Ragnhild på nytt. Til å stå midt i mot anna folk. Og midt i mot seg sjøl. Straffa er evig, det hadde presten rett i, om det var tomt snakk alt det andre han fór med. Men sannast av alt var det han sa om synda ein gong, at i mot den er ikkje Gud allmektig, der må vi hjelpe han. Ho for sin del vona ikkje ho fekk hjelpe han. Med dei orda tverslutta ho breve.

No var ho budeie på ein gar der sør, hadde vore der i to år. Der i frå skreiv ho eit brev om åre, at ho hadde det bra, og at ho skjønna Tale som trivdest i lag med dyra. – Men om det så [38] er dyra så kan dei sjå dumme ut somtid, stod der i siste breve. – Eg går her og er eit fritt menneske i eit fritt fedreland, stod der til slut, eit fedrelandsmenneske med kost og full løn.

Ho kom aldri hit meir. Nei. Det var synd berre å tenke på det. Og ho mor, stakar, som sette i veg sørgjenom lande med bronkitten sin og dei arme føtene. Han kjente ho kunde ikkje anna gjera, om ho så visste ho sette live til. Men du døyr no ikkje kvar gong folk vonar det, pla ho seie. – Ikkje ein gong hoss dei argaste vennene mine har eg funne så stor ei tru, sa ho ein dagen her.

Slikt sa ho.

– I mot synda er ikkje Gud allmektig, sa den andre.

Han undrast om folk såg det så djupt som dei sa det. Var der mange som stod slik og stirde ned i uvissa? Han hadde visst gjort det han òg, før. – Utrivelig! sa han. Det hører ikkje menneske til. Eg vil leva eg, det er da ikkje så lite det heller?

Morten ja, han døde. Han men ikkje Lea. Slik var no det.

Der gjekk Johannes opp troppa. Han gjekk visst ikkje og mintes at han slapp frå dauen for nokre timar sia, langt mindre at han spurte kva det skulde vera godt for. Nei, det som er slik, det er slik, for *han*, og uvêre er godt for di det er til. Der er dagar til å leva, og der er dagar til <sup>[39]</sup> å døy. Slikt visste han så det vermtte gjennom andre òg. Der gjekk han med garntape sitt.

Sjøen smilte under sola tak og anna; så gråna han til att. Så bevra lyse i småbåra all veg utetter. I dag som ein annan dag ja.

Håkon møtte Ellida da han gjekk over tune. Ho var så nær han, med auga og heile seg, at han var på og skulde stane. Så nær han ja, ho var hans, og enda var det så langt over til henne?

Litt etter kom Hallvard med fartye sitt, galeasen som Johannes hadde gjort åt han. Han òg såg opp som snarast, kom så truverdig nær. Der var ein liten skygg blunk i auga hans, liksom dei ikkje tålte ein såg for hardt mot dem, men elles var dei opne så ein kjente dem på seg lenge etter. I dag som ein annan dag.

All ting var som ein annan dag, berre ein tenkte seg om aldri så lite grand.

– Og i dag er det fredagen, sa han. I morgokveld får *eg* sjå til Lea. Med det same eg går vestover, – det er da eg skal av og sitte til råds med Periander. – Å ja, du treng no ikkje smile åt Periander, tilstod han. For det om han sett deg litt for høgt millom dei andre. Det var i alle fall ei tid du trong det.

## II

<sup>[40]</sup> Smågutane sette Håkon over sunde om laurdagen; den eine var meir tenestvillig enn den andre. Det var dei for resten støtt, når han ansa på dem og bad dem om einkvart. Han kjente ikkje desse småskapningane, og det var synd av han. – Det får bli ansles det her, kar, smilte han til seg sjøl, djupt nedifrå ålvore.

Johannes var ute på sokning i lag med dei to eldste gutane etter Morten, dei trudde dei skulde få tak i garna om ikkje anna. Det var ei von det òg.

Ja og så kunde ein vone på godvêr no eit tak. Små kvitskyer stod høgt på himmelen, hadde stått der i heile dag, stod visst og vitna om at dette vêre burde ein lite på. Og der låg fjorden, han var så grå og godslig han kunde bli, sola skjein på han flakomtil, og på oddane og skjæra med det same. Truverdig og godt, kor ein såg. Som du skulde ha skapt det sjøl.

I Fagernes dreiv Karl Albert og arbeidde i hagen. Han hadde vorte eit nytt menneske etter han kom hit, rettelig ein arbeidsmann. Mest som <sup>[41]</sup> han nyskaptas da far kom vekk, ranns det for Håkon. Slikt veit vi ikkje, og godt er det. Kanskje det berre var det at han heldt på og *åtte* eit grand no?

Håkon stødde seg på hagegaren og smått lo:

– Du har vorte reint jordisk du, meiner eg?

Skjemtegauken Karl Albert iddest ikkje høre på gapsnakk, det var slutt med det.

–Vaksen kar ja! sukka Håkon, han tok til huva og gjekk. Vakse og vettugt folk er slike dei, visste han. Eg minns da vel det eg? Det var eit *grå-slit*, den tida.

Morten og Lea hadde kjøpt seg eit lite rom millom haugane lenger nord. Oterhole heitte det frå før, og eit hol var det, både nordvendt og skuggelendt, men Lea hadde døypt det *Solstrand*, – fattigare er vi da ikkje, let ho. Så heitte det ikkje Vonlausheimen, kunde ho ha sagt.

Og der låg det, romme deira, og sol var der, over haugane i kring og over halve gjorde, ja om det så var stueglase så åtte det da sol, det stod greinlig og gav bort sol. Ein levande heim alt, Håkon stod litt og såg på han, tykte mest han burde minnast Morten òg, han rodde ut her i frå den kvelden. Men det var Lea ein laut tenke på no, – og kva kan ein som eg seie til *henne*? fór det i han.

\*

Lea var som elles, det var det første han såg. Sia gjekk det opp for han at han hadde aldri <sup>[42]</sup> set på henne, han hadde berre hørt henne. Så ungt var andlete hennes, og vakkert; så ope snudde det seg mot ein, og enda var auga så blyge. Det og det har ho gått i gjenom, sjå det kven som vil, eg er Lea den same. Håkon varde seg mot det så godt han var mann for, ja han var mest ingen mann her han sat og såg det. – Dette er da berre ei ungmøy, tenkte han, ho var utsliti kjerring før ho vart kvinne. Og mangt anna er ho vel, det er så flokut med folk når ein har

dem for nær seg. Munnen hennes såg ikkje ut som han skulde ha sagt eitt stygt ord.

Alt dette og meir til såg han med ho snakka. Der var ein til i stua, og det var Kasper Kiran, spiritisten dei kalla, men for Lea var det slikt slag, ho sa det som fór henne i tankane.

– Ja her ser du meg, Håkon, sa ho da han hadde helsa. Her går eg og står eg, eg veit ikkje skam. Eg må vel takke deg for du berga meg. For denne liv-stubben du gav meg.

Og så kjem de her og ser til meg, den eine etter den andre – du drikk kanskje ein kopp kaffe hoss meg du òg, Håkon?

Ho gjekk og stelte med kaffen og litt av kvart, og Håkon og den andre vart to-eina. – Kva skal *han* her? stakk det Håkon med det same han såg han. Den der likramnen? Kom så i hug han var av folke til Morten, og elles eit menneske jamgodt med andre. Dei sa eitt og anna, og Håkon undrast om Kasper Kiran var fødd med sølvkvitt <sup>[43]</sup> hår, han var da berre ungdommen? Var det sant, tru, at han snakka med kona si som var død? Og kunde denne panna vera ekte, som var så høg?

Lea var inne ein gong, og ein gong til, og enda tagde ho. Håkon vona ho hadde tala frå seg det verste, det var somt han skulde ha snakka med henne om. Da sa ho til han:

– De er vel redd eg kjem på kassa dykkar no? Nei, born, så glad i live er eg no ikkje heller.

Ho sat still bortved veggen eit tak med dei to karane drakk kaffen. Best det var sa ho:

– Eg er så lei meg, eg kunde *sjølmorde* meg! Men straks etter lo ho litt og la til: – Ja nei no lyg eg, for så kisteglad er eg no ikkje heller, men eg har det så vondt som eg har fortent det. For eg sa det med 'n Morten den natta, eg spotta Gud og sa det beint ut, da våre heldt på og skapte seg til: – Kva er det Vårherre lurar på no? sa eg, han er vel ikkje til freds før han har bløytt oss, sa eg. Og da det rauk opp, da eg skulde til å bli redd: da trøsta eg meg med, at eg veit no *to* stader der det er bedre enn på jorda, og den eine staden er himmerike. Straks etter var det hendt med oss.

Eg skjønna det for lenge sia at det måtte gå gale. For eg levde så glad og

fornøgd, eg tilgav kallkroken at han var til. Eg tilgav han jamvel at eg toska i veg og gifta meg med han. Vi levde her som to andre menneske, dagandes dag.

[44] Dykk andre hadde vi ikkje noko hop-hav med, de hang på ein spikar høgare opp, som rett var, største skarvane skal høgast henge. Ja ja, no er det som det er, i alle fall.

Håkon såg bort på Kasper Kiran. I andlete hans kom der eit drag somtid, han tålte visst lite nok av snakke hennes Lea. Håkon kom i hug, at før var han òg så hudlaus han rykte til for eit ope sår eller eit ærlig ord. No kunde det i høgda gjera han lystig. Det vart han da Lea sa:

- Ho mor di har reist sørover, hører eg.
- Ja no fer ho avstad så det susar i skjørta, svara han.
- Men du veit ho kjem att, Håkon. Berre vent, skal du få sjå.
- Ja *eg* ventar.

– Du ser meg ikkje slik ut. Huff nei, det er nok eg som ventar! Ho strauk seg med båe hendene over andlete, fór så opp og bort til glase, og opna det og stod og stirde ut: – For dei er ute og soknar etter han, eg ser dem enno. Å nei, vera nådig mot meg! klaga ho seg, lat dem ikkje finne han. Nei for det hjelper ingen ting, hører de, *han* er for dommaren sin like vel no!

Ho snudde seg til dem og bad stilt for seg: De må ikkje rømme frå meg for det om eg snakkar slik. Her etter skal det bli slut med det, eg skal aldri seie det eg meiner – eg skal aldri meine noko som er stygt. Eg hører kor gudsenglane slær vengene for andlete og skjemmest over meg – eg *skal* ikkje vera Lea lenger! Du, Håkon, trur meg da vel?

Han la handa på aksla hennes og fekk henne til å sette seg. Da sat ho og stirde på han til ho gret. Ho bøyde seg framover og gret høgt. Så stirde ho på han att.

Det er jamenn godt, sa han til seg sjøl, at det ikkje er mange som har så ærlige auga. Eg skulde aldri ha gått hit.

– De tenker på Vårherre, de, sa ho, på trøst og råd og – ja men eg er redd heile overnaturligheita!

Kasper Kiran hadde sitte og skrive på borde med fingen og havt det vondt. Håkon undrast at ein havfiskar kunde sjå ut så fin og fortenkt. No såg han opp, liksom han hom i hug noko, og reiste seg og sa takk for kaffen; han såg frå Lea til

Håkon og smilte brydd. Auga hans var brune. Dei kom for ein som barneauga, men dei *hadde* set einkvart for mykje.

Han vilde til å seie noko, men Lea kom føre han.

– Kan ikkje du så pass, at du let meg få snakke to ord med 'n Morten? Du er no dauingplagaren den same du, veit du.

– Ja? sa Håkon òg. Tak etter svartkonsten din, kar, og syn fram!

Han glømte ikkje så snart korles Kasper Kiran såg på han: Ovan-or skya og ned på moldmenneske, med sorg til og med. Ja vel, Håkon <sup>[46]</sup> visste han var uverdigg til å legge seg borti åndelig tale, derfor lo han som den han var mot auga hans.

– Eg vil for resten ikkje vita eit *ord!* ropa Lea.

– Der sa du det for oss båe to, lo Håkon. – Og så er han vel dyr på hjelpa denne Meisteren din? – han snudde seg til Kasper Kiran att.

Kasper Kiran lo med på sitt vis.

– Berre ho mor di var heime att! sukka Lea. At ho Ragnhild var her, meiner eg. For henne kunde eg visst snakke med.

No kunde ho gjerne komma med sjølve teksten, tykte Håkon, eg skulde tåle han. Og det gjorde ho, da dei sa farvel utom døra.

– Før ho Ragnhild er heime, før blir det ikkje menneske av deg Håkon, sa ho. Eg har kalla deg ein halvbror, men det var stygt av meg. Men noko meir enn eit halvmenneske er du ikkje no for tida. Ja det seier eg beint det, Håkon, og korles blir det med denne gutsatan din, meiner du? Nei gråt ikkje over meg du, men gråt over deg sjøl og over borna dine. Og over 'n bror din, visst du er i nøda for sorg. Du er så for dum, ser du, og for snild og all ting slik. Og han bror din han narrar deg med seg, og sjøl veit kva han elles gjer. Du kjenner ingen du, og mo åleine er du. Ja eg seier det berre eg.

Håkon smilte. Han såg ein gong ut i vêre og ein gong på henne.

– Ja ja ja, Lea, sa han. Ålvors snakk, du skulde ta kua di og flytte heim til Stavsund ei tid. Til ho mor kjem att, om ikkje meir. No når borna dine er heimafrå kor som er.

Ho vart rar da han sa det, var nær på gråten i gjen, han frykta ho kom med stygge ting, for slik måtte ho få lov å løyne verjeløysa si.

– Det skulde du tenke på, sa Kasper Kiran.

– Ja sjøl veit om eg ikkje har tenkt på det òg, smilte ho, og da såg ho mest ut som eit anna menneske.

\*

Så gjekk dei vestover, dei to karane, dei hadde same veg eit langt stykke.

Sola var borte bakom skyene ute i nordvest. Ho gylte berre litt i kantane på somme av dem og synte kor still dei stod. Lyse i kring stod stilt det med, og likesom så nær dem. Alt som grønt var, vart enda grønnare, småskogen såg reint forundra ut, og lynge fann seg att med all slag uventa leter i kvardagshamen sin.

– Rart med eit ærlig menneske, sa Håkon.

– Jaha, stemte den andre i. Det har seg slik.

Lea ja, tenkte Håkon. Ja visst er ho ærlig. Ho lyg mest alt ho seier, så ærlig er ho. Ho ét seg tvert i gjennom sanninga og ut på andre sida:

Ho vil snakke *sant*!

– Nakne sjæla, mumla han. Skulde ikkje finnast på jorda.

Og vi går, sa han med seg sjøl. Særlig eg.

[48] Eg trur eg held på og går bort i frå mange ting? Og breiddmed deg går denne manaren, det måtte vera han som plaga Lea til å syne fram nøda si. Du veit ikkje kven han er nei, men det veit du, at ikkje han ein gong er skapt til religiøs ulevna. – Han går gjerne og les tankane mine no? fór det i Håkon, han skal kunne den konsten òg, attåt den andre ufysligheita. Lat han lesa, så blir han vis.

To som var meir ulike gjekk aldri i breidd. Men her går vi. Han og eg. Millom haugane her, over nakne myra, i slik ein vakker kveld.

– Fint vêr, sa Kasper Kiran.

– Gjerne for meg. Fint vêr ja, eg er redd eg seier farvel til det òg i kveld. Vêre? He! det får no rette seg etter oss det. Liksom alt det meir. Og om ein mister eit menneske? Ja du forstår meg? Ein skal vera menneske for det.

Den andre saktna i gonga og såg på Håkon, halvt lystig. Han vilde seie noko, men det vart berre til eit par bevingar over brunene og panna. Litt etter skildest dei, Kasper skulde ta ein snarveg der. Enno ein gong såg han slik på Håkon.

– Ja ja, sa Håkon, så seier eg deg farvel da. Han smilte som den andre.

Jau jau, san, der gjekk Kasper Kiran med åndegleda si. Og der sat Lea, på kanten av helvete, så å seie. Det var ikkje anna å gjera enn å gå beint i frå det. Men dermed snudde han ryggen til *mangt*.

[49] Han kunde ikkje verje seg, han måtte sjå det: at kvar ein hending og kvar ei stund har sitt å seie for ein. Somme må sjå at dei blir ført i veg, men det er det same. Kasper Kiran han vil sjå enda meir. Men kva kan han gjera for Lea, fortel meg det!

Best han gjekk, visste han at i kveld måtte han snakke ut med Periander, og det andlet mot andlet, slik ein ven snakkar med ein ven. Det var om Johannes han måtte i kast med han. Om pengehjelp, reint ut sagt, og dermed om ymse anna. Johannes kom seg aldri til det, han var for blygen til slikt, han var for *god* til det; så langt ansles enn dei trudde.

Jau, Håkon var mann for å gjera det i kveld. Men visste folk korles han gjekk og tulla og tenkte på denne brorgapen sin, da vart han heitande Storbror all sin dag. Men Johannes var Johannes, og hjelp trong han visst no, for det første. Med dei bygde mølnbruke, da hadde han flust med sedlar, men no var dei mest ikkje å sjå, og somtid såg han plaga ut. Så miste han garna sine òg.

Men no laut han velje eitt av to, for siste gongen. Enten tok han over mølnbruke, eller òg fekk han få garen og laksfiske. Kvar skal eiga sitt. Det var det han vilde seie til Periander, han laut punge ut for Johannes og la dem gifte seg no, – eller kan hende han vilde gi frå seg Henningstad til dem? Gjerne det, men syn deg [50] som den gubben du er, Periander, at du er ein verdig far til a Borgny, det skal ikkje lite til det. Han gjekk med ein ir i seg, sist på, at i kveld sa han eit ord for mykje. Det måtte ikkje hende, nei nei nei! her stod alt for mykje på spel til det. Periander var ein ven å *ha*. Så lenge han trudde på ein var det inga sak.

\*

Den første Håkon møtte på Henningstad, var Borgny. Dei gjekk seg på einannan i hagegrinda, ho kom og skulde bort i ei av stuene ein sving, til plassfolke. Det bars for han det var eit vakkert tegn. Og vakker var ho sjøl, berrhua og i fin grå kjole med litt lysare grå pynt på, og lite grand raud i kinna, ja og så livsens klårøygd ho kom! Ho kunde glede ein gladare ein enn han.

– Jamenn snildt av deg at eg fekk sjå deg no, sa han.

Litt meir raudlett vart ho, eit andedrag berre. Auga var like rolige, så vart dei eit grand mindre, og no smilte ho den vesle allvitande smilen sin. Borgny ja, med ringen frå Johannes på fingen sin, der stod ho og såg på ein. Munnen hennes var litt for liten, og auga litt for store, men kva nytta det, ein måtte gi seg; ein måtte enda tilstå at eit menneske kan vera både godt og klokt.

Han nemnte at Johannes var ventande etter. Sanninga var at Johannes svara ikkje på om han kom eller ei. – Og det var eg som gjorde dem <sup>[51]</sup> kjent med einannan, sa han til seg sjøl, eg har både gleda og andsvare.

– Han er ute på likfiske, sa han.

– Fy da! Korles er det du snakkar?

– Ja du kan så seie. Men eg kjem frå å Lea, og frå 'n Kasper Kiran, frå dauen og develen og heile åndeligdommen.

Ho såg på han og skjønna han, men ho var ikkje einig med han for det. Og det måtte ho vera, det var derfor det var slik hjelp i å møte henne, på lag som å møte Periander sjøl. – Men i kveld er no i kveld, og gud veit korles det blir her etter, stakk det i han.

Ho snakka om vøre dei var ute i. Det stod visst heitt om dei alle i hop den natta?

Han svara eitt eller anna, men med seg sjøl bad han gud signe Borgny, som hadde tenkt på dem. Armen hennes låg over hagestolpen, handa hang ned så smal ho var, med ringen frå Johannes, men den kom ho ikkje i hug no; – eg vilde bli ulykkelig visst ikkje Johannes fekk henne, måtte han vedgå.

Da kom ein av dei andre som skulde i Råde hoss Periander, og Borgny smilte og gjekk.

Nokre ord av Lea fór gjennom Håkon, da Borgny hadde snudd seg og gått: – Og han bror din han narrar deg med seg, *og sjøl veit kva han elles gjer*. Ja sjøl veit – det veit vi ikkje nei. Eg såg han i uvøre og langt inni dauen, og eg har set han etterpå, han er ein galning; eit godt og <sup>[52]</sup> andsvarslaust menneske. Han blir ein annan mann når han får henne, ja og pengane hennes. Vera uredd for *han*, alle sammen.

\*

Ei stund etter sat dei framfor auga til Periander. Dei òg var allvitande, men

på ein annan måte enn Borgny sine, ein kom til å tenke på skilnaen millom natt og dag. Enda kunde dei verme ein når dei vilde.

Fire mann sterk sat dei og la råd. Periander sa minst, han styrde berre leia dei skulde fara, så det skjedde det som rett og klokt var. Det kom meir og meir bort for Håkon det dei hadde for seg; det skulde vera rundelig nok at Periander styrde med det, tykte han. Det var ei skam han ikkje følgde bedre med, men kva skilde det i grunnen han?

Ja, men han vilde ikkje sitte der og vera sau her etter. Han manna seg opp i mot dem, sat bein i stolen og følgde med.

Periander var ordførar i herredsstyre, men det hadde snudd seg slik at han hadde fleirtale i mot seg, mindre mann var han ikkje. Striaste motstandaren hans låg sjuk, og Håkon Dale var første varamannen og kom trulig til å møte i staden hans. No gjaldt det om å bu seg, det var eit viktig møte. Der var ting det *måtte* gå vel med.

Først var det hjartesaka til Periander: Skolestelle i bygda burde leggst om. Enno vilde ikkje folk skjønna det, – ja, de veit korles det <sup>[53]</sup> er? smilte han. No skulde ein freste med første stege; slik og slik hadde dei tenkt seg det.

Håkon måtte undrast på seg sjøl: Han var heilt einig, men enda leita han det fortaste han vann etter motgrunnar. Han fann ingen. Nei, gudskjelov.

Der var eit par saker til, og av den grunnen laut ein gå med på den eine, og av den grunnen laut ein vera i mot den andre. Det var så fint sikta det kunde bli.

– Berre revkrokar! sa Håkon best han sat. Han møtte auga deira, dei var ikkje lite forundra no, dei stirde på han kvar på sitt vis. Periander blunka litt og tykte ikkje kleinare om Håkon for dette. – Berre revkrokar ja, tok Håkon oppatt. Eg tenkte ikkje eg skulde bli med på så sluge ting. Men lat gå, eg er tosken den same.

Med det var dei andre fornøgd, men Periander såg til sides bort på han, hadde visst hørt einkvart uventa i måle hans. Han hadde støtt venta at Håkon skulde vakne og bli interessert, for ålvor. Håkon hadde venta det sjøl; han venta det enno. – Ja men vaknar eg, da reiser eg meg i mot dykk, fór det gjennom blode på han, da slær eg i borde og syng ut, eg er ikkje nokon Håkon Dale som de trur! – Å nei da, roa han seg, du brukar da vette enno ei tid; er du så liten at du må slå i borde da? – Nei.

Han gav seg til og såg på Ku-Jon, broren åt Periander. Han sat borti benken

og sov lensmanns-sømn <sup>[54]</sup> og lya etter kvart orde dei sa. Før var han grådig etter pengar, men no hørte dei broren til, så no var han grådig etter nytt. Han hadde vorte uhuglig så tjukk, men så rak han da ikkje vidare i kring enn Periander vilde. – Tru kor 'n Johannes held til no? undrast Håkon.

Så var det sjølve spørsmåle det gjaldt. Første herredsstyre-møte skulde gjera framlegg om lensmanns-emne. Halve bygda vilde ha Periander til lensmann, andre halvparten var politiske fiendar. Og sjøl var han *inhabil*, han nemnte det med ein lykkelig liten smil og let dei andre snakke.

Endelig var dei einige om råd og planer, og da bar det til bords. Borgny hadde komme att.

Periander var bonde og vilde vera det, – Håkon såg kor bondetrygg og heimgod stua var, ja all ting både ute og inne. Her kunde ein ta inn sleden ein vinterkveld og retterere han, og her kunde ein be prest eller skrivar sette seg.

Men ein gong i millom tok Periander etter velmakta, eller var det velmakta som tok etter han? og reidde til einkvart storveges eller uventa, kalvesteik og rødvin til kvelds, finare ting òg kanskje, eller som no: syltelabbar og dram blankaste sommars tid. Han vilde kjenne med seg sjøl at han var fri mann. – Vi kom no på det slik, den her gongen, sa han.

Og maten smakte, og snakke gjekk. Håkon <sup>[55]</sup> kom i hug at slik hadde han sitte mange gonger, dei siste åra, i lyse glade samvære, ein kan sitte så urimelig *godt* somtid. Ein sitt midt i gleda, ho er som ein tone i kring ein. – Men rettno, ottast han, rettno seier dei eit ord eller to som eg ikkje kan høre på. Kanskje så plagar dei meg til å le midt opp i syna på dem. Eg mister da ikkje Periander for det?

\*

Dei vart ferdige ved borde òg ein gong. No skulde du ha vore heime, sa det i Håkon.

Borgny hadde set så løynsk på han eit par gonger, med ho gjekk og sette fram for dem ved borde. No snakka ho til han: – Kom hit skal du få sjå noko rart. Ho pekte i blade som nettopp hadde komme. Der stod namne hans. Både hans og Johannes sitt, dei hadde våga live og berga tre menneske frå visse dauen, uvêrsnatta her, der stod fleire vakre ord.

– Kliner dei slikt inn i blade da? spurte han og såg halvt skræmt på henne.

Auga hennes gjekk til sides ein blunk, til faren, – det var han som hadde sendt dette inn! Men Borgny var glad for det, ho kom vel i hug Johannes. Ja ja, han var henne verdig den natta.

Periander kom bortåt dem, så brei og velmeinande han kunde bli. Håkon syntte han kva der stod, og sa tvi! Periander las det visst to gonger.

– Ja ha, mumla han og såg ned. Ja ha san.

[56] Dei andre kom og fekk sjå. Dei sa ikkje noko. Da såg Håkon at dei hadde fått ein tagg i hjarte: Dei kom i hug æra. Han varde seg i mot det, men da såg han Johannes òg, han vart glad som barne når han las det, kanskje han stal blade og gjømte det? – Eller så gjer du det, stakk det Håkon. Ja ja, er eg slik, så er eg slik. Han såg på dei andre og sa:

– Vi gjer mangt for æra, veit de. Vi er fødd æressjuklingar.

Dei var ikkje huga på å skjønna han, og svara ikkje. Periander smiler og seier:

– Det var godt de fekk sjå ålvor ein gong, de òg. Han Johannes og du.

– Så-å? Skal det vera så bra? vilde Håkon vita.

– Du skjønna kva eg meiner, Håkon. Og lat no det vera godt.

– Ålvor, seier De? Ja det var lekamlige ålvore med det stod på.

–Og litt til, smiler Periander.

– Nei. Slett ikkje heller. De er så fulle av åndelige ting, godt folk, eg møtte jamenn han Kasper Kiran her i kveld; det går over støvlane snart, for meg da.

Periander står tett attmed han og ler godslig: He he he, Håkon, slær du krok på deg no? Men eg skjønna deg som eg skjønna meg sjøl. Men – han snur seg til dei andre – lat oss sette oss, de legg da ikkje på dør med ein gong?

[57] Ikkje som eg sett meg, tenkte Håkon, han skulde ha vore heime, og minst av alt burde han ha stått her, no. For dei sat alt og lest som dei hadde glømt orda hans, og da måtte han le:

– De vil ikkje ha nokon diskusjon om åndeligheita, skjønna eg? Nei ikkje eg heller, nei tvi! eg vilde berre vi skulde late åndene vera i forvaring. Her tek til og blir så mangt i bygda som byd meg i mot. Det er gjerne eg som held på og blir ansles. Nei han Kasper Kiran nemner eg ikkje, han er utanfor, men eg er eit jordmenneske, det er det eg vil tilstå.

Periander såg på fingrane sine, dei låg på bordplata så grove og ærlige dei var. Dei andre karane gjorde noko liknande. Endelig sa Periander:

– Om det så er 'n Kasper Kiran, så er han da eit leitande menneske. Og den som leitar, veit vi –

– han finn, ja, sa Håkon. Og den som ikkje leitar da?

– Han er unemnt han.

Periander såg ikkje opp. Men han ser meg just ut som ein stjernekipar, lo det i Håkon. Ein fuling i gudsfrykt og all god idrott. Og at eg er eit jordmenneske, det er da verkeleg sant? Borgny såg på han, både glad og redd, kom det for han. Om han så skræmte henne òg, så ønska han seg ikkje vekk lenger.

– Nei, sa han, eg leitar berre inni meg sjøl, og der finn eg inga åndetru av noko slag, eg <sup>[58]</sup> er svart og rein. Og det må eg da – det bør eg vel tilstå? No når eg ser det. «Et vantroens vidunder», har eg ikkje set dei orda nokonstads, tru? No ja, same med det, her står eg, de får hive meg dit de vil. Men, *men*, san –

Han syntes sjå Periander hivde han langt vekk og djupt ned. Nei, han tok seg visst att i det: han vilde ikkje fara så hardt med ein ven, og der til så er det mangt ein mann lyt tenke på; han såg på fingrane sine og ønska han var i eit an na snakk. Håkon slapp ikkje frå det, han måtte seie meir.

– Gud veit om eg er sannspådd, men no spår eg da i alle fall. Eg ser det og seier det: Alle de andre, heile kristenheita, de sig framover med trua og det der, fram i mot lyse og herligdommen, og eg står att. Ikkje kan eg vera med dykk, og ikkje vil eg heller, nei så sant om eg det vil! – Kvifor ikkje? Ja det har de rett i. Men, eg er no slik. Det kjem innanfrå. Eg har lese om at menneske ber lagnaen sin i hjarte. Så gjer eg vel det da.

Han vart ille ved da han hadde nemnt lagnaen. Av ein eller annan grunn var det eit stygt ord, som i alle fall han burde undgå.

No endelig kremta Periander seg klår. Han retta på seg, og såg rolig på Håkon.

Lat no det vera godt, sa han. Ingen held deg kleinare for det om du har det slik.

Håkon måtte slå ned auga for han. Og det <sup>[59]</sup> tykte han var hardt. Det var da ikkje lenge sia han smilte åt seg sjøl når han hadde vore tosk? Men det var

uhuglig kor sant det var alt samem, no da det var sagt. Var det nokon som hadde teke han på orde?

– Eg er ein æresskjukling eg òg ja, smilte han mot dem. Elles *sa* eg ikkje slikt, veit de.

For når dei tagde så trottugt og såg ned, da skjemdest dei på hans part, at han stod slik og nækte seg for folk.

– Det kan no bli ei smaksak, alt slikt noko, tok ein seg for og sa.

– Nei, det er det no *ikkje* da, sa Periander, han smått lo. Nei smakssak, det er noko vi bergar oss i land på når vi er ute på utrygg is. Men, *men*, san, som 'n Håkon sa her i sta.

– For meg er det både ei smakssak og ein sakssmak, lo Håkon. Det et live mitt, enten de trur meg eller ei. Og live får de unne meg, så sant de kan.

Han syntes sjå Borgny hadde vorte ålvorsam. Før stod ho og såg i golve. No såg ho beint på han. Der med gjekk ho ut. Ho med denne mangfelte smilen sin: når *fares* sa einkvart, da hørte ho på han og trudde på det. Ho hadde gått skolar og vore den fremste støtt, ja det såg du straks du møtte henne, auga hennes var slik, og heile menneske, så lykkelig tvilande og smilande. Og Johannes han var her ikkje, det fall seg ikkje slik for han i kveld. Ja ja, no hadde ho ventelig gått [60] opp og lagt seg og hadde læst døra si. Ho var ikkje glad.

Han såg på klokka. Han var ikkje huga på å seie godnatt, no med dei andre sat og leid vondt av orda hans, men han gjorde det, og takka for seg og bad Periander helse Borgny. – Eg skræmte henne med snakke mitt, ho såg reint frøyst ut da ho gjekk.

– Ja lat no det vera godt, mumla Periander.

Dei andre reiste seg og vilde gå dei òg. Da fer ålvore i ein av dem, just da dei står ved døra og har teke Periander i hand; han legg i veg i fullt sinne:

– Du snakkar som ein fritenkar, gjer du, og dummare òg, du har lært av – av

–

– Av 'n far min, vil du seie?

– Han har berre komme ut for Brandes og Ingersoll og dei andre storklyvarane, sa Periander, og no smilte han som lystigaste ungguten. Det var ikkje vanen hans når folk var rangvise og ueinige med han. – He he he, smålo

han, det er noko som hører tida til, det, og kjem bort med tida gjer det òg. Æressjukling ja, he he. Du kan ha rett i det. Vi vil gjera Vårherre så liten vi kan. Så vi kan ruve litegrand sjøl oss. Lat no det vera godt, og takk for de såg hit, alle samene!

Han var med dem ut, og sa godnatt enno ein gong. Dei andre gjekk, stana litt og plagdes med pipevarmen, så bar det i gonga med <sup>[61]</sup> dem, det var jamenn natta alt? Men fint vêr! – Storveges ja. Dei talast ved som vanlig, bortgjennom stilla og halvmørkre.

Håkon stod att i lag med Periander, han skulde ein annan veg. Det var umulig no å snakke med Periander om Johannes og framtida hans. Han laut manne seg opp og ta på heimvegen slikt det var.

Dei stod i breidd ved hagegrinda. Håkon hadde aldri stått Periander nærmare enn no. Det var djupe milde natta. Småbjørkskogen stod levande still oppetter haugen, tett ved dem, og åkeren slikt slag bortetter flata frå husa.

I vest kjente ein sjøen, og med kvart hørte dei lyden av han. Om dagen såg ein langt til havs her i frå, Henningstad låg fritt og fint til, og her og ingen annan stad skulde Borgny bu.

Det vilde han seie til Periander, for han òg stod og visste det.

Men Periander kom føre han: – Det gulnar fint på åkeren alt. Og bra er det, at det blir lite grand å treske. Og lite grand å mala. Det har ventelig ikkje de noko i mot, som mølnarar er; eller mølnbrukseigarar, lyt ein vel seie. Ja du for din part har no laksen du.

Dette var eit ord om Johannes så godt som ti andre. Ja ha, og vondt som tjuge. Men det var inga ulykke om ein hadde ein bror å bitast for. Berre vent!

<sup>[62]</sup> – Ja ja, Håkon, gjeispa Periander, så kjem du på herredsstyre-møte da; eg lit på det. At du ikkje gjer som sist, he he he.

Sist ja, da lova han å komma, men måtte ut og leite etter ei borttrømt laksnot.

– Det kan De lite på ja, lova han. Så lit eg på Dykk den dagen *det* trengs.

I det same kom der ein skugge frammed kvite hagegaren. Det var Borgny, men Håkon kjente henne ikkje før ho var like innpå dem.

Periander sa godnatt for ålvor og gjekk inn. Borgny stod der.

– Går du med meg eit stykke på vegen? Han spurte så vårhendt han berre

kunde.

– Å, ikkje fullt det. Eg vilde berre få seie godnatt. – God natt da, Håkon!

Ei ørlita stund vart dei ståande og halde einannan i handa.

– Har du verkeleg så godt handtak du da? sa han. Tanken på Johannes gjekk gjennom han, ein varme gjennom bringa, einkvart frå den kanten der det gode held til. – Du står ikkje og ventar nokon, veit eg?

Ho tok til seg handa heller fort.

– Nei da. Men av deg blir det visst lægpredikant. «En vantroens emissær», er det ikkje noko som heiter slik òg?

– Det er det visst. Og kva det blir av meg, det veit eg ikkje i kveld.

Dei tagde baae, eit andedrag eller to.

[63] – Ja du får leva da, sa han, for no tok han til vettes og gjekk.

Han gjorde ikkje heimvegen lang; han venta å finne Johannes oppe enda, det var berre midnatt så vidt. Men huse var svart og stilt. Ja vel, Johannes sov han og let resten vera for det det var, det var liksom ikkje hans kveld i kveld.

Skrot i heile skarven, han var ingen unge! – no låg han Håkon over ende, san.

Folk tala om trua. Dei kunde ikkje leva utan den. Dei måtte ha feste i nokon ting. Han både hørte dem og såg dem. No såg han trua deira òg: Eit anker som dei hivde ut i evigheita. Eit anker med tre famner taug i, midt utpå *den* dypta!

Huse var så stilt som det skulde stå tomt. Han kom etter at det var for di mor hans hadde reist sin veg. Ja ja, det var no hennes veg.

\*

Tale reiste. Ho sat på toge og fór sørover; det rulla og fór så ein kunde bli rar til motes.

Ferda hadde gått så villig all vegen hittil, hadde gått av seg sjøl, kunde ho seie. I byen der heime gjekk ho berre over frå den eine dampbåten til den andre, han låg der og røykte og venta på henne; – her har de meg, mumla ho da ho var om bord. Ho fann seg fort til rettes der, ho hadde fare sørover med dampbåten både ein og to gonger før, jøss ja da. Om det no ikkje var åleine ho la i veg dei gongene.

[64] No var ho åleine til gagns, men lykke på reisa med det, ho vart da med. Ho vart ikkje ein gong forfæld da ho kom til stiftsstad; ho visste på lag kor jarnvegsstasjonen låg, og la i palinga dit. Ho hørte seg for, om når toge gjekk og

om mangt anna, hørte seg for og spurte ja, skit i dem alle i hop! og så løyste ho billett, fekk så tak i ein vognmann og kjørte opp i byen og kjøpte seg eit skikkelig matmål. Ho lo da ho var ferdig med det, så dugelig var det, der med kjørte ho nedover til stasjonen, – her kjem vi rullande, ho Tale og eg, syn oss no kor de vil ha oss sittande!

Folk var storveges mot henne, og så sat ho på toge og hadde sitt med seg, no kunde dei kjøre med dei lysta for henne; døgervill var ho og meir til, men ho hadde nøgda med godt mot, av det slage som var. – Så, no fer a Tale med træne, no ber det i veg! Sørøver ja. Ein mann kom og fortalde ho hadde teke romme hans, stod her ikkje ein koffert på benken da ho kom? – Jøss jau da, og den hadde ho flytta opp på hylla, sjå der! – han stod i vegen for meg. Mannen smilte med seg sjøl, og Tale smilte med seg sjøl, og mannen tok kofferten sin og leita seg sess i ein annan bås. Og alle samem så fór dei no, ein heil kirkelyd med folk.

Tale reiste ja, sat på toge og susa i veg, og Vakkermannen fekk halde eit auge med dem der heime.

Ein staden stana dei, og folk sette på dør.

[65] Ho såg dei rekte i veg etter ei lang lang trebru på tørre landjorda, og somme sprang. Ho fekk vita der var kaffe og øl å få kjøpt. Da vart ho grovelig så kaffetørst, ho ropa til ein tusseladd som stod der og glåpte: – Spring og kjøp meg ei kaffe med kaffe, her er ei krone, men spring! Vi kjører med snøggtræne vi. Armingen såg på henne, men av stad laut han og det fort òg. – Enn om han spring sin veg med krona di? sa einkvan til henne. – Da spring eg etter! let ho, men straks ropa ho til ein kropp med blanke knappar: – Halløy, du der! sjå etter han karen som fekk krona mi! – ho ropa og lo og lova dem noko av kvart. Og kaffen fekk ho, og erendsveinen han gav ho blanke 25-øringen i handa og takk der til. Ho brente kaffen i seg og flidde han koppen nett med det same dei jaga toge i veg att.

Der sat ho og reiste. Ho såg ut og måtte undrast: Er det mørkt no alt? Og så berre fjell på den her sida, på baa sidene? He, er det slik lande ser ut? Ja ja, det skilde ikkje henne, for ho hadde sitt å tenke på. Ho var sendt i veg. *Sendt i veg* ja, slik heitte siste, nei næstsiste kapitule i hennes bok. Og så var det dem der heime, den eine og den andre og dei alle i hop, Vårherre fekk vera med dem til så lenge. Det nytta ikkje å tenke på dem no. Ho fór no med erende sitt. Toge det gjekk og

gjekk, ei stund skramla det slik, og ei stund slik, og med kvart tuta det framfor seg, langt frami mørkre; ein sat i lampelyse i ei lita stue <sup>[66]</sup> og rente i veg sørgjenom lande. Verda er vid, det skjønna ho, og mange slag folk er der.

Ein full ein kom snåvande, hogg seg fast attmed henne og stod, sjøl veit kor han tenkte seg. – Det siste eg kan når eg er full, babla han, det er å stå. Dei andre såg vondt på han, men Tale hjelpte til så han kom eit flytt lenger. Best det var rausa han over ende. – Så kan du vel ikkje meir no da? lo ho og reiste han opp. Han vart umild mot henne, og spurte om dei var dus, han var vel ein finvoren mann; – er vi dus? spør eg! – Ja da, ja da, både du og eg! lo ho. Ho let opp døra og hjelpte han inn i andre romme.

– Fulle folk, mumla gulskjeggingen som sat midt i mot henne.

– er folk det òg ja, sa Tale.

– Er De full De òg? spurte han opp i under.

– Er De *det* det? lo ho. Og innvendig lo ho til at ho alt kunde seie De til folk, det går, det går. Det her går jagu sørover det, Tale!

Så sat ho og reiste att, sat og rulla og fór, sat og rulla og fór. Sør gjenom både lande og natta. – Men går det virkelig fram det her da? spør ho best ho sitt. Dei andre er for trøytt, dei berre kremtar eller smiler. – At ein kan sitte seg fram gjenom verda da! tek ho i att. Vårherre er mektig, det lyt eg gå ved. Ho såg på ferdalage sitt, den eine etter andre, og tok som ein takst på dem. Dei var ikkje godtil å seie eit ord meir for berre trøytt. Toge gjer ein vålig <sup>[67]</sup> rammel ein staden, og straks etter legg det seg på hald, meir og meir på hald, Tale trudde ikkje anna enn at ho vart velta ut gjenom vindaug, ho tok seg tak i lerstroppen og blåheldt. Men så rettar det seg beint att og er folk, haldar seg andre vegen eit tak, rettar seg opp og tråvar i veg så det syng under det.

– Det må da visst kunne skje ei ulykke med slik kjøring? spurte ho.

Han ungdommen som sat breiddmed henne, tok seg på tak og sa at det var der lita von om. Men da var gulskjeggingen vaken og kremta og såg på dem. Så sukka han ålvorsamt ein totre gonger, tok til ords og sa til Tale:

– De skulde vera så gammal no De, at De veit ein må vera budd på døden til kvar tid og stund. Han sa meir om dette, velmeinte ord alt samen, og Tale svara ja og amen til det. Han sa til slut: – Det står i Guds hand om vi skal få sjå morgondagen i levande live.

– Ja står det der, da står det ikkje kleint, meinte Tale. Eg kunde mest ønske eg slapp å sjå han eg, krypen her eg sitt. Det kunde eg ønske ja. Enda eg ikkje har lov til det.

– Kor langt skal De reise? spurte same ålvorsmannen; han vilde i snakk med henne.

– Til verdsens ende.

– Men eg spør i ålvor eg, sa han.

– Og eg svarar i ålvor. Alt eg seier er ålvor.

Verda er ålvor for meg.

[68] Han rista på hovude: – Da snakka De ikkje slik.

– Jaugu snakka eg slik ja. Eg har gjort så all min dag. Det er retten min. Og ålvor har det da jamennsant vore. Ho måtte le beint i auga på han, enda ho var harm i seg.

Han tok til og vart vaken han som sat breiddmed henne òg. Det var ei endelaus natt, ei evig risting, der sat folk og duppa på kvar sin benk i kvar sin bås, og attmed ålvorsmannen sat ei lita tjukk kjerring og steinsov så hovude slong på henne, Tale kunde ha vorte sømnig sjøl av å sjå på slikt, hadde ho ikkje havt anna enn denne ferda framfor seg. Ho lo litt og rettleidde litt med henne som sov, så ho ikkje slepte hovude i golve for seg. Ho vart vår at han ungdommen breiddmed henne sat og såg på henne, – han er grå i håre alt, ein halvgammal enkemann! Han tykkjer visst ho Tale er rarare enn rar.

Han spurte kor ho var i frå.

– Kor eg er i frå? Det ser De vel utanpå meg det. Heimafrå ja, og det til gagns òg.

– Er ikkje De enke, tru? skaut han på.

– Det òg ja. Og mangt anna. Berre spør, De, med live lystar.

Gulskjeggingen har sitte og vore krenkt i ålvore sitt. No er det noko han vil henne. – Undskyld, seier han, De vilde vel ikkje vera så venlig å –

– Jau venlig? Gud glede Dykk så sant. Å, [69] De vilde kanskje be meg om å tie, hr. pastor? Det har De rett i, det burde eg ha gjort heile tida. Slik ei ferd som eg har for meg.

– Eg er ingen pastor, – han sa det med stor tyngd. Eg er berre ein ringe

Herrens tenar.

– Au au! Ja, for resten, eg er berre Tale eg, det er ringt nok det.

Men så var det ikkje anna han vilde, enn at glasskiva skulde dragast heilt opp, her var kaldt, dei var på fjelle no. Tale sat med ler-reima i handa, så det vart ho som gjorde det. Ho gav seg ikkje før ho hadde fått det til, så kunde ho det til ein annan gong.

Å, men ho vilde ha fred no. Dei kom så alt for nær henne desse to kroppane, frå kvar sin kant. Men det vart ikkje bedre når ho sat still, for da kom det over henne alt ho hadde skuva unda seg, all slag tankar og minne, det levna opp og var der, det som hadde hendt og det som var i vente, det fór i henne som devlar i svin, kom det for henne, kva skulde ho finne på? Ho fresta å snakke med seg sjøl: Du skal berre sitte still, for du er sendt i veg, og fram kjem du, enn om du skulde ha gått denne vegen? Ja. Og det er mang ei kjerring som aldri får sjå eit tog, og aldri får dei ut og fara i noko slag erend. Der må dei ligge, i natt som nettene før.

Så var sjølve *spørsmåle* der ja, god dag og takk for sist. Men lat folk ha fred når dei fer med træne, med snøggtoget og skal både dit og [70] dit, vi skal heim att òg! Ho snudde seg tvert til skjegglausingen breiddmed seg, ein får vita råd når det ber i einherdinga; ho hadde ikkje set maken til nyslipa enkemann. Berre han ikkje sovna frå henne, han var alt tålig bra glasøyg.

– Å ja, unge mann, sa ho. Det er så det.

Kor eg skal? spurte De visst. Eg skal i straff. Nei sjå no ikkje slik på meg for det, du har da hørt så gale før. Det var eg som drap værfar min, ja det har du da lese om? Eg gav han dasken i hovude ja, for han var umulig han, ser du. Umulig på alle vis ja, ei livsplage for oss alle i hop, han heldt på og vart dauen vår. Så det måtte gjerast, det. Og eg vart utvald til gjerningen. Og den gjorde eg. He?

\*

Toge stana. Kona som steinsov reiste seg med ein gong, tok ned skrape sitt frå hylla og gjekk, blå våkande, det var her ho skulde av. Dei hørte suse av natta utanfor, av fjell og bekker og kva det var. Det var mest utrulig at slikt var til enno. Ålvorsmannen flytta på seg og fekk bedre rom for legeme sitt; han sukka med seg sjøl. Straks etter kom eit kvinnemenneske inn og tok seg rom breiddmed han. Ho var mykje meir romstor enn ho som sat der før, og der til så fin at ho måtte vera

ei madame reint. Mannen fann seg i det med tålmod. Yttest på same benken sat ein unggut og gjorde seg smal. Tale sa til han, at *alt* romme sitt burde han ikkje gi <sup>[71]</sup> frå seg. Da var der ei som såg på henne, og Tale smilte til svar.

Toge måtte i veg att.

– Jauda, sa Tale. Det vart meg pålagt å ta live av han, Vårherre såg ikkje annan utveg.

Ho merka godt at spørsmåle hadde lurt seg inn på henne attanfrå, det var for seint å verje seg mot det no. Tre fire menneske stirde forstøkt på henne, men ho syntes dei var langt unda.

– Og no skal eg i straff for det, som sagt. Men eg kostar meg reisa sjøl, eg tykte eg burde det. Men no er det spørsmåle da, sjølve tingen for meg, skjønna du, – ja eg spør dykk alle sju, gjer eg. Kva vilde *de* ha gjort når den mannen sette dykk til eit slikt verk? Når han ingen annan utveg såg, og ingen annan vilde ha til det? Ja. Og kor pass stor straff vilde de ha venta dykk av han etterpå, når de hadde lydd han? Ja. Og spurte de da, eller spurte de ikkje, kven som var over *han* og plaga han til å plage folk slik? He? Ja ja. Eg les i bibelen somtid, i hans eige ord, og der les eg: «Det er ikke av hjertet han plager eller bedrøver menneskenes børn.» Slik står det. Men det må vel ein enda høgare ein ha skrive, trur de ikkje det? Ja nei, eg er no berre a Tale eg, og no skal eg i straff for gjerningen min, og sia kjem sjølve *straffa*. Ja. Men spørsmåle kjem sendande til meg, kjem og kjem. Kven det no er som sender det.

Dei visste ikkje rettare enn å tie til det. Enkemannen <sup>[72]</sup> gav seg til å røyke, og plagdes før han fekk varme på pipa. Ålvorsmannen såg beint på henne, han klipte meir og meir levande med auga. Madama såg frå den eine til den andre; så sette ho haka ut i vøre og skjønna ingen ting. Gutladden utpå benkenden glodde som ein fisk på henne, så ho laut både nikke og smile til han. Der sat dei, og der fekk dei sitte. I morgo kom dei seg vel att.

Ho tok vesle gardinfilla for andlete og lest som ho sov. Slik sat ho lenge. Ei stund gret ho litt med seg sjøl, men det gjorde ikkje noko, for dei såg det ikkje, og så bad ho at møte med Ragnhild måtte stå vel av seg, at det måtte gå godt; – tenk på dem alle i hop! bad ho, for det er uvisst korles det går med dem. Du lyt føye meg denne gongen, det står om meir enn du trur; ein annan gong er det min tur å gi etter.

Da ho kom til seg att var det lyst ute, lyse morgonen og grøn skog, det kjørte framom vindauga og smilte til henne, kom og fór, kom og fór, og toge det dundra i veg med friskt mot, som heimtråe hesten. Men var det berre fjell og skog heile lande sørover da? Nei, der kom garar òg, mange garar, og bra garar, med brungråe hus. Heile lande sørover, sa ho. Det var utrivelig sant sagt. Så langt sør var ho no, rettno var det å møte Ragnhild, å stå andlet til andlet med henne som hadde lidd straffa for dem, som hadde levd seg gjennom spørsmåle og var på andre sida – – <sup>[73]</sup> eg vil heim att! Det var lite om å gjera at ho ikkje skreik det.

Og heime der låg dei og sov enno, både den og den, vesle Hallvard han låg på hendene sine og sov, og med kvart hadde han sikla på dem. Han var for resten ikkje så liten lenger, akk nei san, men det var synd ho ikkje tok han med seg.

Og toge det tråva av stad, det hadde fare tvert gjennom natta og langt inn i ein ny dag. Det tok stakaren og fór med han enten han pista eller gol. Ja ja, her kjem ho Tale sendande.

Så var det dagen att, fullvaken dag kor du såg, røyk frå alle stuene, folk ute og stod og gjekk, dei tykte visst dei hadde litt å bale med dei òg. Toge kom til ein by, og da skulde ikkje det lenger, ein måtte ut og om bord i eit nytt eit, som stod der og bia på dem og vilde i veg. Det skulde ta Tale med dit ho hadde etla seg; det var ikkje lang stubben att no. Ho vart snart framme ja, det var fåfengt å vente seg nokon nåde slik.

Og så langt ute i verda! Ho fekk vondt om ho ikkje tenkte på anna enn det. Ho mintes ho hadde gruva seg for einkvart før òg, for barnsenga eller ei likferd og slikt noko. Kor lite ein veit. Og kor godt det er at ein lite veit!

Ferdafølge hennes luska kvar sin veg, mest som dei hadde vore med på noko gale. Far vel med dem, san, og takk for lage, og tenk ør-lite på det eg sa dykk!

No bar det i veg att med henne. I guds namn ja.

<sup>[74]</sup> Men slikt land da, de, så storveges og så småvakkert og så forunderlig på alle vis! Og her var det garar, san. Nei du lyt vera takksam, Tale, at du fekk sjå dette her med dine eigne auga.

Resten, ser du, alt det andre, det går som ein røyk, skal du berre sjå!

Da kom det til henne, heilt der heimafrå farande: Korles stod det til med Ellida? Der gjekk Håkon, og der gjekk Johannes, den eine yngre enn den andre,

og ho, såltunge, korles kunde ho verje seg mot dem? ein måtte kjenne på seg korles ho var. – Ja, herre gud! sa Tale, enda ho sat innklemmt millom villframmandt folk.

Det hadde fare som ein kaldstyng gjennom henne først, men sia vart det til ein angst som vermtte henne og styrkte henne, ho vilde til å reise seg og gå, framgjenom vogna og heile toge, ho måtte få Ragnhild heim i denne dag. Det skulde vera sundagen, og det kunde ho sjå berre ho kika ut, det var så altfor mykje til høgtid. Og så naturflatt og gildt, same kva kant du såg ut frå.

Ja ja, Tale, her kjem du, om det så er baklenges, smilte ho til seg sjøl.

### III

[75] Om sundagen kvikka Håkon seg opp og gjekk åt kirka. Kvifor ikkje? dei gjekk dit nokon kvar, av ein eller fleire grunnar, og vøre var utleita fint til det bruke. Det var første gongen han fresta å følge med gjennom ei heil preke; det gjekk det òg. Etterpå vart han heimbeden til ein kjenning og kom ikkje heim før seint.

Morgonen etter vakna han vel til motes, som vanen hans var dei siste åra, så plystrar ein litt, og så får ein seg kaffe, der med har ein dagen og arbeide klårt framfor seg. Det andre kan dei andre bale med.

Det var nordvest med små regnelingar, godvøre for den som hadde einkvart å gjera, og Håkon hadde nok av det slage. Han undrast litt på kor det vart av Johannes, han pla ikkje bli liggande sengfast utover dagen. Men lat no det vera godt, som værfar hans sa.

Og det ein sa om laurdagskvelden, både til værfaren og til folke elles, det fekk stå der, stå og vitne, om ein vilde tenke det slik. I dag var det ikkje så store ting, det var mest som nordvesten [76] hadde blese det bort; vinden tek visst det meste av det som blir sagt. Like vel: han var da halvvore eit anna menneske? Nå ja, det hasta ikkje med å kjenne etter.

Johannes kom slengande og gav seg i arbeide. Ja vel, der var han. Men han var liksom ikkje til stades like vel, sjøl måtte han vita kor han heldt til.

Dei slo grønfør og hesja, og budeia dei hadde fått i var med og raka; smågutane vart sett til å leite fram staur og komma med. Hallvard stana i

nærheita med faren eit par gonger. Tru om han visste kva han tenkte, når han drog opp eine augebruna slik? Men var det noko han vilde spørre om, fekk han ta seg mannskap til å komma med det.

Nei det var Johannes han måtte undrast på; kva var det han hadde å tie for? Ja han sa no aldri så farlig mykje, og minst når han såg mest å gjera, ja og somtid kunde kan bli så lystig han vart tagal av den grunnen. Men i dag var det ikkje slik. Han gjekk og var *tankefattig*. Kva var det som hadde rakt han?

– Ja eg skulde ikkje helse deg frå Henningstad, sa Håkon, dei stod to-eina ei blink.

– Takk for det!

– Nei det vart ikkje så eg bad om det den her gongen.

– Du må helse det same i gjen da, neste gong. Håkon kremta og lo som Henningstad-mannen: – He he he. Og lat no det vera godt.

[77] Da måtte Johannes le. Han flirte i godslige vondskapen.

Håkon hadde ikkje ansa kor milde auga der var i han. Dei såg på han, og dei såg bortetter vollen, dei kom seg ikkje i veg med å le om han lo sjøl; to vegville fuglar, tykte ein. Over brunene gjekk der små bevingar, slik ein ser dem hoss småguten når gapen har fare i han.

– He? lo Håkon best han stod, – er du sturen etter uvêrsnatta enno? Er det garna – –?

Johannes såg vonoms fortare på han og fekk denne gropa si millom brunene. Så smilte han like sæl og snudde seg til arbeide att. Nei, Håkon visste det var ikkje slik, Johannes var Johannes, han hadde set fjorden og dauen ein gong før, slikt beit ikkje på han nei.

Enda kunde vel ein slik brorfåne komma til å tenke litt, det er ikkje så barnslig å vera menneske. Ein kan bli vår mangt. Håkon vart så rar ved den tanken, som eit lykkelig kvinnfolk, han måtte vise han frå seg straks att: Det hender ikkje! Johannes? Nei, der finns ikkje menneskesjæl i ein slik kropp, det kan de lite på. Det må vera noko langt anna som gneg han, – lat han lide det han har fortent!

Men han hadde ikkje lov til å glømme gjenta si for det, ikkje ei som henne nei, som Borgny – ein fekk dyrede ta og gi han nafta for nyggsår, som Lea sa, det var

eitt å gjera med det!

[78] Dagen etter var det på same vise.

Best Håkon gjekk, kom det over han at dette måtte han snakke med Ellida om. Ho kunde vel ikkje le til han for det? Det burde ho ikkje bry seg med, for da vart han nøydd til å snakke *beint fram* åt henne, ho måtte komma i hug at no var det ho og han som hadde andsvare her i garen, han vilde kreve seg skild frå den andre før mor kom heim att – he? Skal vi enno dryge lenger?

Spørsmåle snudde seg mot han sjøl, så han vart ståande stolpe på åkeren, med jarnstauren i handa. Ja ja, han manna seg opp, stappa jarnstauren i jorda og gjekk utor arbeide. Først var han bort og flytta hestane, tok så vegen heim, no fekk det i guds namn vera dagen og stunda til det!

Vestavinden hadde gitt seg, det var undrande stilla all veg i kring ein, og om det så var måsen utpå fjorden så tagde han. Blågrå skyer og berr himmel omeinannan heilt ut i endeløysa. Håkon blistra eitt eller anna med han gjekk og såg det. Ellida var visst åleine heime no? Han tok til og gjekk fortare.

Han fann henne i eldhuse, ho ståka med matstell til både krøter og folk. Ho kvakk ikkje så lite da ho såg det var han som kom, men elles hadde ho anna å gjera enn å sjå opp.

– Du går her og slavar du, sa han.

Han stod og venta, til ho retta seg opp og møtte auga hans. Ho såg på han med ein rådlaus [79] liten smil, forunderlig vakkert, tykte han, reint unggjenteforfæld. Han måtte undrast om auga hennes var brune eller blå, – dei var gjerne både det og det? Ja visst, han stod her som ein annan forelska tulling, det er manns lagna å stå slik somtid, nokre gonger utgjenom live, men hadde ho vore så fåbleik før?

Han steig nærmare, og strauk henne over panna. Slikt kunde han ikkje, og han fekk det heller ikkje til, ho trudde visst han vilde stryke vekk ein sutflekk, og veik unda. Ho stirde reint livskræmt på han.

Gruva ho seg no, når ho såg han vilde *snakke* til henne, – var det så alt for stor ei stund for henne? Eller hadde ho gått her og vore nedfor sia ho mor fór sørover, gjekk ho berre og venta dagen og dommen?

Men da fór låtten gjenom han, tvert gjenom heile ålvore: Står eg her og skal fri og ikkje får det til? Er eg så trehendt?

Lo gjorde han ikkje, han vart berre skjeiv i andlete; så treiv han til erende sitt:

– Det var 'n Johannes eg vilde snakke med deg om. Eg forstår meg ikkje på han. Gjer du det? Han er så rar no om dagen. Eg trur jamenn det bli gråe ålvorsmannen av han, eg er redd han rustar bort for oss. Kva skal vi finne på og friske opp han med?

Ho svara ikkje orde, ho berre heldt på med arbeide sitt. Det måtte vera til kalvane det ho <sup>[80]</sup> der subba i hop. Han syntes sjå ho var raudlett no.

– Kva tid kom han heim laurdagskvelden? spurte han.

– Han kom tidlig da. Han kom klokka eit kvart over 9.

Ho fór ut, ho fór radt til fjøse med kalvdrikke sitt, eit kvinnfolk lyt tenke på maten framom alt anna. Ja ja, ho skulde ikkje gå her og slave i uvissa stort lenger no.

Han steig til og vilde gå etter henne, men i det same flaug det over ryggen på han, liksom einkvart slitna tvert av. Det var dette minne etter uvêrsnatta, det måtte gå fort for seg da han tok Lea inn i båten. Han stod still og venta, til det gav seg. Litt mildare var det for kvar gongen det kom.

Så, no var han gonghøv att. Ellida gjekk over tune i lag med smågutane, han fekk ha seg ned på åkeren til arbeide sitt og vera nøgd med det som gjort var, – det letta, det! sa mannen, han miste broka. Han plystra med han gjekk nedetter, same stubben som da han rekte til gars i sta.

Johannes onna for dem båe to, var det likt til.

Men da Håkon kom nær han nok, hivde han arbeide og retta seg bein mot han med ein flir.

– No lyt du løyse meg ut av dette mølnbruke, Håkon. Ja det er ålvor det. Det var min rikdom på denne jord, men no kan du få han.

– Jaså, er det der det verkar? Du tenker <sup>[81]</sup> på å ta frå meg garen no da? Du kjem med odelsmakt og full overmakt, skjønner eg.

– Nei no kan du ha heile smelta åleine. No sel eg ut og fer. Vest til havskjæra, eller enda lenger vest! Eg ventar du kjøper, du som er nærmast til det.

– Hm. Du har jamenn fått ein hard kakk i hovude, hører eg. Men lat meg snakke med deg før du blir verre. Først om sildgarna dine. Eg betaler halvparten. Mine reknar eg ikkje på.

– Å det! Nei men du ser da vel, om du så søv, at her er inga *tid* i Norig, her er berre bygda og armoda kor ein snur seg – kva? Eg elsker da ferdrelande eg som alle andre, men da må eg ikkje vera her, det strøyper meg!

– Øh! Store, forlova stakallen stå og låte om seg på det vise! Du snakkar som her ikkje skulde finnast Periander eller Henningstad i heile lande, du må betterde skjemmast – – skal du sele gjenta òg med du held på og sel ut?

– Er du kjøpar kanskje?

Orda gav Håkon ein snert som han ikkje kom seg så fort etter, dei måtte vera drøypt i forgift. Og Johannes hadde set olmt på han. Men *han* heldt på med sitt:

– Eg blir far min, blir eg, skal eg gå her og tasse lenger.

Der òg nemnte han noko som beit, og det bannsett vondt. Dei var sønnene til far sin, dei kom aldri frå det. Her stod den eine og klaga seg for den andre.

[82] Ja der stod dei. Men da måtte Håkon le. Johannes såg rasande på han, men litt etter lo han òg. Så stod dei der att, i same nøda. Da kom blide lagnaen fram om husnova heime, i kvitt storforklæ, og ropa heim til middags; Ellida løyste nødig supaklokka når ho skulde ha dem heim til måls.

Johannes svara med eit belj. Snudde seg så til Håkon att, og sa: Det var gjente det! Henne likar eg bedre dess lenger det lid. Ikkje sant?

Håkon merka han vart raudlett som ein gutunge, men han bala med arbeide og hadde ikkje hørt noko. Der med gjekk dei heim og gav seg etinga i vald.

– – – Sia snakka dei ikkje meir om dette. Dei sa ikkje eit ålvors ord med einannan, det var mest som før, berre at no var det Håkon som måtte gå føre og seie det som trongs.

Men Johannes hadde snakka i ålvore om å fara sin veg. Og Håkon hadde snakka i ålvore til Periander den kvelden. Og ho mor ho var ute på langferd, ho fór i ålvore ho òg. Håkon fekk det eine som det andre så nær innpå seg, han vart huga på å kaste seg ut i det, gå til botns i det og komma opp att som ein annan mann, ein galen ein, farvel med alt anna i himmel og på jord, for dette var hans! Ein kunde bli ein far sin ja, ein Didrik Dale i bygda, og farvel med alt anna, som sagt.

Det kom for han, at hadde han ikkje havt Hallvard å tenke på, da hadde det *teke* han.

[83] Det var ein lettna at Lea kom sendande ein dagen. Ho kom eins erend kring vågen og skulde snakke med han. Johannes hadde gått vestetter, var ventelig på Henningstad, og glad var Håkon, for ei jente som Borgny skulde ikkje vente på han, ho tålte det ikkje.

– Ja her kjem eg skinkande, sa Lea, du får lest som du ikkje ser meg. Men du lyt høre på meg!

Håkon vilde ha henne med inn, men det var nei, ho hadde ikkje slikt erend. Ho måtte ha kika i tankane hans, for best ho stod, sa ho:

– Ja nei eg er ikkje omvendt, ikkje enno nei, eg eig ikkje så pass som ein gitar i stua, eg var i bedehuse her om sundagskvelden, men eg tok sjæla mi og gjekk heim like ufrelst. Det er 'n Johannes eg må snakke med deg om, slik at du hører det ein gong. Eg tok og snakka med gjentungen eg, med a Borgny, for eg har lenge set på henne at det *var* noko. Det er det at vi er morlause både ho og eg, så vi skjønner einannan, vi er stymorsborn. Og baa to dregst vi med ein liten morsarv. Gjorde vi, rettare sagt. Ho er høg i hatten enno, og hatten han er fin nok. Har du set kor gild jente ho er?

– Var det meir du skulde ha ramla utor deg? spurte han.

– Du må ikkje snakke hardt til meg no, Håkon. Men det er 'n Johannes, hører du!

– Ja eg hører.

Han venta rolig. Auga hennes fór oppetter [84] han gong for gong, men det var liksom fotfeste rapa for dem, straks dei skulde møte hans. Ho visste seg ikkje anna råd enn å le:

– Du, stakar, du trur han har peng du, men han var snau for lenge sia, berre skjorta og sjæla – han har lånt av 'n Periander!

– No lyg du?

– Nei! hiksta ho til. Eg gjer mindre enn det du. Skjønner du ingen ting sjøl da? Kan du ikkje få opp kjeften og spørre eit einaste ord da? Er du like sæl med alt i hop? – Han har lånt pengar av henne òg, hører du det da! Morsarven hennes ja. Kva?

Håkon stod og smått togg. Han visste om det og tykte det var dumt.

– Det er sant, Håkon! Dummaste sannheita, alt i hop.

– Tilstod ho det?

– Ho gjorde det ja. Høgare var det ikkje med henne.

Håkon ler, det er ikkje verre: – Har han lånt din òg? Morsarven din, meiner eg?

Ho flatnar over andlete og ser ned. – Det er noko anna det. Eg har aldri nokon gong fått forskylde deg for all hjelpa. Men eg burde ha fortalt deg dette før; eg ser det no.

Låtten rykker i Håkon enno eit par gonger: Så ørsmå er vi. Vi er mindre enn mauren, ein saupral blir eit berg i vegen for oss, sjå på Lea kor tynt ho er! Enn om han lånte nokre skillingar, <sup>[85]</sup> kven gjorde ikkje det når han var i beit? Ingen ting å sjå raudt for det nei, men no *ser* eg da raudt? Eller er det grått det her, sei meg det! Men der stod Lea og hadde retta ein spon til han, til flua i vassfate, så ho kunde kreke seg i land.

– Du Lea òg! sa han. Du er salig som du er, du, det står i bibelen om deg. Måtte no han der ovom oss velsigne deg for det du kom hit.

– Huff ja, eg veit det, eg er ei ku, men kva *gjer* du da, Håkon? Korles bergar du deg utor det? For det er du som blir hengande med både gjelden hans og det der tukthuse bortpå stranda, – nei da! tukthuse *seier* eg ikkje, eg nemner ikkje reipe i hengt manns hus, det var kvennhuse eg skulde ha sagt. Eg har ikkje havt hjarte til å seie det før, men du er ein tosk, Håkon, og 'n Johannes slikt slag, vi er to toskar alle tre, og berre han ikkje narrar deg borti enno meir! Eg burde ha vore ei søster for deg, men her står eg, du ser sjøl kva eg er.

Ho var vakker. Midt i armoda og elende lyste det barnslig og godt av auga hennes, no som sist han såg henne – å ja, men lat meg no ikkje renne bort i saltvatn, lat meg seie noko.

– Rettno giftar han seg. Han Johannes, meiner eg. Så er den sorga sløkt.

– Ja lat oss tru det, lat oss tru det; eg har fresta å tru det heile dagen eg, heile natta og veka lang. Og så kjem ho mor di heim, med a Ragnhild. Berre sjå etter. Eg *må* tru det!

<sup>[86]</sup> Håkon vart frøsen der han stod. Det var elles så stilt og mildt; skya vêr; gode dagar for folk som var i arbeide og hadde einast det å tenke på.

– Her kjem da til å skje eit under, Håkon, lit på det.

– Det er vel noko vi lit på støtt, det.

– Da er vi to om å tru det, og da skal det til hest! Eg har stava og granska dei siste døgn, eg har gått i gjennom alle undergjerningane. Enda eg veit da så pass, at den skulde ikkje granske eit under som treng å tru på det, for da kjem det bort, men eg var ikkje meir god til.

– Du leikar deg med varmen du som vi andre.

– Ja men kva sa du til den der værfarem din, til værfar hans Johannes, vilde eg seie, – du har torskræmt dem, heile kula, eg må le!

– Ja det var dumt, var det. Folk nemner ikkje slike ting.

– Men du er da ikkje svart, Håkon? Du er ikkje forherda lei? Ho sa mangt enno, og sist på sa ho at ho skulde be flittig for han når ho ein gong kom så langt.

Håkon smilte ikkje til det, men han syntes han stod langt unda og hadde hivd av seg ei meiningslaus tung bør. Han var endelig fri frå det der. Han hadde sagt meininga si, sanninga si, og der med gjekk han i frå det. Han fekk heller i kast med bror sin og med framtida deira.

Men han var slik ihoprasta da Lea hadde velsigna han og gått sin veg, han måtte ha eit <sup>[87]</sup> menneske å gå til. Og det var Ellida ja. Borgny kunde han ikkje snakke med om dette, og der var for resten Johannes, – han er der i økonomisk erend, kan vi seie, ha lykka med deg der du fer! Nei det var Ellida, og han tok til og gjekk heimover.

\*

Han måtte sette seg på benken utanfor gangdøra. Du Johannes, du Johannes, tenkte han, du er som 'n far din du, du treng ikkje bli det, eit dumt og dårlig menneske; du vil ha alt, og du får ingenting. Han tenkte og han såg, 'n Johannes og seg sjøl og alle av det slage, dei krav. lar og kryp, og møter dei eit grasstrå, da er det eit tårn å klive til himmels oppetter, og ligg der ein saupral i vegen, da er det eit berg som stenger heile live for dem. Slik er det, og slik skal det vera. Og der er dagar til å leva, og der er dagar til å døy.

Men du, Johannes bror min, du er dyrede eit elendig insekt! Her sitt eg og seier det ja, du ser meg her. Du er ein æressjukling er du. Ja!

Han måtte reise seg og gå inn, for elles sette han i eit styggrop. I gangen stana han og lya, om Ellida var i kjøkene. Da hørte han måle til Johannes der! Han stig

til og vil ut att, Johannes måtte ha komme heim med han stod nedpå gjorde og snakka med Lea, – der er både han og Ellida! Og no snakka dei om *han*? – Om meg? fór det i han, og vreiden manna over han så han vart <sup>[88]</sup> ståande, – kva har dei to usnakka om meg! He! skal eg stå her og høre på det attåt! Han trødde tungt i golve og varskudde, men dei var så inni sitt, dei berre prata: – han Håkon, seier du? *han* kan vel ikkje legge seg borti det? – – vi gir oss sytten om kva han har tenkt og ikkje tenkt, vi – –

Måle hans Johannes vart høgare og høgare, men Ellida ho snufsa visst og gret, kva fan var det som stod på? – Eg spring heller på sjøen! syntes han ho sa. No sa ho ei heil mengd.

– Nei ti no still, formana Johannes. Vi reiser til Amerika, det er ikkje meir med det.

– Ja berre eg kom her i frå!

– I frå 'n Håkon ja. Det same seier eg. Vi reiser, ser du, det må ein ha mote til, for elles blir ein sittande der som tosken på garne. – – Ho Borgny? Ti still med henne no, den gromheita kan 'n bror min få. Så er han da trøsta, he?

Da Håkon vilde flytte seg der i frå, hadde han dette flauge over ryggen i gjen. Han vart ståande; han fekk freste å stå ansles, så gjekk det vel over.

– Nei ikkje gråt da, sa Johannes, her kan komma nokon og få sjå det – – du skal få tenke på 'n Håkon så mykje du vil.

– Ja det *er* vondt om han. Eg trudde ikkje han brydde seg om meg, men no ser eg – –

– Ja nei det der snakke vil eg ikkje høre meir av, det varskuer eg deg om.

– Berre vi kunde komma av stad før det vart for seint.

[89] – Ja. Det får ei råd gjelde.

Håkon fekk ha seg der i frå. Han føta bortetter golve og til ytterdøra. Ei stund var det, så hørte han Johannes gjekk småblistrand over garen og ned til stranda.

Håkon kjente litt på seg, om han var gongfør, fresta med det same å tenke seg om, og tok vegen gjennom stua og til kjøkene. Ellida vart ståande og tvistirre på han, med gråten utover alt andlete. Likare enn slik såg ho ikkje ut no nei. Ei ulykke for seg sjøl og for andre.

– Kva er det som går for seg her? spør han.

Ho kjem seg så pass at ho snur seg frå han, – det har ho gjort mange gonger i det siste, – ho tørkar av seg væta med handbak og forklæsnipp og er meint på å komma seg til undrømmings.

– Nei bi no lite grand. Han seier det så lognt at han blir undren sjøl. Du rømmer ikkje frå meg. Ikkje til Amerika heller nei, –ja eg kom til å høre eit ord for mykje, og det skal du takke Gud for. Om han Johannes er tullut, så har ikkje du lov til å vera det. Og slett ikkje eg.

Han tek eit steg nærmare og sett i hardt: – Har de halde på lenge med dette vase? Ja eg spør om det.

Enda står ho og klarar seg, men så krøknar ryggen, og ho stød seg mot veggen og gret. Han ser ryggen ristar, men der høres ikkje ein hikst ein gong, og han får ikkje samla tankane til nokon <sup>[90]</sup> ting. Han spør seg eit par gonger, han står midt i dumheita og spør: Kva er dette her for slag?

Da hører han Ellida seier: – Eg visste da det var gale av meg. Men – eg var no bortkasta kor som var eg! – og så gret ho høgt.

Han tykte han hadde fått ei bøtte vatn utover seg og at all bygda lo til han for det: Gjenta var ferdiggjort, slik stod det til, ho stod der og fortalde det og synte det fram, og her stod han, ein fåne på eit kjøkengolv, det var han og ingen annan som kom her og skulde fri til henne. No burde han ha vorte rasande, eller òg skulde han ha gått sin veg utan eit ord, gått i frå henne og bror sin og heile ustelle – ja kva fanken gjer ein med slikt?

Det spørsmåle reiv opp eit gammalt sår i han. Han måtte ha stått slik ein gong før og spurt når det ingen mon er i å spørre. Da han sendte kjerringa si på straff ja, stemmer!

Det var ei hjelp for det første, at der kom nokon gjennom svala og vilde inn i kjøkene. Håkon steig til og heldt klinka, og såg med det same på Ellida. Ho sansa seg så pass at ho kom seg ut andre vegen, og der med gjekk Håkon den andre i møte. Det var berre Ellidaguten. Han såg dumt på Håkon, men fult nok for det, – nett slik dei har skildra av develen for oss, tenkte Håkon. – Eg motar meg på å få ta etter han ein dag, murra han.

<sup>[91]</sup> Kva han vilde i kvennhuse tenkte han ikkje over før han var der, det måtte vera noko med ei kvenn? Langt i frå, han hadde ikkje havt kvenn i tankane på aldri så lenge. Ja visst var her ein kvennstein som skulde hoggast, der var han,

men var ikkje Johannes her? For det var da han som skulde hogge opp den steinen, han nemnte det visst i går? Og hit ned gjekk han da?

Der måtte vera ei styring i at han ikkje møtte han no. Nei vent no ørlite grande, det hadde aldri gått vel visst han møtte han no. Han var ikkje budd på det enno, han hadde slege i staden for å snakke, – lat meg få litt tid på meg!

Først så førte han Ellida i ulykka. Henne tok han frå meg. Nei først må eg ha tak i førsten, ja eg seier det slik. Førsten ja, det er at her har eg gått og vore tosken i bygda, for alle samene, for Periander og Borgny, for *dei* visste kor pengelaus og ærelaus ein bror eg hadde; dei såg kor eg sette han høgt til vêrs over andre, og dei såg kor eg *bygde*. – Ja eg bygg som det lystar meg, det får de finne dykk i. Men eg har denne broren, eg går ved det, de har rett, de har rett! – Han var så teken at han darra alt med seg. Han måtte ut til dem i denne dag og *fortele* dem – – ja men herre gud, kva hadde han å fortelle dem?

Nei, san, eg har ingen ting å fortelle folk. No er det dei som kan fortelle meg. Dei kan fortelle meg at det er eg som har vore æressjuklingen, <sup>[92]</sup> – du har brukt bror din til måg for å få tak i pengane hans far, kan *ho* seie, ho er berre for stor i seg til å seie det høgt; dei kan fortelle deg det kven som lystar her etter. Dei kan seie som gammalt folk sa, som dei ventelig sa om 'n far din, at sjæla kan få to slag sott, liksom kroppen. Svartsykja er svart, men æressykja er svartare. Og om det så er ho Lea så har vi plyndra henne.

Han mintes mor si, eller kven det var, som berre *lo*, ja no reiv han opp dette såre att, eit avstyggelig eit som han ikkje tålte sjå. Etterpå var der ei lita stund han ikkje rettelig visste til seg sjøl.

Det første han ansa, var at han stod med pigghammaren i handa, den dei hogg opp kvennsteinen med. Os da visste han tålig fort. at kom Johannes no, da hendte her noko stygt. Johannes var den sterkaste ja, men kva hjelpte det, for i denne stunda var han sjøl dubbelt så sterk. Han var uvette, han var svarte gjerningen. Der fanns ikkje hjelp mot slikt, det var hendt!

Pigghammaren i handa, og Johannes det ufysligaste han kunde sjå for auga det måtte vera ein fysna å trø han flat, ein laut skratte når *det* var gjort!

Ikkje før var det gjennom hovude fare, der hørte han Johannes kom inn kvennhusdøra nedunder, gjekk over golve og mot troppa, tok til og kom opp troppa steg for steg, – tagde og kom.

– Men herre min gud, kjem han lel da? kvinka det i Håkon. *Er det slik det skal gå da?*

[93] Han kjem ja, han anar ingen ting, så viss på live sitt som på retten sin, kvart stege er ei hån, det er eit spytt på ein, og hammarskafta er i handa – det er a Ragnhild som ventar deg etter seg no. – Ja ja, men eg gjer det like vel! der kjem heile det helvetes andlete hans opp over golvkanten, har de set så skamlaus ein nase? Farvel alt i hop!

Håkon stod ikkje langt unda. Han steig til, det skulde vera gjort før det hovude der kom høgare i vêret, no måta det! Men med det same fór det over veikryggen, så bakvendt hadde han stått. Han vart ståande slik. Det banna og svor inni han, all svartmakta var der og rasa, og Johannes kom opp troppa og stod og såg på han. Og Håkon visste han hadde ikkje vondt over ryggen meir.

Endelig fekk han mål i munnen. Han snakka unødig høgt, på veik manns vis.

– No kan du takke Vårherre for at du ikkje *ligg her!* Han eller kven det er ja, hører du det?

Johannes spurte i rolige undringa: – Kva er det som står på no da? He? Eg meiner du er reint mjølkvit i andlete?

Håkon sette i enda høgare, han var skjelven i måle: – Ja du veit sjøl kva du har fortent, eg burde ha slege deg ned som ein slær ned krøtere, ser du den her du! og han svinga hammaren høgt i vêre.

Johannes såg opp på hammaren. Der etter [94] såg han på Håkon. Ikkje ein blykt gjekk der over augelokka hans. Han såg i golve eit tak, og vart meir og meir lei seg. Håkon let handa med hammaren sige ned og einstirde på broren.

Men best det er, ser Johannes på han att, innbitande friskt og nær han, og er Johannes all i gjenom.

– Ja, det var gale dette med a Ellida. Men vent no urlite, så skal *det* rette seg! Da Håkon ikkje seier noko, legg han til: –Vi er meint på å gifte oss med all som først. Ja du trudde da ikkje eg var ærelaus mann?

Der fer eit frostvêr over andlete til Håkon. Han slenger frå seg hammaren, snur seg beint mot veggen og står still. Slik vart han snudd mot veggen ein gong med han var liten, han skulde binde furten sin, hadde far hans funne ut.

– Du veit ho Borgny er for god for meg, hører han Johannes seier. Du kjenner

meg så pass no. Nei det er du som skal ha henne. Det må du vel vita sjøl òg, det?

Håkon står andlet til andlet med broren att.

– No tier du still! Eg råder deg til det. Eg meinte elles du visste at det er slut her i garen no.

– Slut, seier du? Johannes stirrer blankt på han.

– Eg sa det ja. Slut, sa eg.

Johannes står still ei stund. Han lid vondt. Det ser ut som han ikkje har fresta det før; han gjer seg bratt og nektar å finne seg i det.

– Ja men du veit det er a Ellida som høver for meg, seier han. Og da så – er det ingen skade skjedd. Du gjer det *du* tykkjer er rettast, og eg gjer mitt, eg er da ein ærefull person? Eg er ikkje ærelaus, meiner eg. Du treng slett ikkje stå så ihelslegen for det der.

At nokon kan vera slik! tykte Håkon. Så fånut og så fri. Så reint bortom blåfjella i all sin tanke og alt sitt snakk.

Vestavinden susa langt ute i verda nokon stads. Solskin var der visst òg.

Da kremta Johannes eit par gonger, og så sa han:

– Ja ja, Håkon, eg bed deg om tilgiving. Eg gjer det ja –

Lenger kom han ikkje. Han vart skjeiv i andlete, stod og stridde det han var godtil, men det nytta ikkje, det bar i låtten med han. Han skjemdest for det han ikkje klara det bedre – dermed måtte han le til det òg.

Da Håkon hadde set litt på han, gjekk det ikkje bedre med han. Slik hadde dei ledd mange gonger. Men det var *før*.

– Ja det er første gongen eg har prøvd å be om noko slikt, sa Johannes da han fekk andlete i ro att. Du skal ikkje vente det bedre. Og så er det rettast, ser eg, at eg kjem meg utor vegen her. Eg høvde ikkje her. Eg såg berre korles det skulde ha vore, – eg vilde berre *sette deg i veg*. Stavsund-gutane! sa eg med meg sjøl.

[96] – Jaså? lo Håkon, han var hjartans lystig. – Jaså?

– Ikkje flir åt det du, stor-bror. Lat ålvor vera ålvor.

Håkon lo høgt. Han lo til det med, at denne skyldlausingen hadde han så nær lagt hammar på her i sta. Eg hadde for resten teke til vettes sjølmint, trøsta han seg, dette i ryggen var ingen ting. Og lat oss no bli ålvorsfolk i andlete att, og snakke det som trengs om pengenøda vår, om heile ruina han har rota til. Han lyt

svara meg, i alle fall.

Men Johannes vart han for snar: – Eg gir frå meg parten min i mølnbruke. Ta i mot, vil du ha det, heile stasen, rubel og bit! Ja kva seier du?

Håkon vart litt grå med det same, og oppi hårrota under hattkanten vart han isande kald. På nytt var Johannes utriveligaste skapningen han nokon gong såg, no fekk dei akte seg bae to! Å nei, for resten – –

– Ja, kva seier du, *let* det i deg? Johannes smilte og venta, høgt ovanom broren.

Ingen ein kunde nemne pengar eller andsvar til det menneske der; Håkon såg bort.

– Det skulde no ikkje vera nokon hundlort å by folk, heldt Johannes ved, han hørtes smått arg no. – Det er berre eg som har slept trua på det. Berre eg for min del.

– Hm. Kor har det vorte av trua no da?

[97] – Ho er i utlande og flyttar fjell; det er hennes arbeid. Men du, Håkon, du er ein sjøplagar, eg seier det som eg ser det. Du tenker over for mange ting.

– Du får ha takk da, sa Håkon. Han kunde gjerne ta i mot, han var tukta til fattigdommen korsom var, det var einast litt hardt å bli så brorlaus som han var no. – Eg blir rettelig despot her nede no eg da, sa han.

– Ja da, no sitt du som du ønska det. Så får du ta støyten og betale sildgarna mine, når tida og rekninga kjem; det vart ikkje så eg fekk gjort det. Kva?

– Jau jau. Det stemmer det.

– All ting stemmer, når vi berre vil det.

Johannes stod litt enno, men så likte han seg ikkje lenger, han la hendene på ryggen og slong sin veg, gjekk frå den eine kvenna til den andre. Noko å gjera der hadde han ikkje no lenger. Håkon tok hammaren og gav seg til med kvennsteinen. Det var eit slag straffarbeid han måtte lide. Han slapp billig, fekk han seie. Somme får kvennsteinen kring halsen, og litt av kvart slik. Johannes kom slengande framom og gjekk ned troppa. Han hadde stridd i frå seg her no.

Det kom for Håkon at han måtte bli mørkredd når han vart åleine.

\*

Det var solblinde sundags føremiddagen enno, da Tale nådde fram til garen

der Ragnhild skulde <sup>[98]</sup> vera. Ho kom kjørande, med stasjonsskyss, for føtene bar henne ikkje så lang veg. Ho hadde kjørt over bakke og dal, eit underlig land, måtte ho seie, ikkje var der fjell, og ikkje var der flatt, og der til var det blindfødt, for der var ikkje sjø for auga å finne. Dei klara seg vel for utan her. Dei hadde havt tørsommar, kunde ho sjå, det var her sola hadde halde til.

Ho steig av og gjekk i kvar motbakken, same kva skyssguten sa; – eg vil heller hinke og gå, enn utplaga hesten sjå, let ho, lat det gå på rim berre, alt var dikt og eventyr i dag.

Det var ein stor gar, det såg ho på uthusa, storgar og velstand ja, lat oss bite hue av skamma og sjå inn om her er storfolk òg. Ho bad skyssen vente, snudde om og betalte han, men bad han vente like vel, og lova han ei halvkrone når ho kom ut att, – så rømte han ikkje i frå henne. Resten fekk det våge seg med. Her kunde ho kjenne på seg at Ragnhild hadde gått nylig; det var *rart*. Så, i Guds namn, inn med deg!

Ho kom inn i kjøkene. Stort og lyst var det, og der kom det eit midalders kvinnfolk frå eit anna rom, det måtte vera kona i huse. Tale helsa, men elles braut ho folkskikken og gjekk beinast på, spurte om dette var nordre Solum. – Ja ha. – Ja vel, da har eg komme rett i veg. Har De ei budeie her som heiter Ragnhild? – Ja.

Ingen bad henne sitte, så fattigslig såg ho ut her i garen. Ho tok fram gullure sitt, dette jåltinge <sup>[99]</sup> ho fekk av 'n Johannes da han kom heim, kjeda var tung som ein liten kjettingstubb; men den andre ansa det ikkje, ho stod berre og drog i si eiga kjede, som ho hadde over nakken, og så spurte ho Tale om det var budeia ho vilde snakke med. Budeia var i kirka, frua såg på gullure sitt og tenkte. Det var ei lita mørkvori kvinne med småkrusa hår, ein laut visst seie frue til henne?

– Er det langt herifrå til kirka, frue? spurte ho. – Nei, ikkje så langt, just, sitt ned og vent! Ver så god! – Takk som byd, men er det *langt*? – Nei som sagt, ikkje så fælt langt. – Ho skjønner ikkje det folk seier, gjekk det opp for Tale, så langt sør kan ein komma. – *Er* det langt, spør eg, ei halvmil? – Å nei da, ein fjerdings veg, ein halvtimes gange. – Da kjører eg dit. Ja far vel da, frue, eg klemmer i veg; eg har skyssen ventande.

Den andre såg litt undersam ut, ho vilde visst i snakk med Tale, ho var venlig som vitansjuka å sjå til, – far vel, frue!

Jau, ho nådde fram til kirka før det var slut. Enno ein gong bad ho skyssen vente, og lova betaling så ho var uredd for den skyld.

Hjarte skapte seg til i henne da ho skulde inn, ho måtte bie litt og snakke seg til ro: – Har dei ikkje større kirke, her der alt er så gromt? Steinhus, kalkpuss, småe vindauga – dei står ikkje særst høgt i gudsfrykta, kan hende? Kva <sup>[100]</sup> er det for ein Gud dei dregst med her da, måtru? – Huff nei, eg meiner ingen ting med det! eg veit da du er den same, kor ein råker deg, og var vi så bra som du er, da stod det ikkje på. Og ho Ragnhild ho har leita hit, ho *er* her, straks innom veggjen! Tale tykte ho laut sette seg beint ned der ho stod. Men ho tok seg mannskap for og såg bortetter kirkegaren deira:

Nei sjå kor dei har døydd her òg, døydd og døydd. Ein heil tusterskog med gravkors og merke. Å ja, menneske, du døyr da flittig nok, men korles har du levd? Ja men stå ikkje her og prat no, Ragnhild sitt her inne, så nær er ho, her har ho gått i dag, til Herrens hus – – her kjem eg kan tande inn døra eg òg, eit frammandmenneske, sjå meg de som vil. Men lat oss no ikkje ta dette alt for storveges! No syng dei!

Dei song så kirka stod i ein óm og dirra, så det reint gjømte Tale med ho monna seg frametter midtgangen. Endelig såg ho det ho vilde sjå, der sat Ragnhild midt frami kirka, og bakom henne var der eit rom ledig. Tale sette seg der. Det sveiv eit grand rundt for henne, ho måtte dryge noko før ho såg opp att.

Tale sat slik at ho såg litt av andlete til Ragnhild, frå sida, det var like attmed henne. Enno hadde ho litt av denne rundinga i kinne, og same lysdæmde hamleten, herre gud, ho hadde same drage kring munnen, men det var stulder å sitte slik og sjå det. Der sat Ragnhild, etter <sup>[101]</sup> alle åra og hendingane; no lutte ho seg og såg i salmeboka; ho hadde grå kufte på, og grått silketørklæ på hovude. Tale såg der var mange kvinner i hattstand, ho tok seg for og såg både dem og mangt anna, elles vart det henne for rart å sitte her.

Så mager ein Kristus på altertavla, her i storbygda! undrast ho. Svolten må vera det styggaste dei har hørt fortele om, å vera u-mett er gjerne ei skam her. Å ja, vi diktar no i hop gudsrrike på kvar sitt vis. Og så slik *stas* til lysekroner!

Presten var for altere. Han song, og dei andre song og svara. Dei svara og song, høgt ovanom alt anna, ovanom sorg og lykke og same kva ein tenkte på, Han oppi himmelen måtte gløyme syndaren nedpå benken her for slik vakker låt,

det var til hans ære det tona slik. Utrulig at menneske hadde slikt hjarte å synge ut av. Ho vart armodslig einsam no.

Ho vart enda meir einsam da ho hørte orgle. Orgle heime var det år og dag sia ho hørte, og da let det berre som blekktonar og anna ulåt omeinannan, å ja for resten, det vart da høgtid av det òg når ein lya trutt nok på det; men det var den tida og der, det var før ein vart skapt, så å seie. No sat ho *her*. Og her gjekk det i veg med full himmelkraft, med så mild ein tone at det var Herrens røst, så over vettes mild og gudelig, at ho tenkte sterkt på å komma seg ut att.

Og folk stemte i og song utgangssalmen. Heile <sup>[102]</sup> kirkelyden var med i det, kvar ein og alle sammen, – ja lat dem synge og vitne alt med dei har kreftene til det!

Men song Ragnhild? Tale bøyde seg fram og såg etter. Nei, Gud skje pris i denne stund, Ragnhild ho song ikkje, dei var to som tagde. Ho såg i boka ja, eller såg ho i golve? Men korles let dette her for *henne*?

\*

Ragnhild tykte ho hadde gått til kirka *like vel*, for kva vilde ho der? Ein og annan gongen hendte det: ho tok salmeboka si og gjekk.

Dagen var så klår, så utrulig lys og klår, ein syntes ein såg ut over all verda vid, og der var sol og helg heile vegen; ein måtte ta seg einkvart særlig til, og så gjorde ho det.

Klokkene hadde ho ofte hørt, dei kalla og mana, men det let gjernast så usælt, ein heimlausing som ropa på ein annan heimlausing, på henne ja, men ho var ikkje så fattig innvendig som dei trudde, derfor snudde ho seg frå dem. I dag hadde dei eit gladare mæle, dei og godvêre hadde funne einannan, høgt oppi blånaen og langt utanfor verda, det hørtes som dei hadde ei ny sanning å vitne om. Malmklangen song seg gjennom lyse og himmelen og skulde så evig langt. Det var vakkert. Visst ein da ikkje kom til å tenke på, at det var menneske som vilde forkynne for dem i andre himlar kor mykje gildare det er i *vår*.

<sup>[103]</sup> – Ho òg hørte orgle; det tona med makt og mynde da ho steig inn. Ho gav seg over og undrast: Den tonen kunde ikkje vera menneskeverk like vel? Ho sat og lya på han i denne stunda: Er dette det djupaste eit menneske kan fortele om seg sjøl, og det høgaste det anar om dei andre ting? I dag vart kanskje folk fødd på nytt, dei som ikkje hadde anna å tenke på, dei sat og såg himmelen open? Sjøl

veit korles dei hadde det. Ho hadde ingen ting med det.

Det var elles underlig nok i dag. Rett som ho sat og halvdrømte, og dei song og forsvor seg til Herren rundt i kring henne, da *vakna* ho. Ho sat sannelig og tagg Vårherre at han måtte tilgi henne, og Han sat der oppe og tok seg i skjegge, halvt i andre tankar: – Ja ja ja, vesle – kva var det no du heitte i gjen? Ragnhild ja, javisst! Jau jau, sa han, du veit eg er ikkje hardare, det lyt bli ei råd med det. Og ho takka og tok i mot med fattig hjarte; og Han gav seg til å lye på songen deira, dei priste han av alt sitt evle, der kunde ingen vente seg meir.

Slik hadde ho sitte. Men det vart i dag som andre kirkedagar, at denne mangmente songen, denne ovsterke einigheita, den gjorde henne både motlaus og vond. Ho sa det beint ut, hjarte drog seg i hop og sa det: – Kva er det eg har gjort deg til gale? Han rømte med seg og såg ned til henne, smilte allvitande og godslig og undrast ikkje på henne; sia vart han fortenkt og sat der <sup>[104]</sup> i sorgmild ro. Ho vart kald, ho tykte ho fekk ein hellig kulde i seg. – Ho kunde ha spurt han ein gong att, kvifor han la denne gjerningen på henne, – det var nær på ho spurte høgt. Ho svara seg sjøl, for der *var* ingen annan til det, ho svara slik ho hadde gjort tusen gonger før: – Ti still du! Du skjønna det ikkje om det så vart sagt deg, menneske er dummare enn dyre. Der finns ting som ingen skal skjønna.

Ho skjemdest. Ho tykte mest dei hadde gripe henne i at ho sov under preka.

Folk reiste seg og stod. Presten signa dem alle samén.

Da dei gjekk ut or kirka, maka Tale det slik at ho var tett framfor Ragnhild. I døra vart der fjølde og trongt, men Tale heldt romme sitt. Gong for gong fór der ei skjelving gjennom henne. Ragnhild var så nær attmed henne. Ho måtte vel undrast på kven det her var som rugga og gjekk så reint for truverdig. Rettno skulde ho snu seg og sjå Ragnhild i andlete. Dei var i breidd no, og straks etter vart dei klemt i mot einannan, – Herre Gud, du ser oss her no! sukka ho.

Ragnhild var litt redd at dei trødde ned det menneske der, ho var ikkje noko overlag til å gå, visst. Utom kirkedøra kjente ho eit tak over venstre handa, ho som gjekk breiddmed henne trong vel å stø seg lite grand. Ute på kirkegaren slepte ho og snudde seg mot henne, stod og såg henne i auga med eit slag lått over andlete.

<sup>[105]</sup> Tale vilde seie: – Du skjønna vel ikkje kva det her er for ei purke som går og gnur seg innpå deg? Men einkvart sa henne at ho var ikkje Tale i dag, ein er

ikkje det ein ikkje vil vera, så vart ho berre ståande. Ragnhild drog brunene tett i hop, som i gamle dagar, ein gong langt att i levetida, elles var ho eit vaksemenneske no i mot da, i andlete og heile seg; der stod ting skrive i det som Tale ikkje gav seg om å sjå enno.

Og *no* drog ho visst kjensel på talskiva framfor seg.

– Ja herre gud, Ragnhild, det er eg! Bli ikkje forfæld for det, eg er her berre.

Ragnhild hadde svarte handskar på, som skikken var. Tanken fór som sylen mot hjarte: Det er plent som eg vilde gjømme hendene mine for folk. Men ho retta fram handa, og Tale stod og heldt henne i si. Tale hadde store gode hender. Ho var stor og god alt med seg. Gråte kunde ho ikkje, ikkje ho heller nei. Andlete vanlagast, ingen ein kunde ha kjent att henne, – Ragnhild såg ikkje på henne lenger. Da ho var lita stod ho visst slik nokon gong og kjente gråten vanstelte andlete, det måtte vera ein overhendig sollys dag straks verda var skapt, men det var inga sak den tida, ungen huka i hop seg og gret så det var ei sæle, gret i nakne hendene sine, med sola og kvitskyene stod og bia til det var over.

Ragnhild fekk Tale med seg ut kirkegarporten.

[106] Tale fann skyssen sin, og det var kjerre ho fór i, heldigvis, og så sette dei seg oppi båe to; – eg er ikkje mann til å gå, sa Tale, eg har vorte så skammelig gammal i fotstelle.

Hesten dilta og smått sprang, jamt og trutt, han sprang visst og sov, kva skulde slik ein stasjonsgamp anna gjera? Tale trudde ho hadde vore ei skyssmerr sjøl nokon gong i førtida. Men det var ikkje no det, gudskjelov.

Lande synte seg gong og annan, hågrønne vollar og gulnande åkrar, skogholt i millom, små furulundar stod til vêrs, så var der ein liten dal att, og ei skogli i sol – så garar og hus langt bortanfor der, heilt ut i mot himmel-leite, der synte det seg til med ei kirke.

– Nei Norig er eit *stort* land, sa ho. Og vakkert, for dem som liker det.

– Det er mange som liker det, sa Ragnhild.

Hesten dilta og lest som han sprang. Kjerrehjula gnaura i grusvegen, skyssguten sat og kaldblistra inn i millom at han smatta på hesten. Der var ei hjelp i det eine som det andre.

– Ja no er eg her, brast det ut av Tale, best dei sat og tagde. – Eg ser det der

ja, smálo Ragnhild. For det første, sa Tale, sa blir eg med deg heim. – Ja vi kan kalle det så, Ragnhild lo som før. Tale sukka. Men ho hørte sjøl kor sorgsamt det let, og strauk det ut att med gapfliren sin heimafrå: – Du hadde vist ikkje venta slikt kalvsprang av meg?

[107] Ragnhild tagde litt. Snur seg så mot henne og seier høgt og lyst:

- Fortel meg like snart med ein gong kva som står på.
- Ja eg skal det, Ragnhild. Eg skal det. Eg vil ha deg med heim!
- Ja men no er det eg som har Dykk med heim.

Tale tagde, men ho sukka ikkje. Ragnhild angra orda sine. Ho angra at ho var som ho var. Slik måtte vel ein allvitande Vårherre ha det, når han angra på at han hadde skapt menneske.

\*

Ragnhild fortalde frua på garen at her kom ho med værmor si, og spurte om ho fekk ha henne her nokre dagar. Ho snakka berrmælt og rolig, så det *fór* gjennom Tale. Slik såg ho på henne òg, godt og greit, mest som før i live, men det var ei Ragnhild ho ikkje hadde visst om. Meir og meir kjente ho seg nedfor, hjartans trøytt og motlaus.

Om kvelden var ho med i fjøse. Ragnhild syntte fram kyrne. Der var 16 av dem, og oksar og kalvar, og dér hang tavla til kvar kua, med namn og tal og anna rart. Ragnhild hadde ei unggjente til hjelp.

At ho kunde tala om slikt no. Tale torde ikkje ein gong undre seg.

Etter kveldstid stod dei ute ei stund. Bygda hadde vorte blundande still. Sola slo opp auga mot dem, over åsranda langt uti lande, såg dem og glømte dem. Litt etter var ho borte, Sia vart [108] himmelen til ein bleik smil; – slik måtte vel eit menneske smile som har funne fred. Ikkje lang stunda etter var han òg borte. Det var så underlig her, han let seg att; han sette ut stjernene for natta, og så var han borte.

Der var sett inn ei seng til på kammerse åt Ragnhild, dei skulde sova i breidd. Tale fortalde eitt og anna heimafrå, med ho tusla seg til ro. Men kva mon var det i å fortele, når Ragnhild ikkje var til stades og hørte på. Noko liknande kjente Ragnhild: Så langt borte var ho frå alt det der. Tale sat og flytta seg i senga. Endelig nemnte ho Hallvard: – Han søv no, sa ho. Ragnhild såg på klokka og

undrast eit grand: – Søv han no alt?

– Men det blir ikkje folk av han! Tale hadde gråten i måle da ho sa det. Det blir varg av han! Ragnhild var nær på å seie at det får stå i Skaparen si hand, men ho hadde ei minning frå før om at slikt sa dei ikkje.

Tale låg og tagde. Der etter kviskra ho kveldbønna si. For Ragnhild var det som ho vakna av ein lang og vond draum og fann seg att i ein som var verre. Ho syntes ho levde i den tida da ho hørte kveldbønna til Tale første gongen.

Dagen etter gjekk Tale på Ragnhild med all si makt. Ho snakka både om Hallvard og Håkon, om kor gale det var og kor gale det kunde bli.

Ragnhild hadde teke henne med seg og synte henne hagen. Men hagen var ikkje til for Tale. <sup>[109]</sup> Da sa Ragnhild det, slik det var: At ho var død og borte frå all ting der nord.

– Ja eg veit det. Men du skal stå opp att! bad Tale. Munnen hakka som ho fraus, og fingrane klemte kvarandre i eitt vekk.

Ragnhild tok handa hennes, stod og heldt henne ei god stund. – Eg kan ikkje det eg ikkje kan, sa ho.

Der etter gjekk ho inn. Tale sat på ein benk i hagen. – Og her *blir* eg sittande òg, mumla ho. Trekronene stod høgt oppe i solskine over henne, ho syntes tida gjekk i syngande solskin der oppe, og sjøl vart ho sittande att.

Ragnhild kom og fortalde at ho hadde bedt seg fri nokre dagar, ho fekk leie menneske i staden sin; – så blir eg med Dykk på veggen eit stykke når De fer, sa ho. *Det* kan eg gjera.

Det tok tid før Tale kom seg så vidt at ho kunde seie noko. Det første ho sa var at – da renner vi lukt sør til hovudstaden først. Vi gjer det, sa ho, lat meg få sjå han!

– Gjerne for meg, svara Ragnhild og smilte.

– Ja for no synes eg det er gale like vel, og heime får det –

– får det stå i Guds hand ja, tok Ragnhild i. Ja da, det får det. Så fer vi i morgo da.

– I morgo den dag ja! Og med seg sjøl sa Tale, at kor det så går, så må eg få henne til å snakke, til å tie, meiner eg, til å vera Ragnhild att.

Men frå Ragnhild kom det med ein liten lått:

[110] – Er det tukthuse mitt De vil sjå?

Tale sokk i hop. Så lo ho i rådløysa si:

– Trur du ikkje ho gissa på det! No sitt du her no, Tale, med slugheita di. – Å ja skit, du sat no ikkje så rart før heller, alltid. Og så ber det da i veg med oss, det kjenner eg.

Næste dag sa Tale at ho var ikkje godtil å tenke på hovudstaden eller noko anna slag hefte, ho åtte ikkje ro i seg før ho var heime.

Og du blir med meg, sa ho. Eg tør knapt tru det, enda så sant det er.

Ragnhild smilte, men ho svara ikkje. Dei kjørte til stasjonen og tok toge nordover.

– No fer dei i veg med oss! sa Tale da toge hadde komme seg i gang. Berre vi no kjem tids nok!

## IV

[111] Dagane kom og gjekk, over Stavsund som over bygda elles. Somme av dem var gråe kvardagar, der var ikkje himmel over dem, syntes ein, berre regnvêre eller skodda, ja og ikkje bles det og ikkje let det vera heller. Det var no dei dagane. Andre av dem kom i sol og gjekk i sol, og om det så var Håkon så måtte han sjå dem: Stavsund låg der, så gild ein gar du berre vilde sjå, og bygda i kring lyste det og skjein på, haugar og moar og gar for gar; lande kunde opne seg med ei uventa vidd framfor han, verda er ikkje nokon dårlig ting, og det er ikkje live heller. – Nei nei, svara han. Eg har da ikkje tenkt å sette det ut av kraft.

Alle på garen venta Tale heim. Ein dagen visste dei ho kunde komma med båten. Næste gong tykte dei ho *måtte* komma; ho måtte komma enten ho var åleine eller ei. Det la seg som ei plage over huse, for ingen vilde nemne det.

Håkon såg at Johannes var tynn i klæane, han hadde det visst så kleint som han kunde ha det. Gong for gong sette han seg for at han vilde ta og riste i hop han og snakke ålvor med han; – [112] rettno får det bli, sa han. Og der etter går eg til Henningstad, det må gjerast det òg. Eg forteler og tilstår, alt samene ja, eg får stå der som hunden framfor dem, inga råd med det.

Og for kvar gongen sa han: – Det er betterde mangt ein må gjera òg!

Straks etter sa han til seg sjøl, så mildt han kunde det: – Lat berre ikkje æressykja ta vøre frå deg no. Du er ikkje meir enn lett såra; det er langt her i frå og til martyrdøden.

Han vona ho mor ikkje kom stupande heim før han hadde tingen i stand, Ellida ut or huse og Johannes gift og jordfast på Henningstad. Så kunde han møte mora ja, same kven ho kom dragande hit med. – Eg får jordfeste bror min i morgo den dag! song han.

Johannes vilde han for resten ikkje gi nokon ans, før han hadde vore vestover og snakka med *dem*, med Periander og Borgny – – kva kom dei til å seie, tru? Korles kom dei til å sjå ut? Det fekk skure og gnu. Han skulde i alle fall få dem til å høre på seg.

Nei ho mor kom ikkje, gudskjelov!

Stundom ansa han på at han gjekk og var redd, redd det skulde bli stilt i kring han, at einkvart skulde syne seg for han; han torde ikkje stane i arbeide. Da tok han seg på tak og gjorde det like vel.

Det viste seg, at det berre var seg sjøl han ottast for å bli vår. No ja, det var vel slikt slag <sup>[113]</sup> med andre òg det, det er berre dei dumaste som lystar på å sjå den gasten. – Men, men, tenkte han, lat oss sjå litt på han. Vi gir oss tida og ser på personen.

Eit hårsårt menneske, ein hudlausing kunde dei likne han med, men han er dømt til å tåle det same som andre. Han er glad i stryk liksom katten, men stryk dei han mot håra, da skrik han. Ei tid gjekk han her og smått spann når dei strauk han, når dei sette han som høgast. Og enda vanakta han æra så det var ein lyst. Trudde han da.

Og no er han hoss Periander, den kvelden, og frestar å range av seg godlåta deira, han snakkar så ugudelig at han må fryse sjøl-seg. Og så nyttar det ikkje! – Ja men dei skulde sjå meg som eg *er!* sette han i. – Å hysjt da! Ikkje nokon hanefakter her! He! *du* veit vel ikkje korles du er? Spør dei andre, når du har fått dem i mot deg ein gong.

Ja vel, og same personen står i kvennhuse, andre høgda, til venstre for troppa, med hammaren i handa, står og veit at han er mordar, at han er svarte Kain. Og det er det vel han har vore redd: å få sjå at han er det og blir det, for det om der kom noko utanfrå, eller ovanfrå, og hindra han. Skal han møte Ragnhild,

da lyt han sjå henne i auga slik og ikkje slik. Ja. Og enda vera sterkare enn henne og mor til samem.

Han tok til med arbeide sitt på nytt, og da Johannes kom, gav han seg til og snakka med <sup>[114]</sup> han om det som først fall han inn. Broren hadde aldri vore bedre å ha i nærheita enn no. Det var ei døgervill kjensle, han vart ståande og sjå på Johannes ei lang stund.

Johannes smilte til han, mest som eit barn som har gråte, og så hufsa han på seg og lesste grønfør som han skulde ha dobbelt betaling for det. Det var mange dagar no sia han arbeidde.

Same kvelden gjorde silda landgong. Steng for steng vart sett, heile lande frammed på denne sida fjorden, og dagen etter var Stavsundvågen full av notbruk. Det vart storveges til styr, der kom ein heil flåte med saltarfarty etter kvart, kjøpte sild og sette verkinga i gang fort vekk. Det var halve mannsalderen sia her hendte slikt. – Og fell her litt valdslott på Stavsund, da trengs det i alle fall, kom Håkon i hug.

Johannes tok sjauarbeid hoss skiprane og tente dagpengar som ein kar. For han var det visst så kjærkomme som ei faderhand i nøda. Noko liknande var det for Håkon òg. Det var da endelig live som kom hit, levande live braka mot øyra hans, det var som ein velmeint dask, ein øyrfik. Det han hadde gått her og tråkka og plaga seg med, det var berre skuggen, berre sjæleliv og skugge alt i hop.

Like vel sa han stopp, da Johannes vilde dei skulde kjøpe sild og sende sørover.

Han kom brasande på han fullsegld ein dagen, langt borte på jordene, han kom slik den gjer som <sup>[115]</sup> vil gjera deg lykkelig: – No svær vi oss samem og kjøper ein sildlast, Håkon; den som er snar no, han tener *peng*! Kasper Kiran har salta last i storbåten til Paul og stryk sørover i morgo den dag. Vi klemmer til vi òg!

Ikkje noko kunde ha vore trøysamare enn å føye Johannes no, han stod der og vilde gjera Håkon bror sin rik.

– Nei, det gjer vi ikkje, svara han. Ingen ting å kjøpe for, og ikkje vett for to skilling på slikt. Vi har spekulert nok for det første.

– He! sette Johannes i, er du blå frøsen da stakall? Eg *har* for resten kjøpt, to båtar sild, det er avgjort det; eg leit da på at du – –

Håkon knip att det eine auge og ser på broren.

– Eg burde ha smurt opp deg den gongen eg tenkte på det, sa han.

Johannes vart mørk i åsyna. Men litt etter kvart vart han tung til motes og såg ned.

– Ja eg har stelt meg kleint, mumla han. Det blir verst når ho mor kjem heim. Og så ho Ragnhild – eg veit ikkje kor eg skal gjera av meg. Men du veit, mannar han seg opp: Eg går i mot dem som løva i mot menneske.

Han smiler mot Håkon så godt han kan, og *bed*:

– Men vil du ikkje vera med like vel da? Orda stal seg beint inn i Håkon. Han tykte alt han hadde gitt seg og gjekk spekulasjonen og galenskapen i vald; – «nu vi står to brødre sammen», <sup>[116]</sup> syntes han høre Johannes song. For live er da live, tenkte han, og var nær på å seie det.

I staden svara han tørt og hardt ut i vêre: – Det kjem ikkje til å skje nei. Vi er ikkje skapt til det.

– Du er som skapt over heile din kropp du! fór det ut av Johannes. Men eg let meg ikkje stane av deg, det kan du klipe deg fast i.

– Smågutprat, sa Håkon.

– He? Tek du til og blir yven?

– Smågutprat ja. Av deg. Nei eg burde ha banka opp deg den gongen eg tenkte på det.

– Var det ikkje drepa meg du tenkte på?

– Å, kva eg sa og ikkje om det – – vi veit ikkje så visst kva vi tenker, all tida.

Regne snerde i kring dem, ein villstyren eling vestanfrå, han var reint mannisk. Dei ansa det og bretta opp trøyekragen, sette ryggen mot vêre og bia. Da gav det seg.

I det same såg dei Kasper Kiran kom oppetter sjøvegen. Der kom mange no om dagane, men han der likna ingen annan. Han gjekk med hendene i trøyelomma og lutte seg på ein eigen måte, kva det no var eller ikkje han gjekk og såg ned i.

Der var einkvart ved denne mannen som plaga Håkon til å harme seg. I eitt eller anna måtte dei vera for lik einannan, trudde han.

No såg han dem. Han stana og tok ei avgjerd, og kom så beint over ekra. Han

var så mild i gonglage; han strauk seg over skjegge eit par <sup>[117]</sup> gonger, med frelsarhendene sine, som Johannes hadde kalla dem. Johannes såg visst berre ein djuptenkt mann i han. Så frisk var *han*.

– Du barkar nei da? spør Johannes før den andre når fram.

– Dess verre ja, mumlar Håkon og helsar med det same på han som kjem.

Dei sa det som til skulde, om vêre og sildsjauen. Men det var eit telegram han kom med. Han gav det til Håkon. Han fortalde fort og ivrig at han fekk det på telegrafstasjonen, han var just over fjorden og telegraferte, for telefonen her var sprengt av sild og prisar og all slag skippertak, så tok han det med, som sagt.

Håkon skjønna straks det var noko om mora. Han stod med det i handa og spurte om Kasper òg hadde slege seg på sildfortenesta.

– Ja, svara han og lo, eg er som tjuvjoen, når eg ikkje kan fiske sjøl da lyt eg hogge frå dem som kan det; – ja dei fekk leva da, han letta på huva og gjekk.

Der fór den eine ulykka, og her står eg med den andre, tenkte Håkon. Han braut telegramme og las det. – Ja ha, sa han og retta det til Johannes.

– Mor Dykkar døde her i dag, stod der. Og så sjukehuse i stiftsstadene og datum og klokkeslett, men ikkje noko namn under.

No òg såg Johannes ut som eit barn. Det er einast uredd manns auga som kan bli så hjelpelaust <sup>[118]</sup> blå. Heile det sterke andlete vart eit barneandlet, han visste om det og vart arg.

– Kan du fortelle meg kven som har lyge i hop det her? spurte han hånlig. Ja for du trur da ikkje det er sant, he? Død? Det er da ikkje lang stunda sia ho reiste?

Kven som har sett i hop det ja, tenkte Håkon. Nei det visste ikkje han.

– Men var ho i byen da? kom Johannes på.

Håkon svara ikkje. Dei stod og tagde ei stund, med ein ny regneling kom piskande. Rettno var han reine nordvesten, notfolke laut sjå til stenga sine snart.

– Ja ja, sa Johannes, du får legge i veg sørover du da. Det er ditt namn på telegramme.

– Mitt? Håkon vart ståande som han nett hadde vakna. Eit tak såg dei einannan djupt i auga. Håkon snudde seg og såg like sælt ut i vêre:

– Ja kven som har sendt det, det får no vera usagt. Men det blir du som må i

veg. Det er ålvors snakk det. Eg får enda nok å gjera, her skal vel vera gravøl? Ja. Og i overmorgo er det herredsstyre-møte; du veit kor hellig eg har lovt ordføraren og dei andre å møte fram. Periander tilgav meg aldri om eg sveik han i det, ja eg måtte vera mørklett òg visst eg gjorde det.

– Nei nei, sukka Johannes. Du har aldri vore i beit for grunnar du, veit du. Litt etter har det fare ei uro i han, at han må i veg ja og det med all som først, han spør om lokalbåten kjem <sup>[119]</sup> her i morgo-tidlig, og om den når postskipe sørgående, i Mesund?

Håkon svara at det stemte. – Og det går jamgodt med snøggruta, la han til, det stoppar kanskje eit par stader. I over-morgo tidleg er du i byen.

Johannes stod enno ei lita stund. Auga hadde vorte langsynte men strie, munnen drog seg til tak for tak, Håkon kjente att bror sin frå mang ei avgjerdsstund. No letta han på huva eit par gonger, slik faren hadde for vis. – Ja vel, ja vel! mumla han og knipsa med fingrane, sette så auga i Håkon og sa: – Eg legg i veg!

Håkon vart litt undren med det same, det var ikkje ulikt til at Johannes skulde ut og ofre live sitt for ei sak. Men han glømte det snart att. Der var andre ting å tenke på.

\*

Da dei var oppved stua heime, hørte dei kakking frå vågen, det hamra høgt og hardt så bergknausane svara. Det var Kasper Kiran, fortalde Johannes, han hadde leigd Paul og storbåten hans, det der kunstverke med maskin i, med *motor* i, der gjekk han ja, som eit anna dampskip, ut sunde og til fjords; den første i Norigs land av det slage, trudde han, – sjå kor han går! Der kunde eg ha fått skyss til byen, dei går berre til Henningstadvågen i kveld. Johannes såg fortenkt etter båten.

– Er du gal, sa Håkon, du fortrudde no vel ikkje live ditt til det sjølmordarverktye der?

<sup>[120]</sup> – Dei har segl attåt. Og 'n Paul har vore langt til havs i sommar, fleire vendingar, og har komme att med live kvar einaste gong. Og i utlande – ja du har da lese om motorfarty lel? Men dampskipe, veit du – –

Han var alt i farten med å sette seg i stand.

Håkon hadde ikkje stort å seie han, og ikkje var det godt å få tak på han heller; og enda mindre såg det ut til han hørte det som vart sagt. Ellida òg måtte ha seg unda vegen når han kom settande og skulde ha barbervatn eller kva det no var. Mannen skulde ut å reise!

Det vart Håkon som måtte fortele Ellida at Tale var død. Det bar i gråten med henne. Ho hadde vel ikkje langt etter tårane i denne tida. At ho virkelig hadde vore nokon ting for han! Han strauk henne med handbaken nedetter kinne og gjekk sin veg. Han grøssa alt med seg.

Ja. Ein dagen her kom han friande inngjenom døra til henne, så å seie, var det ikkje moro å minnast? Så var Johannes der ja, og der med vart 'n Håkon frelst. Så vart han frelst den gongen òg ja. Menneske blir berga i einingen, det lyt finne seg i det.

– Og med henne der, med slik ei brur, skulde du Johannes fram til altere? gjekk han og snakka med seg sjøl. Nei far, i morgo den dag forteler eg værfar din om heile nøda, eg undseier hr. Periander på live som lensmann, visst han skapar seg rang! Borgny, ho skal eg alltid få til å høre på meg.

[121] Men best han gjekk, så *svor* han: – Nei så gu, det får du gjera sjøl deg, Johannes!

Han fortalde Hallvard om farmor. Gutungen lest som ingen ting, han kunde vera farlig så vaksen ofte, men seinare om kvelden skilde han lag med Ellidaguten og var ikkje rettelig lik seg. Håkon kjente han var ikkje lik seg han heller, det var ingen her i huse i kveld. Så nær som Ellidaguten, og at *han* hadde vorte på-sett det var ei skam. No gjekk han og venta på ein halvbror, han visste det alt, for han var allvitande, det var Satan òg i si tid. – Men lat oss ikkje slå, kva vi så gjer, åtvvara han seg.

Johannes pakka kofferten og stelte seg i stand, han tok laug, og sjøl veit om han ikkje salva seg òg. Heile natta dreiv han på, etter det Håkon kunde høre. Om morgonen var han oppe i otta og gjekk og venta på dampbåten. Han såg ut som han hadde glømt erende sitt og kom i hug berre reisa.

Men best det var, snudde han seg til Håkon og sa: – Ho mor slapp unda mangt ho.

Han sa det med ein liten smil. Han var visst ikkje lite lei seg for di han hadde stelt det slik det var. Han hadde venta det skulde bli langt ansles.

Så var det farvel og lykke på reisa.

Båten fór med han, og Håkon gjekk åleine oppover frå sjøen. Nordvesten hadde auka på, han var stormen no, og meir såg han ut til han <sup>[122]</sup> vilde bli. Vêrandlete var alt anna enn godlidande. Det vârskudde om at hausten var ikkje langt unda; det trua både notsteng og dampskip og litt av kvart. Johannes kom til å få ei våtvori reise. Men det hadde han godt av.

Det kom over han best han gjekk, at han levde i ei gammal og ferdig tid. Sia kom her dagar da ingen tenkte på vêre og slikt, dei hadde vunne over det og glømt det. Men da kunde dei kanskje ikkje glede seg over godvêre heller? Nei nei, så var der andre ting å glede seg over. Og det vi no kallar skam og ulykke, dei har gjerne vunne over det òg da? fresta han å tenke seg. Det vi trur, og det vi nektar å tru, det har fare sin veg og kan aldri finnast meir? – Blås! smilte han, det var denne maskinbåten som fór her og skrytte, han gjer vilt av folk.

Han hadde just fått i veg telegramme om at dei kom og henta like. Da blir han vâr at Ellida er meir enn vanlig ulykkelig. Ho ser på han som snarast, så han kvekk: kva er det menneske vil rope til han? Først snur han seg frå henne, han vil ikkje sjå henne i dag. Men uroa sig på han og veks over uviljen, han må høre kva det *er*.

Ho kom ikkje åt borde til frukost. Kva var det som klemte henne, ho vilde da vel ikkje fortele at ho hadde mist mor si ho òg, eller værmor si, rettare sagt?

Da ser han det. Stilt og rolig står det der: Ho har mist Johannes. Han fór no.

<sup>[123]</sup> Slik er det og ikkje ansles. Johannes kjem ikkje heimatt, det kunde ein ha set på han da han gjekk om bord. Han såg ikkje livs von for seg her; han ruska med seg skrape sitt og sa farvel til live her heime.

Håkon hadde vorte kald i klæane. Men han sette seg for at han skulde eta seg mett før han gjekk frå borde, og det gjorde han.

Han venta til han fekk Ellida på tomannshand, og spurte kva Johannes sa da han reiste.

– Han sa far vel, svara ho. Ho såg trassig på han.

– Og så bad han deg komma etter, ikkje sant?

– Ja! tilstod ho, og der med gret ho på nytt. – Eg har ikkje *lov* til å fortele det!

–Er det til Amerika han skal da? Svara meg på det!

– Ja han trudde det.

Håkon stod litt. Han skjønna at Johannes så smått hadde stelt seg til ferda føreåt.

– Kor mykje hadde du å låne han da? spør han.

Ho vart raud, men ho såg halvt lykkelig opp på han: – Eg hadde ikkje meir enn 50 kroner. Eg har nokre kroner til, men dei er i banken – han kunde ha snakka til meg før!

Håkon gjekk opp på loftet hans. Ikkje eit ord var der å finne etter han. Og snøydd for alt som hans var. Det måtte vera ein tung koffert han dragsa om bord. Håkon hadde ikkje komme til og set på han eller ta i han. Like til skinnhuva <sup>[124]</sup> hadde han ruska med seg. Det var no òg sjølv *hovudplagge* hans. Det dyraste i heile garen, etter det han sjøl fortalde; ei amerikansk oterskinnsheve.

Håkon minns da Johannes kom heim og hadde henne på. – Kva ho kosta? 4 dollars for skinne, og 3 i gjeringsløn, og der til 2 manns liv, det blir ikkje lite til sammen. To manns liv ja, billigare vart det ikkje. Det var så vond ein oter, dei låg 4 frostnetter ute før dei låg han i hel, og da den eine skaut oteren, julnatta, da skaut han i hel kammeraten sin med same skotte, og det vart han så lei seg for at han gjekk heim og skaut seg sjøl. Hadde kona hans òg skote seg, som ho tenkte på, da hadde det vore fire liv som gjekk til, om ein reknar oterlive da.

Slik kunde Johannes sitte og ha det morosamt, den tida. Det hendte seg ja, det var ikkje meir. Sia bar det i bygginga med han. Det var dei elles to om.

– Han var ikkje så lite i slekt med 'n far sin, mumla Håkon.

Men har han fare i frå oss no da? Spørsmåle strøypte han så han måtte opp og gå, skulde han få puste. Han fresta med å le litt: – Er du tjuvskræmt no da, Johannes?

Litt etter var det avgjort at dette fekk ikkje skje. – Stopp no her! sa han og gjekk til telefonen. Han vilde telegrafere til stiftsstad, til politie der, og be dem ta vare på kroppen til så <sup>[125]</sup> lenge, han kjem rømmande med eit pengeand svar og ymse ting elles, han hører lensmannen til.

Men da han ikkje fekk tak i telegrafan straks, ringte han opp Henningstadvågen og spurte om Kasper Kiran låg der med storbåten enno. Dei svara ja, og Håkon bad om å få snakke med han.

Mannen kom i telefonen, og Håkon spurte om han fekk vera med sørover til byen. Det var ja med første ord, men i dag var det ovbør. Ja, men Håkon let så han måtte av stad enten det rauk eller fauk, dei fekk da våge live for han, om ikkje meir; ho mor ligg på sjukhuse, ho er gjerne død no, sa han, og da lova dei å ta laust og fara så snart han kom.

– Eg må i veg og stoppe tjuven, sa han til Ellida.

Ho såg ikkje særst klokt på han. Og da han fór såg ho fiendsk etter han, så viss var ho på at der venta henne ei Amerika-ferd. Så det måtte vera bra rett det han no hadde for seg. Johannes skulde bergast i land, han vilde kalle det slik til han fekk bedre tid. No kjørte han.

Hallvard fekk vera med og ta heim hesten. Håkon snakka nokre ord med han, bad han vera snild gut, og fortalde han skulde i veg og hente heim a farmor, men da han hadde nemnt henne, smikka han hardt på hesten, for henne var han ikkje ferdig til å tenke på enno, det var Johannes han måtte ha tak i. – Reiser du i frå meg da? sa han inni seg, ein totre gonger. Han hørte kor <sup>[126]</sup> stakarslig det let, men kva råd var der med det, så einslig ein krok fór aldri denne vegen nokon gong som han no. Alle sammen hadde reist i frå han. – Å nei da, trøsta han seg, du lyg deg berre full; det gjer vi støtt når vi er ulykkelige.

Men det var ein *hending* at dei låg med båten på vestsida i dag. Dei hadde umulig komme seg ut fjorden og rundt oddane i dette vêre. Og da? – Ein hending er menneske òg, pla ho mor seie.

\*

Håkon hadde tenkt å styre innom hoss Periander når han fór gjennom Henningstad-tune slikt slag, for i morgo skulde herredsstyre-møte stå. Han burde ha sagt så pass som at han fekk bli lensmann utan hans hjelp, så *han* i alle fall visste kor hardt plaga Håkon var. Men han hadde ikkje tid, han måtte vera i byen når Johannes kom dit, elles var han brorlaust menneske for heile levetida. Han vart så jaga først han kom i hug det, det var nær på han hoppa ut or karjolen og sprang føre hesten.

Einkvan skikka Borgny fram i vindaug med det same han kom framom hagegrinda. Han vinka og stana, og ut kom ho. Han steig utor karjolen og snakka nokre ord med henne, i livda av husnova.

Først fortalde han at mora var død.

Ho tok handa hans, og klemte varmt og fast.

– Ja, sa han, og 'n Johannes har reist og skal hente henne, han fer med postskipe i kveld.

[127] – Å?

– Men eg må avstad eg òg. Du veit, *du* kjenner ikkje 'n Johannes enno, du veit ikkje – –

Det svara ho ikkje noko på.

– Nei. Men sei meg ein ting: Har du virkelig latt 'n få låne bankboka di?

Ho slepte handa hans og vart bratt i nakken. Han hadde set billete av ei kvinne som var slik, så storfelt brei millom augebrunene, og med slik lang og fin ein hals, – ja halshogd vart ho visst òg –; og just det ovmodige drage der ved munnen hadde ho. Men no vart ho Borgny att, ho fekk smale auga, og munnen smilte aldri så lite.

– Eg er 22 år, svara ho.

– Eg trudde det eg og ja. At du var full myndig. Men det var du ikkje nei, stakkar. Hm! hm!

Ho ser trassig på han. Men så seier ho, med auga ned mot grase:

– Eg trudde *du* vilde det.

Ho såg opp att og vart heit i kinna.

– Eg lastar deg ikkje nei, skyndte han seg og sa. Eg lastar meg sjøl. For eg kjente han ikkje eg heller, eg visste ingen ting, men det kan vera det same, han har det leit nok sjøl no; – vi skal da få han på rett kjøll att.

Ho fekk ha det å tenke på. Han hørte noko Lea sa eingong: – Når eit kvinnemenneske forbarmar seg over ein mannsskapning, da veit ho alltid kva ho gjer, og vel så det, og mest lykkelig [128] er ho når ho veit det burde vore ugjort. Men han fekk ikkje sjå om Borgny hadde ringen på i dag.

– Vera ikkje forfæld du, bad han, eg skal snart komma att med han til deg. Om han tykkjer han er aldri så uverdigg.

Ho kalla han ikkje tosk, ho sa ikkje noko, men han merka orde var ikkje langt unda.

– Nei eg må i veg no, sa han, eg skal vera med 'n Kasper Kiran og 'n Paul.

Ho mjukna fort, og spurte om han virkelig skulde fara i dette uvêre. – Du er da ikkje gal? sa ho.

– Eg er piska i veg, svara han.

– Ja men *kvifor*? sette ho på. Kan du ikkje seie meg det, Håkon!

Han vart rar til motes da ho nemnte han på namn. Han rista på hovude:

– Nei eg kan ikkje det du. For eg har ikkje tida no. Far vel da, og vera grei gjente. Og hels 'n far din!

Han snudde seg for resten og tok henne i hand. Så la han i veg.

Var ho sint eller var ho sorgfull? undrast han. Det fekk henge der til så lenge. Men ein slik tust til kar heldt han visst på og vart no, at kom der ei kvinne og vilde ha han, da var han herrelaust gods, da var han rek-ved å kalle. Han vilde ikkje ta Borgny i hand ein gong til, for det første. – Nei men no snakkar eg åndelig! fór det i han, Johannes var der og sa det.

[129] No ja, men han helsa på vêre da han kjørte vestetter, det kom farande mot han med vind og væte, i blindaste jage, og på same vise fór skydråtten over himmelen, slik kom eling for eling inn frå have. Fjella yvde seg i mot det, haugane sette berg i mot det, småskog og lyng vart strigla så det var eit syn. Heile lande var ute og gjekk i hardvêre.

Ja ja, statt du der til du blir til stein, han skulde lenger han for sin part og vart åleine på ferda. Han smikka på hesten meir enn vakkert var.

Han såg eit flak av sjøen utmillom skjæra. Han var stygg. Han vilde skræme alle som såg han. Men meg skræmer du ikkje, tenkte Håkon. Eg er for dum, eg kjem innanfrå landjorda eg. Og eg er ute i hardare erend eg enn du!

\*

Kasper Kiran rista på hovude til Håkon. Smilte gjorde han visst òg. Paul stod der som den havmannen han hadde vorte, brun i andlete og grå og kald i blikke, ein motstandar mot sjø og vind, hadde Johannes kalla han ein gong. Han skilde det lite korles vêre fann på å skapa seg til. Han såg på Håkon liksom han grunda over han; det gjorde han støtt.

Sjøen gjekk med kvite skomfrøsen i vågen, og for kvar elingen gneista det av båra og smått rauk. Sola rente fram millom skyene tak for tak, men ho var sløkt som eit blinda andlet, og det [130] same var himmelen, om han synte seg ei blink.

Så var det berre ville skyhave att.

– Du vil i veg no da? spurte Kasper Kiran.

– Ja, svara Håkon, ålvorsamt. Det var dette telegramme du kom med. Men han håtta seg så pass, at han fortalde han måtte vera i byen når postskipe nordanfrå kom dit, han skulde ha tak i Johannes, som var med der. Han måtte det ja, slo han fast.

– Ja ja? sa den andre og snudde seg til Paul.

– Motoren er oppelda ja, var svare.

– Skal vi skramla med den òg da? undrast Håkon. I slik ein bør?

Paul såg på klokka. Ho var straks 11. – Skal vi vera der i morgo den her tida, så, mumla han.

– Vi må vera der før, sa Håkon, han syntes Johannes heldt på og fór så det susa i han.

Det var for dumt sagt, dei hørte han ikkje. Dei hivde fram oljeklæda til han, og dem tok han på seg.

Paul sette motoren i gang. Det var ei merkelig hosting, som du hørte på eit lungesjukt beist, men det bar da i gonga like vel, det bar til å gå i takt.

Båten var ein gammal ranværing, ein diger slave med atterspegel som eit farty. Han la i veg og gjekk som ein annan dampar; så vatt dei segle, med tre klør til bords, og dermed var det full vasking og ein vålig fart.

Kasper Kiran såg ut som han smilte no, men <sup>[131]</sup> den mannen han trudde på måtte vita om det var slik eller ei. Håkon smilte i alle fall, til kvart skjære som kom kilande i møte med han og fór nordover, til kvar elingen som nådde att båten og gav han ny fart. Farten kunde gjera ein til menneske att, slik kjentes det. Dei tok leia for tvert og la henne bak seg, dei reid over opne havstykke, og dei pløyde smulvatne så røyken stod unda ripa i le. Byen *kunde* ikkje sleppe unda dem. Paul visste det, kunde ein sjå.

Håkon skjønna så pass av sjø og segling, at dette var vågelig ferd. Han hadde vore på Lofoten i 2 vintrar med han var ungguten, og eit par ferder var han på sildvåg sørover.

På Vestfjorden siste åre, da dei seglde heim, vart høvesmannen bråklein og seig i hop framfor løftingen. Håkon stod nærmast, og tok styr volen før båten

skar seg til vinds. Karane hadde så nok med å bera inn høvesmannen, dei glømte Håkon og styringa, han måtte stå der og kunne det. Båten reid båra så det var ein dans, Håkon mintes det av og til. Først da dei nådde ned mot innlande, bad han ein annan komma og ta over andsvare for live deira. Ja ja, høvesen fekk dei på nærmaste sjukhuse, og han fekk døy der.

Dette her var verre fart; det var utrivelig, visst ein gav seg om å tenke på det. Sjøen kom så høg og hol at det lyste gjennom kammen på han, håre løftast på hovude når dei rente i veg på <sup>[132]</sup>båra, båten vart så ovmodig med kvart at ingen kunde vita om han lystra styre lenger, ja og han var så tungt plaga at han kunde finne på å grava seg søkk ned. Og rokk-elingane kom oftare og striare etter kvart.

«Havet er skjønt når det roligen hvælver,» kom Håkon i hug. Ja da, og himmelen med, dei hadde rett som vitna slik. Om det så var i dag så var det vakkert nok.

Være vart tyngre og tyngre. Og dei seglde. Dette var grov framferd. Dei seglde ja, dei gav på og fór sørretter, timevis og milevis, og lande kom og drog andre vegen, heile ævelengda av det; – det ståst ikkje fedreland for oss, lo det i Håkon, enda han grøssa tvert i gjennom, for *han* hadde ikkje tida til å forlise no, det måtte ikkje hende seg. Tanken på Hallvard måtte han vise frå seg med all si makt, auga i gutungen vart farlause straks han såg dem.

Langt ut på dagen ein gong ser Paul attover, og så stoggar han motoren. Han smiler vondt da han gjer det, han har set der vil bli fart nok like vel. Og det vart det. Sjøen samrauk. Paul seier til Håkon, som står ved pumpa: Kan du krøpe inn og få til litt kaffe, trur du?

Håkon måtte få det til, så umulig det var. Han slo seg mest i hel i løftingen, slik hiving var det, han låg på firefot somtid og tykte han var tullut, men kaffe vart det omsider, og da fekk dei smulvatne eit tak. Dei drog eit par klør til, <sup>[133]</sup> og kraup inn etter tur og matstelte seg. Så var det same jage att.

Eit tak vart det regne, mykje vatn og mindre vind. Håkon vart redd, det var som eit fingerpek frå Vårherre at vegen til byen kunde bli dem dryg nok. Nå, den mannen var han ferdig med, kom han i hug, og dess utan hadde dei motoren. Men Paul sette ikkje motoren i gang. Dei gav opp klo for klo og heldt farten tålig fint.

Dagen seig, og da renska himmelen seg. Han vart gulbleik all vegen i vest og

nord, han var herja men umild, jamvel skyene hadde rømt i frå han. Og vinden kom att sju gonger argare. Dei minka segl og peisa i veg framgjenom halvmørkre.halvmørkre] rettet fra: halv-, mørkre Dei slepte det eine fyre og tok det andre, ein leit på lykka og den andre på lagnaen, og Vårherre måtte vita kva Kasper Kiran gjorde.

Farten syntes dubbelt stri no i mørkninga. Håkon hadde ikkje stor trua på at det gjekk vel.

Kasper Kiran spring over lasten og atterut, han ropar at dei får ta fast, her er hamn i le. Paul ser på han, men svarar ikkje. Er han full? Han ser slik ut. Eller har farten fare i kroppen på han? Eit slag galenskap må det vera, seier Håkon med seg sjøl, det må vera noko som heiter seglardilla? Han er alt anna enn vel til motes. – Han har segld seg sint, ler Kasper og går forut igjen. Håkon synes det er langt til folk no.

Galningen står og styrer. Dei tør ikkje ein gong manne over han og platte ned segle. Dei <sup>[134]</sup> er i hans makt. Dei fer framgjenom gråmørkre med rokke i kring seg, og sjoen bryt frammed båten som flu eller fall. Nye lys dukkar opp framfor dem, står og segler dem til møtes, blinkar talar til dem og blir borte. Svarte lande stig fram mot dem tak for tak, og vikunda. Rokk-elingane lyser kvitt når dei kjem, – kvitt som døden, sa folk.

Men da kom Håkon til å sjå Johannes for seg, og litt om senn tok han til og kjente farten som ei glede att, som ei makt han hadde med seg. Så pass fekk ein segle for ein bror. Han vilde ta han heim med vald, – og Ellida tek *eg* på meg, sa han til han. Enno hadde ikkje postskipe synt seg attanfor dem, han hadde narra seg kvar gong han trudde det.

Galningen stod og styrde. Håkon tykte han hadde auga hans på seg heile tida, han var mo åleine med dem, to sinns-sjuke fiendar som lurte på han. Paul har svore hemn ein gong over Håkon, for di Ragnhild kom på tukthuse, han rømte lande eit år for hennes skyld. Gud veit kva han tenker no – – det nyttar ikkje å tenke i slikt vêr!

Men Håkon reiv seg laus, kraup inn i løftingen og svinga til ein kaffe att. Da song Paul ut at dei skulde berge segle. Han hadde elda opp motoren og sette han i gang. Dei gjekk og kakka i stormen, Kasper Kiran løyste av ved rore, dei drakk kaffe og fekk seg mat.

Med Håkon og Paul sat der i løftingen, kom <sup>[135]</sup> dei til å sjå einannan i auga, litt djupare, visst, enn folk plar gjera. Håkon samla seg og tenkte: Denne skruven her er fienden min. Han driv på og straffar meg med å spara meg. Men kva råd kan eg for at Ragnhild stupte seg i ulykka? Ho stupte oss alle ut i ulykka. Men i natt var det ørande smått og langt unda. Her etter måtte ein kunne smile til slikt.

Dei gav båten ein seglveng att. Det vart ei endelaus segling,<sup>segling,] rettet fra: segling.</sup> når var det dei tok til?

Inni svarte natta ein gong kom Håkon til å sjå beint mot lysa på storskipe. Det kom etter dem, fram utor mørkre, blankt lys og raudt lys, blankt lys og grønt lys, jagu kom det no lel!

– Jaha, sa Paul. Han òg hadde set det. Men han strekte ikkje på segle for det.

Kasper stod og styrte enno. Underlig å sjå: Han, bleike finbygde mannen er havhest så hard som nokon, eit råbarka krøterskinn som det ikkje ein gong bit daue på, og så står han kanskje og lengtar etter åndemøyar og annan styggedom. Ein klok og vaken hjerne, seier folk, der er skolt på 'n Kasper Kiran.

Postskipe tuta, og litt etter såg dei det ikkje meir. Det hadde ein stoppestad der. Paul bad Håkon hjelpe seg, og så gav dei båten meir segl, leia var vel greiare her eit stykke. Det gjekk og gjekk. Når *var* det dei tok ut på denne ferda?

– Kjem eg i land, sa Håkon, da gruvar eg ikkje for same kva eg møter.

<sup>[136]</sup> Dagen kom. Han var i lufta da Håkon vakna, – han hadde stått ved pumpa og sove ein stubb –, lysinga smilte, og stormhimmelen gliste og smilte med. Der gjekk forunderlige leter over jorda. Håkon var inn og fekk til kaffe på nytt. Da han kom ut, var postskipe på sida av dem. Der var det ja, ein svart majestet, som kom og gjorde storbåten deira til eit lite traug.

Og der om bord var Johannes. Så nær dem var han.

Karane vatt segle i kragen på mastra, vinden var ikkje verre no, og ein times tid stod dei dregg med postskipe. Da hadde det stopp ein stad enno, og dei fekk ein god føremon innerter fjorden. Og vinden stod ved lag.

Men no vilde ikkje motoren meir. Nei. Han hosta berre og fór i rangstrupe, dei fekk halde han undskyltd. Det nytta ikkje med banning, det nytta ikkje med smurning, han stod. Håkon vart liten til motes. Han såg storskipe hala innpå dem jamt og visst. Det kom på sida av dem, og det seig i frå dem. Ein rokksalving

fekk dei enno, og da ferdast dei vonoms fortare, men ein times tid for seint kom dei til byen, det kunde ikkje ansles gå.

Kasper kom og løyste Håkon av ved pumpa. Han står og pumpar og ser på han; så seier han: – Du finn da vel att 'n bror din sia, i byen? – Nei, svara Håkon. No er han bortkommen for meg. Visst ikkje du veit nokon å be til, som kan gripe inn, he?

[137] – Kasper Kixan smilte bleikt men gudlaust. Lagnaen visste han ventelig inga råd med han heller. Men kva skulde *da* dei gode maktene vera godt for?

Dei vart jamt ein time etter skipe til byen. Alt ferdafolke hadde gått i land da Håkon nådde dit. Han stod ei stund og visste ikkje noko å ta seg til. Han hadde fare som ein galning, han hadde fresta både dauen og Vårherre og det som enda mektigare var, – eg var så redd som eit menneske kan bli, og fåfengt var det! småflirte han. Johannes hadde vunne over han. Nei, det var lagnaen som hadde vunne over han. – Eg er eit fe på jorda, mumla han da han slong innerter kaiene og mot byen. Berre ikkje heile live mitt er ei slik tullsegling! Tanken var ikkje varm, just, da han gjekk gjennom han.

Sjukehuse ranns han i minne. Der var ho mor, det var no det, lat dei døde o. s. b., men der måtte Johannes vera, der måtte han bli å finne i dag, verre forjaga var han da vel ikkje, gutstakaren?

Han la i veg som han gjekk og stod, han fekk ta på seg kisteklæane ein annan gong.

\*

Tale og Ragnhild hadde komme til sjukehuse om kvelden tre fire dagar før.

Det var da dei kjørte oppgjennom dalbygdene at Tale vart dårlig. Rettelig frisk var ho ikkje før heller, ho klaga seg klein da ho hadde sitte på [138] toge ein times tid. – Vi må skynde oss å reise no, sa ho, for elles når eg ikkje *heim*.

Dei bytta tog ein staden, og fekk plass attmed vindaug, midt i mot einannan. Dagen var regngrå, men vêre var stilt, lufta kom mjuk og mild inn til dem. Dei såg skodda vart rulla i hop oppetter skoglia, og barskogen kom fram så grøn han var. Så var der sol eit tak; ho lyste på små garar i skogen og på store runde fjell langt unda. Sia kjørte dei inn i eit regnvêr, kjørte tvert i gjennom det og ut av det.

Der sat dei. Somtid såg dei ut gjennom glase båe to. Med kvart såg Tale på

Ragnhild, og somme gongene kom dei til å sjå beint på einannan. Da smilte dei litt, kvar på sitt vis. Ein gong sa Tale: – Eg kunde aldri ha drømt det var slik å kjøre med toge, at der var slik ein draum i vente for meg. Her sitt eg og held helg, og lande det kjem til meg og syner seg, så forunderlig som Vårherre skapte det. Folk hadde fortalt meg at togferda var ei *plage*. Folk er så reint for sluge, eg burde gå og gjømme meg eg. Og *det* gjer eg vel snart; ein blir da gjømt. Åja men herre gud, der er ting eg skulde ha gjort først!

Lenger ut på dagen var det ho sa: – Nei eg er ikkje noko til, lenger; eg skal vera glad visst eg vinn meg heim, – da lyt eg seie eg har gjort mitt. No tåler eg ikkje sjå ut meir, det tek så på meg. Ho sette seg inn i kråa si og dubba. Hosta gjorde ho ikkje, men ho hadde litt tyngre for å <sup>[139]</sup> puste enn vanlig. Ein staden var Ragnhild etter kaffe til henne. – Eg drikk han, ettersom det er du som kjem med han, sa ho. Men ho vann ikkje på han. – Nei, Ragnhild, det er berre kvinke og plaga med meg no. Ragnhild stelte det så godt for henne som ho kunde, med sjal bakom henne og kåpe over henne. Der sat ho; der sat dei båe to.

Best det var kom Tale sigande fram over den vesle bordplata. Ho hadde ei fæl nød med å få puste. Dei kom med vatn, og Ragnhild sat breiddmed henne og heldt henne. Tale fann i handa hennes og blåheldt seg i den, for det hjelpete utruglig. Tida gjekk, time for time.

Da sa Tale: – Du blir med meg så langt eg rekk.

Ragnhild lova det.

– Du blir med meg alt heim visst eg rekk så langt.

Ragnhild smilte. Ho tykte dei bad henne om å bli med seg i døden. Ein skulde ventelig ha fresta det òg ja. – Ja, svara ho. Er det så laga, da får det så skje.

– Nei, nei! bad Tale. Du må ikkje – sjå det slik! Eg vil ikkje – lokke deg borti –

Nei. Ho vilde ikkje det. Ho gav seg på det. Ho vart ikkje verdig til den lykka, å fullføre erende sitt. Stort meir visste ho ikkje, der var visst ingen ting meir da?

Ei tid etter ansa ho på at det var høgrehanda til Ragnhild ho heldt i, Og der var ikkje nokon <sup>[140]</sup> ring på den. Ho tykte mest det var det som gjorde henne dårlegare att: Ho fekk slikt frost gjennom all kroppen, men hovude var eldande heitt, og så kom denne nøda att med å få dra anda, det kjentes som det skulde bli slut med det. Hjarte tok til verre med flaksinga si, så stod det litt, og så gjekk det

litt, så fór det i veg om kapp med togramle. Ho nådde aldri Stavsund. Handa hennes Ragnhild fekk vera forutan ring.

Toge kraup nedetter og nord. Det rista og skaka seg storveges, skramla og lest som det gjorde ein overhendig fart. Men vegen til byen vart dryg. Og bra var det, tykte Ragnhild. Ho vart meir og meir rar i seg, når ho merka kor langt nord dei kom. Ho fekk det ikkje ansles til, enn at dei kjørte inn i gamle dagar, inn i live hennes frå den tid og der. Ho visste ho var sterk, sat ho ikkje her og heldt Tale som eit litebarn, ho let henne ligge over fange sitt ei lang stund, sat og syntes ho vilde bera henne i hus når dei nådde fram. Men no bar det kaldvore langt nordover, dei venta ho skulde kunne alt som fall dem inn. Einkvan venta gjerne ho skulde stå opp frå dei døde òg.

Tale var så sjuk, da dei endelig var i byen, at Ragnhild fekk tak i vognmann og kjørte til sjukehuse med henne. Det råktes ikkje verre enn at dei hadde rom for henne der. Ho måtte trøste henne som ein barnsunge da ho skulde gå i frå henne.

[141] Dagen etter, da Ragnhild kom dit, fortalde dei det stod dårlig til, det var ikkje berre bronkitten dette, det var gale med både hjarte og nyrer, ingen kunde vita kva veg det vilde ta.

Tale var ved godt mot. Ho var uhuglig blågrå i hamleten, og stund for stund trudde Ragnhild det var slut, men litt etter hadde ho auga hennes ålvake i mot seg. Og ein gong smilte ho og snakka som eit friskt menneske: – Du blir da med nordover, Ragnhild. Til byen der heime. Ragnhild tok henne i hand på det.

Sia var det lite ho kunde seie når Ragnhild kom dit. Dei var snildt folk, dei let enda Ragnhild få vera der siste natta, da dei såg kva veg det tok. Det vart ein hard strid. Ragnhild måtte trøste seg med at Tale ikkje visste til seg, at ho ikkje merka korles sjukdommen fór med henne.

Tale var heilt klår. Ho syntes ho hadde *ei* pine, og det var at ho var så alt for klår. Henne regjorde sjukdommen med som han lysta no, ho hamla berre unda og let vera å kjenne det, kroppen fekk i guds namn vri seg, men da hørte ho og såg ho alt som var i kring henne, og bortanfor det såg ho svarte gape der all ting sluttar. Attmed henne sat Ragnhild, langt frå andre menneske, og ein staden var Håkon, men millom dem var same svarte gape, meiningsløysa; dei fekk sjå til å døy dei òg, den eine døyr som den andre, hadde Herren sjøl sagt. Han var for resten god, og god å ha, ho priste han for det [142] han var til, så fekk han fara åt

med henne som rett var.

No såg ho det: Når menneske seier *Gud*, da klagar det seg og tilstår, at det veit ikkje kor det kom i frå eller kor helst det skal fara. Det at vi er til, Ragnhild, *det* er Gud det, kor rart eg ser det no, – du skal ikkje høre på meg. Men du skulde sjå på gutungen der, han eig ikkje far eller mor. Uvisst om Vårherre veit noko råd for *han*.

Og Ragnhild såg ut som ein stor hageblom, slike ein ser sørafor, langt sør i verda der ho var nylig, utrulige å sjå til, utenkelige på jorda, dei står i soldagen og vitnar for ein, og ein går i frå dem og veit ikkje kva ein skal tru. Vårherre var ein lykkelig mann den dagen da han hadde skapt henne, han hadde vore heldig med hendene sine; no såg han henne og var mykje til mann. – Å ja, det er så rart med det, smilte Tale til han, vi er born nokon kvar.

Håkon og Johannes gjekk langt borte nokonstads og stelte med sitt. Ho såg dei snakka og lo, dei tykte dei hadde fått tak på live frå rette enden. Ho var glad dei ikkje kom til henne og fråga etter nokon ting.

– *Skulde* det berast i døyinga med meg, sa ho ein gong. Meir var ho ikkje godtil å få sagt.

Sia vart det urolig for henne, det var vonde tider, og alt var utan fred. Gode lyse menneske vart leidde fram og gjort ende på, folk trudde ho var like slug på det, men ho var radt allvitande <sup>[143]</sup> og allstads nærverande, dei visste ikkje noko om a Tale, visste ikkje noko om seg sjøl heller, men fred med dykk like vel, born! Nedi eine hagekråa heime står ein liten blom som ikkje har vorte tilset i heile sommar, og der er mange ting elles, men no *fer* eg visst? Kva veg er dette da, godt folk, ber det aust eller vest?

Til himmels, trudde Ragnhild, og så langt vilde ikkje ho følge henne, nei ikkje Tale heller vilde ho følge så langt. Nei. Tale tok handa hennes og krevde det, og da svara ho ja, – eg er med Dykk! men det gjaldt berre til handa var kald. Når handa er kald, da er ein like rettlaus som ein var før, og ein stanar ikkje og tek seg nær av det. Far vel, Tale, og takk for De var som De var.

Ragnhild var ikkje frakare, ho gret no da Tale var borte, sjøl-sine tårar, så var det da gråte over Tale òg, slik vilde ho sjøl ha sagt det om ho var til stades no.

Ragnhild reiste seg. – Ja ha, sa ho til sjukesøstra, som var bleik og redd, ho var kristent menneske og hjartans redd døden, – ja ha, no er *ho* over det. Nei

men ta det rolig, det er lenge enno til det er vår tur. Lenge til, ser De, *det* er sanninga om den ting; no bør De sova litt.

Søsterne stelte like. Dei let det ligge og ta i hop hendene over bringa. Ragnhild likte ikkje det, for Tale hørte ikkje til det folkslage som ligg slik; men så kom ho i hug at Tale las kveldbøn <sup>[144]</sup> før ho sovna, ho som dei andre konene frå den tida, så det var rett nok like vel.

Ragnhild telegraferte nordover. No først såg ho at ho burde ha gjort det før. Det hadde ikkje komme henne i tankane. Hadde ikkje vore der nei, det var mest som Tale hørte henne og ingen annan til. Dessutan hadde det gått så uventa fort med Tale, jamvel dokteren vart opp i under. Tale gjekk sin veg, resten fekk dei andre syte for, dei som tykte dei burde.

Ragnhild ordna med lik-klæa og kiste, tok av sine eigne pengar og rådde til for, det kom ikkje ansles for henne, og da det var gjort, tykte ho det burde vera gjort. Det var uvisst om dei andre var stort nærmare til det. Dessutan så hadde ho reist på Tale sin kostna hit, og ho hadde rundelig nok til å komma seg sørover for.

Dei andre ja. Dei fekk like det eller ikkje, ho hadde ingen ting med dem å gjera. Så vart det å tenke på å komma seg heim att til kyrne.

## V

<sup>[145]</sup> På sjukehuse kunde dei fortele Håkon, at bror hans hadde nyst gått der i frå i lag med den dama som følgde mor hans hit. – Var han her verkeleg? sa han. Han merka på dem at han såg ut som eit barn, det gjorde ikkje det grand, for enno var Johannes her i byen. Han sansar seg så pass at han snur i døra og spør etter like. Nei, han vilde ikkje sjå det, men det skulde vel sendast, korles var det med *det*? – Ja ha, i ettermiddag klokka 5 skulde det førast ned på dampskipsbrygga. – Ja visst, ja visst, det har 'n Johannes bror min ordna med, båten går i morgotidlig!

Der stod han og snakka i gleda til frammandt folk. Johannes var gjerne meint på å bli med kista heilt heim?

Men ute på gata snudde det seg om for han: Kor budde Johannes? Enn om han fór no i denne stunda, – om han alt hadde fare sin veg? Det hadde han, vera

uredd for det. Sjå han i auga, så ser du det: dei er på floge frå deg, dei ligg i farten mot ulykka, men veit dei om henne? Visst ikkje, da er det dumheita det tirar i. Slik kjem <sup>[146]</sup> live og gir ein gåvar. Det hadde gitt han denne broren, og orda var sagt, at «du er din brors vokter!»

På kontore åt amerikabåtane hadde dei ikkje seld billett til nokon med det namne. Noko tog sørover eller til utlande hadde der ikkje gått dei siste timane og kom ikkje til å gå før i kveld. Han tok for seg alle bryggene, og spurte om der låg skip som skulde til utlande med det første, forhørte seg til han var viss på at Johannes hadde ikkje rømt enno. Men at kroppen ikkje var å sjå? Ingenting rart i det, men det var som eit tegn.

Han går i gatene og talar med han: – Lat gå med at eg aldri får sjå deg meir, men eg tykte du burde komma i hug. – – Du kan gjera meg ærelaus, eg skal gladelig vanære meg sjøl, når eg berre bergar det som er æra for *meg*. Og det er den litle tingen, at folk – – at i alle fall 'n Periander held meg for den eg er. I natt som var, da sa eg farvel til alt i hop så nær som deg. Men det gir vel du develen i. Eg er redd eg blir hardhendt med deg når eg finn deg. Kva trur du folk *seier*? Både om deg og om meg ja, når dei får tak i det som har hendt?

To gonger var han nede ved storbåten han kom med. Paul sov, og den andre var ikkje å sjå. Ingen Johannes der nei. Nei nei. Men den dama dei tala om på sjukehuse, det er Ragnhild det, kjem han i hug. Ho hadde gått i lag med Johannes. I kveld klokka 5 skal han møte henne. For *ho* følger like, det er visst nok. Underlig å tenke <sup>[147]</sup> på at han skal møte henne. Men, for resten: Dei er to frammande menneske som møtes og helsar og går kvar sin veg. Men kanskje *ho* får Johannes på andre tankar? Og ned på brygga må han da komma han òg?

Han går i den vona, da han går seg på han oppi gata. Johannes kjem beint i mot han, så levande han kan bli, andlete og heile mannen er *han*. Der stod dei.

– He? seier Johannes. – Kan du fortele meg: *er* det du, eller er det ikkje?

– Det er eg ja, forsikra Håkon.

– Ja men visste du ho var her da? Ho Ragnhild, meiner eg? Ja eg kan helse deg, men –

– Takk, men sei meg ein ting no straks.

Han vilde seie: Tenker du å rømme i frå alt i hop, er du så ærelaus? Men det vil ikkje til for han. Han seier, med auga ned mot gatesteinen:

– Vil du virkelig fara i frå meg no da?

Johannes blir nokolite flat i andlete. Men litt etter ler han: – Er du *på spore*?

– Det kom for meg at du tenkte på einkvart.

– Du var sanndrømt den gongen. Elles da så såg du det visst du som eg. At eg måtte bort no. Det såg du, om du er aldri så heimgjort. Her var eitt å gjera.

– Tullsnakk! Du blir heime og ber deg åt som eit menneske, i mot oss alle samem. Det varskuer eg deg om. Ja du er da ikkje kleinare kar?

Han sa same orda fleire gonger. Somtid truga <sup>[148]</sup> dei, og somtid tagg dei. Det var ei vond stund. Johannes såg ut i vêre først, han iddest ikkje høre etter. Sia såg han på broren og flirte godslig. Han hadde alt fare sin veg.

Johannes seier best han står: – Du snakkar om a Borgny du. Du må da vel skjønna og sjå at det var for hennes skyld –

Og Håkon ser det: Johannes er ikkje mann for å møte auga hennes, ikkje hennes nei, om han så tråssar all verda. Ho har set han, og det tåler han ikkje. Men han *skal* tåle det!

Håkon veit seg inga råd, han kaldflirer: Er du for liten til å møte henne? Eg skal seie deg eitt eg, at det kvinnfolkmenneske du skal ha, det må du ta og temme, for elles blir du temt sjøl, du blir jaga og hivd og spytta etter, – ho skal sjå opp på deg!

– Det seier *du*? gliste Johannes.

Nei, det var så det. Håkon fekk aldri Ragnhild til å sjå opp på seg, han står her i svarte bygata og snakkar tøv til bror sin. – Men lat oss ikkje bli ståande her, sa han.

Johannes flytta seg ikkje. Håkon stod og venta.

– No er det eg som vil spørre deg, sa Johannes. Det kom uventande stilt og ålvorsamt. Eg vil få spørre deg om ein ting ja. Trur du det, Håkon, at eg kom heim og vilde deg vondt? Trur du eg vil deg vondt no? At eg er like glad med korles du har det?

Håkon hadde ikkje drømt om at Johannes <sup>[149]</sup> kunde seie slike ord. Johannes vart enda meir ålvorsam, og stirde tvert ned. Skuggar og solskin jaga einannan bortgjenom gata, gråe skyflokar og blå himmel fór i same jage over hustaka, Håkon visste ikkje anna å gjera enn å sjå på det. Folk skyndte seg hit og dit, kjørte

eller gjekk, erend hadde dei, og hasta gjorde det.

Johannes ser opp, kremtar og ser ut i vøre han òg. Han har visst glømt det han spurte om.

Men Håkon ser det, endelig ein gong, at Johannes står der og meiner det *vel* for han, har gått der heime og meint det same, – det var deg eg tenkte på da eg fór heimafrå, stod han liksom og sa. Slik var det ja. Slik hadde det vore all tida. Johannes blistra ein stubb, og såg etter eit hushøgt lass med ølflasker. – Det finns hestar her i lande òg, sa han. Sjå på dem der, gut!

Han hadde meint det godt og dumt for bror sin heile tida, og best no da han kara seg unda vegen. Han hadde kanskje venta at broren ansa på det.

– Vi kan ikkje bli ståande her, sa Håkon, – eg veit da vel for fanken at du vil ikkje folk vondt, he! Men det var det, ser du –

Og så gjekk dei. Først var dei ned ein staden og fekk seg kaffe, det hører til når ein møtest i byen, og sia gjekk dei dit Johannes hadde losjie sitt. Heile tida snakka dei rundt om kring det dei skulde ha snakka om. Det vart Håkon som først tok seg på tak.

[150] Du tenker deg til Amerika no da? spurte han.

– Nei det får bli Australia den her gongen.

– Ja ja; kvifor ikkje.

Johannes tagde og tenkte. – Men du veit, sa han best det var, – eg reiser ikkje. Ikkje no nei. Eg snur her og blir med deg heim.

Håkon undrast at han ikkje vart glad. Han vart ikkje det minste glad.

– Eg kom for resten til å tenke på det da eg snakka med a Ragnhild, heldt Johannes fram. Eg sa meg, da eg såg på henne, at det var urett å rømme, om 'n bror min ønska det aldri så mykje, – om det var aldri så bra for han, meiner eg.

Slik hadde Johannes meint det beste same kor han fór, jamvel for far sin den gongen han rømte frå han. Men Håkon veit urikkelig visst, at dette kan han ikkje ta i mot av han. Nei, det blir jamgodt med å leie han til slaktarbenken. Og *ingen* har glede av det!

– Ho Ellida skal du ikkje bry deg om å tenke på, sa han.

Johannes stirde tomt på han, eit grand langkjaka, Håkon vart nøydd til å smile.

– Nei, for henne tek eg på meg. Eg kan vera far til barne hennes. Det blir da i slekta, ikkje sant? Ja eg ler, men det er like ålvorlig meint for det.

– Du må sjå til å få deg litt sømn no, formana Johannes. Ditt barn der du er!

Håkon tenkte på, at for ein times tid sia, da <sup>[151]</sup> var det live og all verda for han å få Johannes med seg heim. Slik balar ein og plagar seg. Det skal ikkje ansles vera. Johannes må reise, han syntes det stod nokon bakom han og vilde det sterkare enn han sjøl.

Javisst meinte han det han sa, han skulde gjerne gifte seg med Ellida om det trongs; så pass fekk han da meine og litt til. Han var fri mann no, etter mora var død.

Ho var borte ho ja. Ho fór av stad og leita opp Ragnhild, det vart det siste. Velmeint og dumt som mest alt vi gjer. Ragnhild skulde han møtast med i kveld. Så var da det gjort. Det skulde vel hende ein gong.

Johannes seier, oppetter veggen likesom:

– Ja ja, så har eg da ikkje rømt. Ellida og eg, vi baskar oss alltid framgjenom live i lag. Og du er edel mann, du har bydd deg til å frelse meg frå henne. Storfint, dei prekar ikkje finare i kirka ein høgtidsdag.

Håkon sat og såg på han ei lang stund før han svara.

– Vi tenker og vi tullar, sa han. I natt som var, da fór eg som ein vettlausing, eg fór i frå både meg sjøl og anna folk, eg skulde hit og hente deg heim. Ja da. Og no ser eg det burde vore ugjort. Nei ikkje ugjort, men det var dumt, dumt, rettelig ei menneskeferd!

Han reiste seg og gjekk bort til vindauge, stod der litt, og kom att.

<sup>[152]</sup> Det var ein lystig fart like vel. Eg kjenner meg helse for litt av kvart i dag. Og så får eg da seie farvel med deg på skikkelig vis.

– Så? Det trur *du*.

– Ja. For du rømmer ikkje, du *reiser*. Tenk på det til vi møtes nedpå brygga.

Han gjekk, vilde ut og få seg mat og kanskje sova ein stubb. I alle fall vilde han vera åleine. Han tenkte litt på at no hadde han mist Johannes like vel, men ikkje så reint bort i natta som det såg ut til frå først av. Bror sin ja, og mor si; det var no så, san. Dei var borte.

Håkon sov litt for lenge, og der til vart han hefta med ein rangvis krageknapp, – og kragelaus kunde han ikkje sette i veg denne gongen? Nei. Så vart det ikkje tid til å møte opp på sjukehuse, han nådde så vidt ned til brygga da dei andre kom dit.

Ragnhild var ikkje stort ansles enn han kom i hug henne. Og det var da hyggelig å sjå. Han handhelsa på henne, og sa nokre ord som til skulde. Ho fortalde litt om mor hans, frå det siste. Så var det overstått. Og så var dei ferdig der nede og gav seg til å gå.

Johannes var stillvoren han òg. Dei var i likferd, det var vel det; han òg hadde mist mor si. Men han kunde gjerne ha snakka no.

Da gjorde Paul det. Han hadde møtt opp ja, og rett som han gjekk så snakka han med Ragnhild, <sup>[153]</sup> og ho med han. Mange orda var det ikkje, og Ragnhild var langt borte, kunde ein høre, men ho var da *til*, den stunda. No takka ho Paul for at han såg til henne i fengsle. Høgt og likesælt sa ho det, som ein nemner kvennhuse eller krambua.

Men Håkon fraus da orde vart nemnt, hardare i kroppen var han ikkje nei, og så var det denne høge, halvdøde klangen i måle hennes, den tykte han at han ikkje vilde høre meir av. Same mjuke røsta som før, men kor kom ho i frå?

Kveldsola skjein over dem, og vinden hadde spakna, og da dei nådde opp i gatene, stana dei og stod litt. Da fann Johannes på kva dei skulde gjera. Dei måtte inn ein staden og få seg ettermiddags-kaffe, billigare kunde dei umulig komma i frå kvarandre. Paul sa nei takk, og baud farvel, han handtokst både med Ragnhild og Johannes.

Håkon såg at Ragnhild var like bein som før, og like fin i hud og hamlet. Auga var levande dei òg, på lag som før ja, milde og levande. Ja. Og like vel minner ho om eit dødt menneske. Og enno har ho ikkje spurt etter Hallvard.

Dei fann ein trivelig kafé. Eitt og anna å tala om fann dei òg.

Ragnhild såg på dei to brørne. Håkon er litt eldre og meir vêrsliten enn sist ho såg han. Og fastare i blikke. Han har røynt ymse ting, han har fått far sin ihelslegen, har vore gift med ein straff-fange, har vore bort i andre ting ventelig, ja og så har han ein morlaus gutunge å syte for. <sup>[154]</sup> Det er så ja, seier folk der nord. Ein kan vel seie det har vorte mann av han no. Mor hans nemnte det visst.

Ho smiler umerkande da ho rettar han fløytemugga: Blode på hendene hennes, kom han ihug det enno? Kanskje han torde ikkje det? Nei, det var gjerne det klokaste, for han.

Der sitt Johannes. Det er nauvt ho minns han frå før. Der er slikt eit hardbale andlet på han, og enda så er der glede i han. Eit einfelt menneske, slik menneske skal vera, visst; god og grei som sol og vind; han gjer galne ting og går ved det, bed om tilgiving og gjer det same oppatt. Ein elskelig tullvalle, vilde ho kalle han. Ein slik ein som gjentene gjerne vil gifte seg med. Ingen ting av det som har hendt han syner i andlete hans, han er som fjorden. Ikkje rart at Håkon kom her eins erend og vilde ha han heim att, – det fortalde Johannes sjøl her i sta, det hørtes som han snakka tålig sant òg.

Han snudde seg mot henne best dei sat, og tok til ords: – Du Ragnhild? Veit du at vi blir i lag sørover i morgo-tidlig? Jau da, han Håkon bed meg ta raske mitt og rømme land og rike, slik har eg stelt meg, forteler han. Så det får eg gjera; eg tek toge eg òg ja.

Javisst reiser han, tenkte Håkon. Han ser Ragnhild klipper litt med auga og løftar på brunene, ho må ha tid før ho hører kva folk seier. Ho trur vel Johannes gjøner no. Han må ha fortalt henne <sup>[155]</sup> ikkje så lite om tilstande der heime. Ho seier ikkje noko.

Ingen sa noko på ei lang stund.

Håkon arbeidde seg ut av ei heil herve med uklåre tankar. Da sa han: – Det er merkelig at vi *veit* så lite. Vi veit ikkje ein gong kva vi kjem til å gjera i morgo. I det same spurte han seg kvifor han sa dette. – All verda over er der folk som grundar på kvifor det og det skjer. Det ser ikkje ut til at dei kan fortele oss det.

Johannes kom til å *høre* det som vart sagt, og sette i og lo: – Er dei så dumme at dei grundar over slikt? Har dei så god tid?

–Vi burde vita det, sa Håkon. Elles er vi da ikkje menneske.

Johannes lo godt med seg sjøl, og såg blankt frå den eine til den andre.

– Skal vi vita det? Nei så gu'! Det er just det vi ikkje skal; det er det som er å vera menneske. Han tenkte litt, og vart bort i mot ålvorsam.

– I morgo fer eg sørover, og du nord. Det skal du ikkje hefte deg med å tenke på. Kanskje ho Ragnhild blir med deg?

Han såg på henne. Ho hadde set på han og hørt etter, men ho måtte samle seg når ho skulde møte auga hans og svara. Det vart berre til at ho blunka kringt nokre gonger.

Han må da få lov å snakke, tenkte ho. Han seier det så rett fram, så truhjarta, visst?

Håkon syntes der var ein slektskap millom <sup>[156]</sup> henne og Johannes. Dei kunde så gjerne slå lag, den eine gjorde ikkje den andre vondt. I lag med han hadde dei ikkje noko å gjera. Nei. – Nei nei, tenkte han. Men har eg mist dem baa to da? Er eg så åleine?

Ragnhild og Johannes snakka sammen. Han fortalde heimafrå, kor bakvendt og gale han hadde stelt seg. Ho sat og vakna og hørte etter. Ho måtte undrast, at noko frå *den tida* kunde ta tanken hennes, noko *der i frå*. Men det er ikkje frå den tida dette, Johannes er berre Johannes, han er utanfor både tida og staden. Han veit ingen ting nei, om kvifor det eller det hender han, der fer berre ei undring i han somtid; så får broren gruvle over det. Johannes det barne: Han manar og svær at ho skal bli med Håkon nordover, så dum er han!

Ho seier det berrmælt og rolig, med ein smil: – Du er ikkje redd å snakke tøv, du, Johannes. Nei det blir du og eg som reiser i lag. Så langt det varar. Visst du tør reise i lag med meg da?

Baa brørne kvakk litt, kunde ho merke. Dei var ikkje sterke for ord.

– Du burde elles ikkje ha teke Ellida frå bror din, sa ho og smilte att. Eg trudde i alle fall ein gong, men det er lenge sia, at ho vart den rettaste for han.

Orda hennes fekk det til å krype litt i dem no òg, såg ho. Håkon vart grå i kjakane.

– Ja, sa ho og såg ned på hendene sine. De lyt tåle at folk snakkar. De må venne dykk til å <sup>[157]</sup> snakke sjøl òg, der er helsebot i det. Men det er kanskje ansles for dykk som driv på og lever.

Johannes såg stort og lykkelig på henne. Håkon vart nåmen, han kom i hug noko ho sa til han ein gong. «At eg ser ned på deg, det ber du ikkje», spådde ho.

– Berre snakk ut du, sa han. For resten burde du vera med mor så langt som du lovte henne. Til byen der heime, var det ikkje så? Du var no den ho tenkte på og –

Med han sa dette, sprang der noko opp i han og isa mot sjølve hjarte, gamle kistelagde angsten var der: Enno veit du ikkje kor einsam du er! Nå-å, det visste han litt om, men den dag og den sorg, ho og Johannes skal ikkje fara i lag sørover, det er ulovlig. Men kvifor spør ho ikkje om nokon ting heimafrå, ikkje om sitt eige barn ein gong. Har ho gitt i frå seg både mål og minne?

Ikkje lenge etter snudde ho seg til han og spurte: – Korles står det til med gutungen din, han er vel stor no?

Ho visste at orde *din* vilde ta borti han. Det var meininga òg: han burde vita at ho hadde flytta over i eit anna liv. Han hørte vel ho sa dette utan ei rørsle innvendig? Det var synd ja, mot naturen og ånden og kva dei vilde ha det til. Men det var ikkje hennes synd.

Håkon fresta å få til ein smil. Ein kunde sjå han hadde ikkje havt det berre godt heller. Han såg på broren, som all snarast var det, men hjartans <sup>[158]</sup> skjemt og rådlaus. Ho hiver oss i frå seg baa to, vilde han ha sagt. – Ho hiver Hallvard same vegen.

Her var det ikkje godt å vera nei, det kunde dei vitne alle tre. Johannes var ikkje den som braut med pengar når han var i byen, det var ikkje der dei skulde brukast. Han hadde reist halve jorda rundt som både fant og hund og komme heim med *sedlar*. Men no visste han ikkje rettare, han slo seg på knea og avgjorde det, og reiste seg med det same:

No gjekk dei og fann seg eit finvore matrom, der og der var det, og så heldt dei som ein liten gravølsmiddag. Det måtte til, det skjønta dei vel? Ein mon for dyrt var der, og i finaste lage, for *han*, men like vel! – Sia kjem det andre dagar, la han til. Dei andre to tagde og kom.

Sia ja, tenkte Håkon. Sia har dei fare i frå meg alle samene. Hallvard fer han òg, lenge før eg får snakke med han, før vi kjenner einannan.

\*

Dei vart sittande langt frå andre, der var så lite folk i kveld. Johannes snakka om Australia og ferda dit, og når han ikkje sa meir, spurte dei andre. Han kjente meir til lande og til live der enn nokon skulde tru. Det var perlefiske han vilde freste, men han vilde drive sjøl, og først måtte han tene kapitalen, med graving og annan trældom, han kjente folk der som skulde skaffe han arbeid.

[159] Det gjekk lognt og fint for seg i romme. Små flokkar av folk her og der, folk som var ute i fest, måtte ein tru. Det var vonoms vakrare med blommar på borda og med musikk og vin til maten. Maten var for fin for dei to karane, dei visste ikkje kva dei åt; men dei måtte gå ved det var godt. Ein kunde ikkje bedre sitte ein times tid.

Ragnhild sveiv lenger bort frå dem etter kvart. Dei var ikkje til for henne, om ho så snakka med dem. Enno har ho ikkje set på meg ein einaste gong, tenkte Håkon. Nei nei; så har ho da i alle fall ikkje set ned på meg.

Det vart så dei tok ei flaske vin etter maten òg, – kvelden var slik, let Johannes. Når eg skal seie mitt inste ord, så er dette ein lagnaskveld, fortalde han. Knappt nok at *han* visste kva det orde sa, men Håkon kjente der var sanning i det.

Ragnhild sat der lysdæmd og still. Dei hadde ikkje set menneske så rolig i blikke, men kva såg ho for slag? Johannes såg på henne tak for tak, kremta og vilde ha sagt einkvart. Da vendte ho auga mot han, og så smilte ho. Ho smilte visst til Håkon òg. Johannes var ikkje lik seg i måle, da han endelig fekk ord for seg.

– Eg vil seie ein ting, sa han. Eg vil seie dykk farvel her. Noko anna veit eg ikkje som høver å seie i kveld. Du, Ragnhild, blir med a mor nordover, som sagt.

Enno ein gong drog ho på smilen. Dei ser på henne og ventar.

[160] Ja, svara ho. Eg skal halde det eg har lovt henne. Eg skylder henne det og meir til. Ho er den einaste, sa ho lågt og såg ned, dei syntes sjå ho var bleikare enn vanlig. – Ho er einaste bande millom verda og meg, manna ho seg opp og sa, og da såg ho fullt og frimodig på dem bae to. Enda finn eg vegen att-ende til mi eiga verd.

Musikken sette inn med full makt. Håkon tykte det var som eit amen til orda hennes.

Johannes vilde skille seg ved dem utom døra, dei burde vera fri han no.

– Nei, vi lyt følge dama til dørs lel, meinte Håkon, det gjer vi da utpå gråaste lande òg, ikkje sant?

Jau jau, det var da sant, på ein måte.

Er han redd å bli åleine med meg? kom det for Ragnhild.

Han var det, og han tilstod det blankt verjelaust for seg sjøl.

Da dei hadde sagt godnatt til henne utanfor hotelle, gjekk dei i lag nedetter gata. Den eine skulde rømme lande for levetida, den andre skulde nordetter og heim i lag med eit dødt menneske og enda eitt. Dei trong ikkje fortele einannan det. Trong ikkje fortele einannan nokon ting.

Like vel sa Johannes: – Eg undres ikkje på deg. At du ikkje er nokon storbror når ho er til stades. Nei henne våga eg meg ikkje til å fri åt, det stoppa det. Hå ja ja san. Det er mangt i <sup>[161]</sup>verda, seier folk. Men ta det ikkje så pinhardt, kar, ta live meir på langs!

Håkon gjekk litt. Så sa han like sælt: – Har du pengar så du kjem dit du skal?

– Ja gruv ikkje for det. Og *dei* skal bli betalt att, gruv ikkje for det heller.

Det var sovande natta all gata bortgjenom. Det er stilt millom steinveggene i gata nattens tid, som ein skulde vera millom fjella uti villmarka når det er natta der. Himmelen syntes både svart og blå ovanom lyktelyse. Karane tagde og gjekk.

Dei kom dit Johannes budde. Dei sa eit stutt og sterkt farvel og takk for denne gongen.

– Hels a Borgny! slengte Johannes etter broren. Eg har sendt henne ringen her i frå. Ho slapp billig ho, lo han.

Det var det, ventelig, at no måtte han til å vera Johannes att.

– Jaha, svara Håkon, det skal bli gjort.

Han var da i jamhøgd med bror sin enda. Han hadde til med ei von om at han fekk sova når han la seg, – og det er ein stor ting å ha vona om einkvart, snakka han med seg sjøl.

\*

Ragnhild hadde ikkje den vona. Ho trong det ikkje og tenkte ikkje på det. Sømn og von og dei ting, det får komma når det kjem. Ho sov for resten bra når det bar til, og vakna i rett tid. – Ja ja, sa ho da ho morgonstelte seg, eg lyt vel <sup>[162]</sup>ta denne kista og fara nordetter eg da. Enda har eg da så mange skillingane at eg kjem meg sørover att. Det var gjerne noko i det dei sa i gårkveld, at ho Tale vilde undrast, om ho visste eg snudde her.

Det var ein godvêrsmorgon, sol og vind og blåe fjell. Og der var fjorden ja. Så blå og så brei var han. Jamenn var det gildt å sjå att sjøen. Å kjenne at der finns

noko ein hører i hop med. Og no stod ho på eit dekk, hadde vatne under føtene, – det flyt under deg! sa ho; verre ku er du da ikkje enn at du kjenner det, kjenn!

Håkon kom om bord ei stund etter henne. Han såg vantruen i kring seg og leita, så får han auga på henne og ser enda meir vantruen ut. Og glad ja, det fór ei flage med glede eller slikt over andlete hans; det var visst knapt han trudde seg til å komma bortåt henne. Lever han i det gamle da? måtte ho spørre seg. Er eg eit levande menneske for han? Ho såg det og likte seg lite.

Han helsa, og sa nokre ord om vêre. Sia spurte han om ho såg sjøen der ho budde. – Nei, det var lenge sia ho såg sjøen no. – Men ho sakna han vel?

Ho tok seg på tak, og lo litt og sa: – Neimenn om eg gjer. Eg har vent meg av med slikt. Sjøen er sjøen, eg ser da det. Men stort meir enn saltvatn er det no ikkje da. Nei eg har slutta med å sakne noko, for lenge sia.

Båten la frå land og tok vegen ut fjorden. <sup>[163]</sup> Dekke vart enno meir levande under dem. Håkon tala om eitt eller anna. Da seier ho midt inn i orda hans:

– Er det nokon med om bord her som kjenner deg? Ja og som kjenner meg, meiner eg?

– Det skil da ikkje oss? mumla han.

– Nei ikkje meg.

Han leid vondt ved dei orda, såg ho. Han vart ståande og sjå på henne og vilde seie noko. Men ho gav seg til og snakka om konene frampå dekke, kor lik seg dei var, kor tydelig ein kunde sjå dei kom frå byferd; – slik var dei ja, sa ho.

– Du kan gjerne halde meg for ein umannsling, fekk han endelig til. Eg veit at eg –

Ho hørte ikkje på han. Det var noko utrulig gammalt han vasa i. Båten gjekk og gjekk. Lande attanfor dem skapte seg om smått i senn, byen var snart usynlig i morgonsola, berre ein flekk med røyk. Nye fjell og nye strender kom i møte med dem fort vekk. Landvindsbåra gjekk og mota seg i solskine, blenk i blenk.

Håkon tagde, han venta visst svar. Var det umulig for han å skjønna, tru, at ho ikkje åtte nokon ting å svara han.

No har eg ikkje fare her sia *sist*, sa ho.

Der gjekk ein kaldgust over andlete hans. Det sløktes og vart berre armodsdømmen.

Båten pløyde vatne stridt og jamt, la fjord og land attanfor seg som det var levedagar.

Håkon dreiv forut og stod, gav seg i snakk med <sup>[164]</sup> einkvan. Han visste ikkje om han torde snakke til Ragnhild meir.

Ragnhild glømte han og hadde det tålig. Ho tykte ho song det for seg sjøl: – Det er festlig å fara fjorden, ein dag som i dag. Det er vakkert å vera på vatne. Tale sov i kista si. Det var som ei helg å tenke på. Men det hastar ikkje med den sømnen, ein kan ha det rimelig med ein ventar.

Men no vart ho lenge borte frå kyrne, kom ho i hug.

Båten gjekk. Der kom nye stader, nytt land. Og sola skjein, og skyene gjekk, over steinstrender og myrland, ja og så over alle dei snaue haugane. Alt i verda er så vakkert som ein tykkjer det er.

Håkon kom og snakka med henne gong og annan. Men han *sa* ikkje noko. Dei åt middag atterut, han var stri på at det måtte til. – Den her gongen, sa han. Han hadde løyst billett for dem baa to, på førsteplass. Billett hadde ho ikkje tenkt på før han nemnte det.

Der vart brattberg og svartfjell der dei fór, og svartblanke sund. Bratte små grasflekker synte seg, og hus og heim på dem, på eit vis. Låghalte hus stod frammed bakken og kvilte seg, dei hadde komme hinkande dit. Så langt kom dei, san: Live var ein *veg*! – Det er det ja, Ragnhild smilte til dem og tenkte ikkje meir på dem.

– Ja no gjer han seg fin, sjøen, sa Håkon.

Ja. Der var stilla og sol nordetter leia, og i alle dei krærne der båten kraup inn og ut. Ragnhild <sup>[165]</sup> mintes gamle, gamle dagar, frå det ho kalla før: Slik ein dag med sol, så overvettas som det skjein! Ein meinte ein såg strålane gjekk ned til havsens botn. Himmelen gav frå seg alt det lys han åtte og meir til, stadig meir, ein såg fjorden som ei himmeldypt med solskin. Det grigla i sølv all sjøen utover, og einast ho såg det.

Hendte der ein noko meir ein slik dag tru? Å jau. Ein gong hendte *det*, da ho og ein smågut stod ved stranda: Skjære var så nær dem, dei såg det var ikkje svart, det var grønt og sleipt. Og midt oppå det sat der ein måse. Han skjekte eine vengen; så stod han på ein fot, så stod han på to; der skjeit han – der flaug han!

Han stemna beint til Englands. Der med flaug dei òg, heile kvite sandstranda frammed. Og enda var verda grå nok for ein, stund og anna.

Ho vektes ved måle til Håkon: – Du blir med meg heim no, Ragnhild.

Han var tett bakom henne, men han sa det så lågt, ho visste ikkje om det var sagt eller berre tenkt. Ho snur seg, og da ser ho han meiner og seier det med heile seg. Ho såg det med opne auga, stod still og la merke til det. Eit ørlite grøss kom og rørte ved henne. Da såg ho vekk, på måsen som stod i lufta over kjølvatne deira; ho såg nyst ein kjeld på ein stein uti sjøen, fuglen hennes frå smågjentedagane; den òg hadde ho glømt.

Håkon såg at det var henne han hadde mist.

[166] Slik og ikkje ansles var det. Om Johannes var her, og alle dei andre han brydde seg om, han var like åleine for det.

Folk slo seg ned på benk eller stol bortetter dekke og drakk kaffe, i blanke ettermiddagssola. – Ja ja, det fekk dei òg gjera, tok han seg mot for og sa. Så gjorde dei det.

Sia kjørte dei i møte med vinden. Han kjølte frå nordvest, men han var ikkje stri på det i dag, have vilde berre minne om at det var til. Dei stod ved rekka i gjen. Ragnhild hadde av desse nymotens klæa som ikkje var kjole og ikkje kåpe, dei kalla det drakt. Han henta regnkåpa hennes, eit blått gummiplagg som han fresta å henge i kring henne; – det må bli rom for mykjen kulde her inni, let han.

– Takk! sa ho. Men det vil eg fortele deg som det er, Håkon. Når du ikkje veit det sjøl. Der er sju vonde draumar frå meg og fram dit du er. Eg kan ikkje vakne utor ein einaste ein av dem. Eg kjem der aldri.

Håkon var ikkje ulik ein sjøsjuk ein. Det kom for han at han vart mindre og mindre etter kvart som orda hennes sokk ned i han. Enda han hadde visst dette heile tida. Ho stod og såg bortover sjøen. Ho som var hans ein gong.

– At du ikkje skjønner nokon ting da! sukka ho.

Han fresta å smile, det måtte han vel vera mann til.

– Du skal ikkje høre på meg, sa han. Same [167] kva eg kjem til å seie. Så mykje skjønner eg i alle fall.

Ho kunde mest ha takka han for det han var så pass til mann. Men ho sa det ho måtte seie:

– Eg hadde aldri gått om bord, hadde eg visst dette.  
– Nei. Kanskje eg ikkje hadde bedt deg om det heller, hadde eg visst det.  
– Du skulde komma i hug blodfingrane mine. Ja sjå der, no var det som eg rente kniven i deg. Der ser du.

– Ja at du kan snakke slik!

– Ja, smilte ho. Men eg vilde berre hjelpe deg litt.

– Det var eit liv verdt, om du berre kom heim og var der. Men hør ikkje på meg.

– Det gjer eg heller ikkje.

– He! lo han og snudde seg frå henne, eg visste ikkje du var til, da eg fór sørover. Men kanskje det var det eg visste? Kanskje eg hadde visst det lenge? Det går rundt for meg. Ja ja ja, bedre aldri enn for seint, sa guten.

Sola gjekk i raudgråe nordavindsskyer. Ein tykte ein var kommen langt nord.

Etter kveldsmaten gjekk dei kvar for seg på dekke. Håkon snakka litt med nokre av dem som budde forut, han hørte til i millom dem. Dei hørte til på hans side, vilde han heller kalle det. Over til *henne* var der ingen veg. Same avgrunnen som millom live og døden, millom det <sup>[168]</sup> som er og det som ikkje er. Han snakka rolig og omtenkjam med karane: Var der aldri prøvd etter laksen vest i skjæra her? – Kostbart vart det ja, men visst det *slo til* –

Han fann henne heilt atterut. Ho stod og såg ned i propell-voren attom skuta. Ho snudde seg mot han, liksom ho hadde venta på han.

– Tenker du ta sjøvegen sørover no straks, beinast her i frå? gapsnakka han.

Ho hørte ikkje orda hans, ho snakka ut i frå sitt:

– Det er det, at visst det var som ei hjelp for deg, eller slikt noko, så kunde eg bli med til Stavsund; eg kunde følge værmor til jorda. Eg skulde ikkje gruve større for det.

Han la hendene på ryggen, såg ein gong i dekke og ein gong på henne, han tykte vel han måtte ta det slik. Så hadde han da synt henne at han vona ikkje meir enn han vann bera det.

Du har sjøldom i den saka, svara han. Sjøldom i saka, som hedningane sa i gammal tid.

– Men folk flirer til deg når eg reiser i gjen?

– Trur ikkje det når innpå meg her etter.

Det var større røst i Håkon enn ein venta, ho var djup og litt hås. Ragnhild hadde hørt same måle i ein notbas som ropa ut stornota nedpå vågen ein gong, og i ein general eller kva kan var som hersa med soldatemna sine.

No var det gråe natta og kaldkjøle. Ragnhild sa godnatt og leita ned til køyromme sitt. Håkon <sup>[169]</sup> gjekk forut, til andre-plassen, der sat det eit lag og spela kort. Der hadde han trulig selskap heile natta, og vart han sømnig, var det berre å rette ut seg på ein benk der.

Han stod ei blink før han gjekk ned. Leia opna seg stykke for stykke nordover, same leia han rasa sørover, greie farvatne der san. Men for somme fanns der ikkje farvatn fram dit dei skulde. Fanns ikkje nei, om det så gjaldt meir enn live. Dei laut trøste seg med at det var sjølstelt.

– – – Dei kom til byen om føremiddagen, i hilderstilla, som der aldri hadde fare skip eller storm over den fjorden, sagblada kvein i nyfødde lykka mot dem.

\*

Ellida tok i mot dem utan undring, still og bleikvori slik ho gjekk der om dagane. Ho helsa Ragnhild velkommen heim, og det var ærlig meint.

Ragnhild sa med det høge, milde måle sitt, det Håkon var så redd: – Eg trudde du skulde bli her. Eg visste ingen høveligare til det.

Ellida tagde, og Ragnhild gav seg ikkje meir om henne.

Håkon helsa frå Johannes, så godt han fekk det til. – Du må fortele oss når du hører frå han. Så vi får vita korles det går han. Han er no ingen skrivar, veit du, men –

Han knippa med fingrane og gjekk. Han trudde knapt sjøl at han kunde seie slikt i kveld.

Smågutane kom frå blåbærhaugen, og såg ut <sup>[170]</sup> nett slik. Håkon snudde og var med dem åt kjøkene. Hallvard var ikkje stort blyg av seg, men dette frammande kvinnfolke som vendte seg mot han, vilde han helst ha komme seg unda. Kanskje Ellidaguten hadde ymta om kven som var ventande til gars. – Ho spurte om det var han som heitte Hallvard. – Han såg på faren før han svara, og han svara traudig nok.

Han tjuvstirde på Ragnhild gong og annan utetter kvelden. Ho ser han, og

seier med seg sjøl, at han der er ho mor for. – Eg merkar inga sjælsrørsle ved det, tenker ho. Nei nei, ingen ting å gjera ved det.

Slik ser ho det eine etter det andre. Først grannane, som var der og hjelpte til da like vart ført til gars; dei helsa utruglig treneva på henne. Gamle kvennhuse og saga er borte, elles kunde ho ha gått seg ein tur dit. Her er kjøkene, der ho gjekk og trødde ei tid; der er stua, slik ho gjekk i frå henne sist. Ho ser lande rundt i kring, og himmelen over det, og evigheita der over att. Det seier ingen ting til henne no, anna enn at det er til.

Steinane vitnar, las ho nokonstads. Å ja, men kva kan *dei* vitne? Nei, men her var eit barn ho gjorde morlaus, her. Det er same synda det som å ta liv. Og like umulig var det å undgå. Stein kan vitne mot stein, og ein gong kan eit menneske vitne mot eit anna menneske, men når eit menneske møter lagnaen, da vitnar ingen ting <sup>[171]</sup> meir. Og korles skulde det ha vore, visst det ikkje var slik?

Ho la det i frå seg og tenkte på einkvart anna, slikt som let seg tenke på.

Gutungen såg mest vondt på faren sia om kvelden. Han blir vår det, og sett auga i Ellidaguten. Og han, krypen, han kryp med auga, han tør ikkje ein gong rømme.

Så måtte det til da. Han tok Hallvard for seg da dei skulde til sengs.

Ragnhild hadde alt gått ut i kårstua, ho bad om å få ligge i Tale-senga. Ellida hadde spurt Håkon om ho skulde sette inn ei seng til i kammerse hans, og han hadde svara nei. Det var det, men no måtte han i hop med Hallvard.

Han hadde teke han inn i kammerse. Guten stod og venta som han skulde ha stokkpryl. – No har du fått mor di heim, tok Håkon til ords. Hallvard såg beint på han. Sia såg han ned. – Ja, det er mor di, Hallvard. Han sa det så ålvorsamt han kunde. – Skal ho bli her da? spurte guten og såg til sides. – Det treng du visst ja, svara Håkon.

Da kom det forhatig frå Hallvard: – Eg vil ikkje ha henne til mor! Han var både sint og redd, det var armelig han klara seg for gråten.

Håkon spurte, rolig som før: – Du vil ikkje ha meg til far heller da?

Der fór noko i blikke til Hallvard. Stod han og håna far sin, innvendig, eller var det det at <sup>[172]</sup> han visste seg inga råd? Ein kunde *ta* i han ja, men – kva *gjer* ein med slik ein morlausing?

– Du kan gå og legge deg no, sa han. Så skal vi snakkast ved sia.

Gutladden pilta ut og opp troppa.

Ragnhild låg i kårkammerse. Her i huse. Under take på Stavsund i gjen ja. Han burde aldri ha narra henne hit. Ikkje første gongen heller nei – det var hardt å tenke på! Men han laut gjera som Johannes den tankelausingen formana han, ta tankane meir på langs. Ja da, det var ikkje mange dagane til ho reiste att. Så var den sorga sløkt, kunde ein seie.

\*

Gong og annan såg Håkon det same i auga til Hallvard, dagane etter, som ei undrande vanakt. Han råkete på noko slikt hoss andre òg, da han var ute og bad berarar til likferda. Han vilde snakke med dem, men dei vilde ikkje snakke med han. Han fortalde at Ragnhild hadde komme heim, han trudde det var det som låg dem for bringa. Nei da, dei ønska han lykka til, dei tykte ho hadde drygd lenge før ho kom; så snakka dei om mor hans att. Men det dei tenkte på, det heldt dei for seg sjøl. Han kaldsveitta når han gjekk frå dem.

Da han snakka med Periander i telefonen, fekk han endelig svar. Periander svara nei, han kom ikkje i den likferda. – Du må høre deg om i det *andre partie*, let han.

[173] Håkon hadde undrast med kvart, korles det gjekk i herredsstyre-møte, men i grunnen var det så langt unda han, at han glømte det straks etter. No skjønna han det hadde gått gale for Periander.

– Eg kom til å reise bort eg, sa han. – Ja, svara det i telefonen. – Eg vart nøydd til det. – Ja visst.

Håkon snudde seg frå telefonen så harm at det heta i kinna. Ragnhild var der, ho leita etter noko i dragkisteskuuffene.

– Folk er sint på meg, sa han. Dei lastar meg for det eg fór sørover.

– Ja? sa Ragnhild og smilte.

Han måtte fortele henne korles saka låg til millom han og Periander. Johannes og Borgny måtte han òg fortele litt nærmare om. – Men det er da småting? klaga han seg. Ei heil herve med småting og kvardagstøv! Og så lyg dei! Dei tier og lyg!

– Det har seg visst slik, svara ho. Ho fann det ho leita etter og gjekk sin veg.

Ho visste frå før at det fall tungt for Håkon å bli halden for ein kleinslig kar. Men han var i verda, fekk han komma i hug.

Litt etter kom Lea til Stavsund. Håkon hadde henne framfor seg da han stod utom døra og tykte han var ulykkelig. Ho helsa ikkje, ho spurte om det var *sant*? – Er det sant, hører du, at du har a Ragnhild med deg heim? Da må du ha Herren sjøl på di side, du er ikkje nokon ringe <sup>[174]</sup> mann da nei. I det same fekk ho auga på Ragnhild, som kom frå stabure. – Nei så Herren forderve meg på jorda! sette ho i, – der ser eg deg! Der kjem du ja, i mot meg gåande. Som om eg ikkje skulde vera lykkelig nok før!

– God dag, Lea, sa Ragnhild. Eg hører du har vorte enke.

– Å ja da, det eine skjer, og det andre skjer, og no veit eg at det er Skaparen som styrer for oss, for eg er omvendt no eg. Nei du kan ikkje sjå det på meg, Ragnhild, men eg er det, eg er full av berre saligheit. He! omvendt, seier eg – eg er frelst! Så urimelig det er ja.

Ho gret før dei veit orde av. Ho må ha havt det bra vondt, skjønner dei. Ho let seg elles ikkje hefte, ho både smiler og ler: – Men enno har eg ikkje rådd meg gitar, nei men eg syng lel, eg syng! Men dette var berre om meg og mitt, det, men korles er det med deg?

Ragnhild smiler og held handa hennes. – Eg skulde berre følge Tale til jorda.

– Eg hørte det, eg hørte det, i den her dag, eg hadde vore over fjorden på eit møte, der med la eg i veg hit, i eldbrente skyndfarten, som høna i stormelingen, høge himmel kor glad eg vart! Eg trudde dei laug, kan du vita, folk sløser ikkje med sannheita når dei forteler noko. Og no er eg her.

Ho ser stort på Ragnhild eit tak, og så seier ho:

– Hadde han komme heim utan deg, da hadde <sup>[175]</sup> eg hengt meg, Ragnhild. Hengt meg *høgt*, seier eg deg, for da var her ingen Gud å tru på, da fanns her ikkje rettferd i verda. Huff ja san, ein kan bli rar når ein tenker seg om!

Håkon vilde ikkje ha hørt eit ord av det ho sa. Men slik måtte Lea få lov til å vera. Ein verjer seg mot lagnaen sin så godt ein kan. Om ein så sjøl har skapt han. Ho ser han og ler:

– Du er uverdige, du burde gå på kne. Ja kva seier du no, såg du undere gjekk for seg? Men dei lyg på deg. Dei lyg så dei trur sjøl. Ja, gut, dei forteler du sette i veg sørover så du kunde lure deg unda andsvare, og så har du jaga bror din vekk,

– dei forteler *ting* om deg! Men det skal du spytte på, berre spytt på det du og snu deg vekk. For du har vunne du!

– At folk er vonde kan dei ventelig inga råd for, seier han.

– Nei trur du eg likar dem mindre for det! Men dei trong ikkje syne det støtt. Men dei er så sleipe! Sleipe som ærligheita og vel så det. Men de to her, de har vunne, de, over dykk sjøl og lagnaen og heile lykka. Åja ja, Ragnhild.

Ho såg Ragnhild i auga og var nær på å gråte att.

– Det var gildt eg fekk sjå deg i gjen, sa Ragnhild.

Men Lea vart meir og meir fortenkt. Ho såg ned og sukka. – Eg burde ha tala til dykk, sa ho. Om det andre, det einaste. Men eg er ikkje verdig til det. Nei, eg er ikkje det, avgjorde ho.

[176] Dei gjekk på staburslofte, der Tale låg lik.

Da Lea hadde set på like ei stund, snudde ho seg og gjekk stilt ned att.

\*

Likferda skulde vera om sundagen. Ragnhild var med og laga i stand til gravøls. Ho gjorde det ho såg å gjera, men kom nokon og spurte henne til råds, da smilte ho og bad dem halde seg til Håkon. Dei vart ikkje større forundra. Heller ikkje kunde ho merke at folk var redd henne, noko større da, kan hende dei fraus litt innvendig når dei kom i hug kven ho var.

Laurdagskvelden helsa ho på kvinnene som kom med sendingar til gravøle, men ho let dem sjøl komma fram med handa. Dei var elles ikkje mange. Dei fresta å snakke med henne, men det var eit vandt arbeid, ho avunte dem det ikkje. Dei gjekk i stå, den eine som den andre; eit par av dem la i veg med tomsnakk om sjøl veit kva det var.

Midt i det mintes ho tukthustida si. Der tok dei henne fri for både tankane og snakke. Dei gjorde henne til ein stor og vanlig syndar, det var berre å tilstå at ein var det og be om nåde, så var det i orden, ja og så *angre*, det måtte til. Ho hørte på dem som ho hørte på kvinnfolka her: som ein lyd langt bortanfrå, ei saubjøllelåt. Til slut hørte ho dem ikkje. Men ein og annan kvelden den første tida kom heimsjuka over henne. Det hendte ho gret. Ho kunde ligge og seie einkvart [177] med Tale eller kven det var, og smått snufse ja; og så var det denne gutungen, ho var ikkje godtil å døy i frå han på lenge. Ho døde da elles grundig nok, men det

tok tid.

Men no var ho her. Det siste ho var med i her på Stavsund, var òg eit gravøl, etter Didrik, ho hadde sjøl lagt han lik. No var gravøle det første ho vart med i att. Ja ja, som Tale sa, det går vel ein daue om senn; ein slepp no vera med i sitt eige gravøl, etter det vi kan skjønna og tru. Og no tukla dei seg heimatt, dei som kom her med sendingar.

Paul såg til henne på tukthuse. To gonger enda. Det var dumheita som var ute og synte seg, ho har ikkje vett til å gi seg. Synd i han? Å nei da. Det er ikkje så synd i oss som vi trur.

Jau jau, her kom dei og skulde sjå henne som drap værfar sin. I morgo ved kirka vart det mange som skulde sjå henne, ein ser ikkje slike kvar dag. Ho måtte undre seg over at ho undra seg, det var uvant arbeid for henne. Ja visst skulde dei få sjå henne. Og var dei hardhjarta *nok*, da såg dei det: At hadde Håkon vore den rette mannen, da hadde òg gjerningen hennes vore den rette. Straffa er noko anna. Den skjønna dei ikkje ein skugge av. Om dei så skjønna ho er evig.

Ein dagen spurte ho Håkon om øksa fanns her på garen enno. Han vart merkelig å sjå til, særlig kring munnen. Han kunde ikkje få fram eit ord.

[178] Hallvard såg ho lite til. Han heldt seg visst unda henne alt det han kunde. Ein gong såg han henne i auga, som eit lite vaksemenneske, og da ho snakka til han, såg han bort og hørte det ikkje. Det var ikkje noko under om folk var glad i borna sine. Men det måtte vera ei tungvori bør.

Arn, yngstebroren hans Håkon, hadde komme heim til gravøle. Han var nykonfirmert og vaksen så det var ein lyst. Han såg ut hardt plaga da han laut helse på henne, og sia heldt han seg unda vegen hennes han òg.

Det vart ikkje stort likfølge frå Stavsund denne gongen. For utan folke i huse og klokkaren var det dei seks berarane og konene deira og nokre få elles av nærmaste grannane. Stuttare likfølge hadde ikkje fare der frå garen, det nokon kunde minnast.

Lea var still den dagen, dei såg henne aldri slik før. Da dei står ferdig til å fara, seier ho til Håkon, så lågt at berre han skulde høre det:

- Det blir det same for a mor di om det er mange eller få i dag.
- Ja for meg òg, svara han.

– Å nei, stakkars deg! sukka ho, og meir visste ho ikkje å trøste han med. Ho fresta å smile til Ragnhild: – Vakkert vêr fekk vi no like vel.

Håkon såg det på alle, i kirkevegen og ved kirka, at dette likfølge skulde vera tegn til han. Han fekk bera det som ein annan dom. – Hadde <sup>[179]</sup> det enda vore for Ragnhild si skyld, ønska han, da hadde eg vore ein sterk mann mot dykk. Men det var langt der i frå. Og i morgo fór ho frå han og att-ende til sitt. Kanskje den skamma kunde bite hovude av han? Det var da ei von det òg.

Ragnhild sat breiddmed han i kjerra. Ho sa eitt og anna orde. Han kunde kjenne henne, somtid som ein varme og somtid som ein kulde, enda ho flytta seg visst unda han så langt ho kom. Ho steig fram til grava side om side med han. Men det var han som leidde Hallvard.

Kjenningane hans vilde ikkje sjå han i auga, men einkvan motmannen kom og var blid. Ragnhild glåmte dei på, gud veit om ho merka det.

Der låg ein dauingskalle og gliste fram utor moldhaugen. Håkon syntes sjå at Ragnhild tenkte det same som han: at vi møtes alle i siste smilen. Men kva smiler vi *da* til? Det skil oss ikkje *no*.

Endelig var det nok sunge og nok sagt ved grava, og så var grava attkasta. Ein kunde lette på hatten og gå der i frå. Tale brydde seg ikkje om kva dei gjorde.

Kva som fór i han visste han ikkje, men han snudde seg og såg på gravsteinen over faren. Den hadde dei lagt til side no, han skulde stå over både Didrik og Tale. Mor til Lea låg på ein annan kant av kirkegaren, det hadde laga seg slik.

Håkon hadde Ragnhild attmed seg. Det <sup>[180]</sup> sveiv for han at det var ho som vilde dette. Folk såg på dem, særlig på henne. Og der stod ho og las innskrifta på steinen til Didrik, så fekk steinen vitne det han kunde. – Det blir lite om rom til namne hennes Tale her, sa ho. – Det skulde klare seg, trudde han; vi kan bruke bitt mindre skrift.

Litt etter snudde dei seg mot dei andre, som stod der enno. – At ho *gjorde* det der, sa auga deira. Håkon syntes han smilte til dem, kaldt men fredelig: Ho er sigerherren over både dykk og meg. Eit menneske. Skya på himmelen går sin gang, og sola går ovanom henne, og veit nokon på jorda kva som er der ovanom? Men menneske er større enn all ting i kring det. Det er gåta i verda, – lat det vera slik.

Om Ragnhild reiste i morgo: Det var ein dag som gjekk over eit menneske eller to, og de, godtfolk, fekk aldri tak i det. Da skjedde der ein ting under sola ja; og sola visste det ikkje. Lat det vera slik.

## VI

[181] Måndags føremiddagen dreiv Håkon hus-imillom og fresta komma i gang med einkvart arbeid. Han smilte halvt lykkelig, så einslig og lagnaen i vald kjente han seg; så kald var verda i kring han. Einkvart i han retta seg opp mot denne kaldkjølen, slik som ved gravsteinen til faren i går.

Han hadde ei minning om noko vidunders tull frå ein morgon før, da han var som tyngst edru, eller var det ein kveld da det var festlig i lage: han tykte all ting var så smått ein måtte le til det, det store var ørsmått og det største var minst, det var så vanskapt ei sanning at ein fraus og likte seg.

Dagen var lyslett, utan solskin. Skya vêr kan vera vakkert vêr, når ein vil det.

Da kom Karl Albert og måtte få snakke med han på tomanns-hand. Karl Albert fór ikkje med gap lenger, han var kjøpmann og ein vislig mann. I dag drog han opp gamle godslige revesmilen sin, for han var brydd av erende: – Ja du får ha takk for i går, som sagt, men sei meg, var gutdevlane dine heime i gårkveld da vi sat og drakk [182] gravøl? Var det ikkje nokon, tru, som spurte etter dem ein gong?

– Kva er det da? Håkon vilde vita det straks.

– Der har vore eit par slike innpå bua hoss meg og vasa, i gårkveld. Nei eg seier ikkje det er dem, men folk har set dem der i nærheita. No har eg vore hoss eit par andre, som der kunde vera von om, men dei veit visst å vri seg unda det.

Håkon stod og kraup i hop i klæane. Han tålte det ikkje, men han måtte sjå det like vel: Hallvard, gutstakaren hans, kunde ha gått seg på sjøen i gårkveld, kunde ha vorte ihelslegen, utan at han som far var hadde ansa det; –du har ikkje tenkt ein tanke på han i dag heller, sa han seg.

Karl Albert fortalde om tilborden: Ei rute på krambua hadde vore sund, og der var innsett ei trerute til så lenge. No var den ute. Karen som kom inn der, han måtte vera liten. Den andre har ventelig stått nedunder og vore tropp for han, der er nokolite høgt, veit du. Dei hadde rusta seg med drops og sjokolade og med

fluonglar for auren, ja og så tendhetter og krut, rette smågutvarane alt i hop.

Eg kom til å tenke på Ellidaungen. Eg vilde ha kika under skosolane hans.

Ja kor var gutungane no? Håkon spurte i kjøkene. Der trudde dei at dei var i marka med krøtera, kanskje dei fór etter molta med det same? Han såg bakom kjøkensvala. Fiskestengene deira var borte. Da var det vel fluonglane som [183] skulde prøvast i dag. Han var oppå lofte deira og leita. Noko tjuvgods fann han ikkje, men han tok ned skone dei brukte i går.

Karl Albert klemte solane ned i lausjorda. – Ja ha, let han. Som eg frykta ja. Same hæljarmlage, same fare. Nei eg tykte eg måtte snakke om det; så du visste det. Og den der stikklingen hennes Ellida ser meg no ut som eit *emne* hm? Ja ja, det blir ansles med alt no, når kona sjøl har komme heim.

– Ho reiser i kveld att, smilte Håkon.

– No lyg du? Karl Albert såg virkelig forfæld på han. – Da må eg få snakke med henne, sa han. Eg lyt snakke henne til vettes, eg som har munn å seie det med – får du *ikkje* opp kjeften sjøl deg?

– Nei du får ikkje snakke med henne. Når *ho* må reise, da er det slik da. Og gutpåkane skal eg ta meg av. Eg kjem bortover med dem først eg får kleppen i dem.

Han snur seg mot låveveggen. Han kunde ha murra som dyre. – Og ho reiser i frå oss! kлага han seg med seg sjøl, ein totre gonger.

Karl Albert var still av seg da han gjekk.

Håkon fortalde ikkje noko til Ragnhild. Han passa opp Ellida og sa det med henne. Ho tok det vonoms lettare. – Ja nei snakk om småguten i den alderen, sa ho; han finn på mangt han. Og no skal da eg og min unge snart vera utor vegen her. Men, sa ho og såg på han, eg vil gjerne at du Håkon gir han det han har fortent.

[184] Ho var gjerne einaste menneske, om ein kunde rekne henne så høgt, som trudde på han i dag. Karl Albert hadde synt det bert nok i gårkveld, at han heldt Håkon for ein luskar og ein larv. – *Du* veit vel kva du gjer, sa han og smilte, da Håkon gjekk innpå han og dei andre karane i gravøle, han vilde høre om dei òg heldt han for det. Ellida trudde vel om han ja, det var mest som eit piskedrag over andlete å vita det no. Men ein laut gå ved at ho bar ikkje vonløysa si kleint.

Håkon lest ikkje sjå gutungane da dei kom heim. Han venta til han fekk Hallvard for seg utan nokon merka det.

Han bar på han det dei hadde gjort. Hallvard svara ikkje orde. Han såg ein gong ned, og ein gong opp på faren. – Svara! sette Håkon i. Hallvard vart raudlett, men han tagde som før. Håkon tok han i aksla og løfta han. Harmen fór i han som ei hellig makt, han hørte sjøl at dette var ikkje hans røst. – Svarar du?

Han sette han ned att og snudde seg frå han. Tok så fram bjørkrise han hadde budd seg med: – Skal eg måtte bruke den her da? Han tykte han spurte slik at syndaren måtte mjukne. – Eg meinte jamenn eg skulde sleppe det.

Guten tier. Best det er har han vorte avleta i kinna, og seier beint opp i auga til faren:

– Eg vil ikkje ha den der tukthuslemmen din til mor!

Håkon venta til sinne rauk *av* dem baa to.

[185] Da bar det i gråten med gutungen. Men han hardna til att straks faren snakka åt han, og såg så trassig på han, at der var berre eitt å gjera: han fekk ta han over knee og gi han det som vanta. Han måtte gjera det, og han gjorde det. Han syntes verda stana og lya på med det gjekk for seg.

Men gutknekten tilstod ingen ting, og lova ikkje noko.

Håkon gjekk beint i frå han. Han visste ikkje anna å ta seg til, han fortalde Ragnhild det som hendt var.

Ho sat og såg rolig på han med han snakka. Ho merka ein smil vilde fram og nokre galne ord: – Han har ikkje likare mora å slektast på. Men Håkon hadde det vondt nok før, og korles skulde ein fara åt med gutpisten? Jaså, han tålte ris. Ris måtte der til, men der måtte òg nokon til som tålte det. Ho hadde undrast, stundom, kven som gav folk retten til å ha born. Ho visste det i alle fall ikkje.

– Ta og snakk med gutungen hennes Ellida, sa ho. Ho såg på Håkon så han slo auga ned.

Han gjekk ut og gjorde som ho bad. Den karen hadde halde seg unda med dette stod på, men no måtte han fram. Då Håkon hadde fortalt han at han var tjyven, og tok til og stelte med rise, da gav han seg over og tilstod. Han fresta å lyge seg frå eitt og anna, men han var tålig snar til å rette på det. Det var han som fann på det [186] *først* ja, og han som kraup inn, men Hallvard hadde hjelpt han,

og han stod vakt ved nova. Det var ikkje stort dei tok, berre lommene fulle, og så lite grand i eit lommetørklæ, ja og noko i eit halstørklæ. Han var med Håkon opp i smia og synte han tjuvgodse; det var gjømt inni smiebelgen.

Håkon sa at julingen kunde det stå ut med til neste gong.

Der etter tok han syndarane med seg over sunde til Karl Albert. Bleike var dei og litt ansles enn vanlig, men dei bar da fram det som att var av tjuvgodse, og bad om tilgiving. – Sia får de betale det som vantar, sa Håkon.

\*

Ragnhild skulde fara til byen med båten i sju-åttetida om kvelden. Etter middagen tok ho Hallvard i handa og leidde han med seg ut i hagen. – Eg vil berre fortele deg noko morosamt, sa ho.

Der stod ein trebenk nede ved bærbuskane. Der sette ho seg, og Hallvard stod framfor henne og venta. Han sette hendene i bukselomma og var likeglad kar.

– I kveld reiser eg og kjem aldri att meir, sa ho. Kva seier du om det? Jau da, Hallvard, du skal vera fri meg no. Eg venta da ikkje det eg, ser du, at du vilde ha meg til mor. Eg var det ein gong, men det er lenge lenge sia. Og no reiser eg, og du ser meg aldri meir. Er eg ikkje bra snild da?

[187] Han såg virkelig på henne, og da ho lo måtte han smile.

Han hadde brunt hår, men sola hadde vore hard til å bleike det. Auga var blågrå i leten. Dei var vakre, om dei stod aldri så kaldt i mot ein. Andlete var eit klokt lite gut-andlet; der var mangt å finne i det, visst ein fekk lov å leite. Stort ansles kunde ho ikkje ønske seg den gutungen ho skulde vera mor for, om så hadde vore. Og no vilde han komma seg vekk, såg ho. Ho var heller ikkje meint på å seie meir.

Men det var det, at dette vesle menneske såg ho denne gongen og aldri sia. Og mor hans hadde ho vore. Dessutan var det synd av henne, at ho ikkje visste noko å gjera for ein slik ein; men ho visste ikkje ein einaste ting.

– Eg vil seie deg farvel her da, sa ho og retta fram handa. Og den tok han, – han stod på sprang og skulde rømme, men det vart så han tok henne like vel. Ho hadde handa hans inni si. Ei hard lita småguthand; ein neve, skulde bli. Ragnhild vart halvveges redd, ho burde ikkje ha teke på seg dette. Det fekk stå til no.

– Eg fer att-ende til tukhuse mitt eg, sa ho. Du veit kva eg har gjort? Ja. Og

straffa er det ingen ende på. Kom i hug det da, Hallvard, at straffa er det ingen ende på. Når du blir stor, da er du ikkje redd meg lenger, du blir ikkje av det slage, men du finn meg aldri.

[188] Ho hørte ho sa for mykje no, men ho var for veik til å snu. Ho sa verre ting.

– For *du* må ikkje komma på straff, Hallvard, du veit kor glad han far din er i deg, han har ingen annan enn deg han. Du skal syne dem alle i hop, at du er ikkje sonen til ein straff-fange, du er ikkje det, same kva dei seier, det skjønner du sia – – korles skulde det bli, Hallvard, om *du* òg kom på tukthuse?

Slikt seier ein ikkje til eit barn nei, og da ho sansa seg var det for seint, da gret han. Andlete hadde komme i vanlag for han, han rådde ikkje med det, og ikkje med tårane heller. Ho klemte handa hans, siste gongen, og slepte han frå seg. Han luska kring stuenova og var borte. Ragnhild kunde mest ha gråte ho òg, gud veit kva gale ho hadde stelt til no.

Og bortom dette song der eit tørt og sprukke mål for henne, frå tukthuse, ei gammal gjente gjekk og riksa og song og var glad:

– Nei einast Gud og eg – veit kva som bur i meg.

Men Hallvard gjekk seg på far sin bortom uthusa, der stod *han*. Han hadde åkerljåen i handa.

Håkon vak til og såg guten kom stiltrande, som ein bortrømt tjuv å sjå til, han vart vår han hadde gråtgrimer i andlete, og trudde det var argskapen som regjorde i han enno. Mest vart han redd, for kanskje sålbota tenkte å gjera seg einkvart ilt? Men han vart harm òg i same renne, der måtte gjerast ein ende på dette her.

[189] – Kom hit! bad han.

Hallvard lest ikkje høre. Håkon la i veg etter han, guten fresta å rømme, men han var for stutføtt enno og vart teken.

Der stod han og heldt han, ei god stund. Endelig seier han: – Vent til a mor di har reist. Da skal eg snakke nokre ord med deg.

Han kom levande i hug han tapte her før i dag. Han syntes han tapte all dagen og heile live langt. Han måtte styre seg så han ikkje brukte uvette på skarvungen. – Vi skal snakkast ved ja, åtvare han og rista så smått i guten. Kom i hug det!

Dermed fekk det vera denne gongen, han let han gå.

– Åja da, ja da, trøsta han seg. Det er hardt somtid. Like til smågutar må du vinne over; du lyt ta i, kar.

\*

Ellida spurte etter Hallvard, han kom ikkje inn til nóns. Ho skikka sin gutunge ut å leite, men han kom att og hadde ikkje funne han, – han hadde vore *alle stader!* let han. Dei fekk seg mat i fred og ro. Sia gjekk Håkon rundt husa og ropa. Men det kom for han at trollungen vilde skræme han, så han gav seg ikkje meir om han. Om ei stund kjem han til å tenke på, at Hallvard skal fram og seie farvel til mor si, det er ikkje lang tida før ho fer.

Enno ein gong tok han Ellidaguten for seg, og da tilstod han at han hadde set Hallvard tok <sup>[190]</sup>vegen over haugen, han hadde ropa til han, men han svara ikkje, han la visst til skogs. – Og du flirte åt han, for det han gret, dømte Håkon. Andlete til gutfarken synte det var sant.

Ragnhild fortalde Håkon om dette i hagen. Kanskje ho har forjaga han med snakke sitt?

– Ja er han så furten, sa Håkon, og trega seg at han ikkje gav han nok med han heldt på.

Han tok vegen til skogen, var langt oppimillom haugane, sprang og leita på sluten, og lova dengt når han fann han. Han fann han ikkje. Han gjekk heim att og læst like glad, men han var det ikkje.

Ragnhild hadde òg vorte urolig, meir og meir. Ho kom ut ferdaklædd, og spurte om dei slett ikkje såg noko til han. Nei, no hadde dei vore i veg både budeia og Ellida og guten hennes, han måtte ha sett i veg langt av lei. Tida gjekk, og Håkon sa med Ragnhild at rettno kunde dei vente båten, han gjorde seg i stand og skulde ned og ta i mot han. Når ungen *vilde* vera borte, så –

Ho står og ser på Håkon og legg over. Forteler så at ho vil sette ut reisa til i morgo-tidlig, når båten går utover til Mesund, ho vil vera til stades når Hallvard kjem att; enda når ho sørover til den dagen ho nemnte i breve sitt. – Eg reiser ikkje før eg har set han att, sa ho.

Dei slo seg til ro. Ein gutunge leitar alltid heim att. Dei åt til kvelds og nemnte han ikkje, – <sup>[191]</sup>Håkon såg ikkje slik ut. Ragnhild hadde set båten gå i frå henne.

Ho fekk ikkje så lite vondt da, men det var no det. Håkon sa at ingen skulde sitte oppe og vente på rømlingen, han kom vel og kraup inn når det vart mørkt, meinte han.

Han er ikkje mørkredd, kunde Ellidaguten fortele.

– Eg er redd at du blir det snart, kasta Håkon til han.

Men Hallvard kom ikkje. Huse vart nattstilt, og natta la seg over skogen og vollane.

Ragnhild sat ved vindauge på romme sitt. Der var grått og stilt ute. Grå skyer i sig over all himmelen. Ved midnattsleite hørte ho Håkon var oppe ein sving, gjekk rundt husa og så inn att. Der vart ingen gutpøyk å sjå. Ho sat der lenge, blunda litt eit par gonger og sat blå vaken att.

Ho og Håkon møttes ute i blåtidlige dagspretten. Han hadde ikkje sove han heller, kunde ho sjå. Det var kleint ho ikkje hadde eit ord å seie han no. Der stod dei. Det var ørstyle morgonen.

Men så sa Håkon: – Å, han svelt vel heim att snart.

Ho svara ikkje. Ho visste med ein gong at Hallvard kom ikkje heim av seg sjøl. Nei Hallvard han la seg heller til å døy inni marka enn han snudde heim att, det kjente ho på seg. Ho dikta og song innvendig, noko som var *sant*: – Nei ikkje ein gong Gud og eg – veit kva som bur i meg.

– Maken til furtar! sa Håkon. Han vart <sup>[192]</sup> litt ille ved da orde var sagt.

Nokon hadde fortalt han at han var ein furtar sjøl, i mange leveår.

Orde tok borti Ragnhild òg. Om morgonen tidlig er det så rart, ein står midt imillom natta og dagen, og all ting er som ein blund i kring ein. Kvar lyden og rørsle får ei djupare meining, ho syntes orde kom og vilde vekke henne. – Og sjøltyning er sjølforguding, sa nokon til henne ein gong. – Å ja, folk veit mykje, men kven veit om dei *veit* det? Men no visste ho eitt i alle fall, ho visste det og sa det til Håkon: Ho kunde ikkje fara her i frå før guten kom til rettes, same kor lenge det vart. – Visst eg ikkje er i vegen da? sa ho.

Det kom for henne at Håkon fanga som ei von, han var som barne. Ho undrast ikkje det grand på at dei vart glad i han. Einaste vondt ho har lidd, var da han viste henne frå seg. Ho har ikkje heilt glømt det enno, det hendte her i garen. Nå ja, det var no inge langdrap, det stod av seg på nokre få døgn. Men åra etter har vore stutte mot dem.

Og no stod ho her, og der stod han. Dei hadde kasta bort ein unge for seg. Dagslyse voks i kring dem, dagen kom og kom. Lysgråe skyer høgt, høgt oppe, der stod no *dei*.

– Eg går meg ein sving, sa ho. Bortgjenom marka eit lite stykke. Eg tykkjer det er eg som har plaga han til å rømme heimen sin.

– Vi får no sjå i det til ut på dagen, meinte <sup>[193]</sup> Håkon. – He! sa han, skal vi bli nøydd til å gjera leit etter gut-tosken da!

Ragnhild kom att i frukosttida. Ho hadde vona han var heimkommen før henne. Sia vona dei at han kom heim i lag med Ellidaguten, som var inn i marka med kyrne. Han kom att åleine. – Men eg veit kor han held til, skrytte han. Han er i Eldhole, han har sagt han skal gjømme seg der ein gong, – han har fyrstikker med seg.

Ragnhild tenkte seg i veg att, ho visste om Eldhole frå gammal tid. Men Håkon vart føre henne. Han la i veg straks han hadde ekspedert dampbåten. Ragnhild stod og såg båten gjekk utover. Han gjekk i frå henne i dag òg; han sette henne att her. Ho hadde ikkje trudd nokon ting kunde nå henne slik som dette gjorde. Ho tok vegen til marka att, men ikkje åt den leia Håkon fór.

Den eine kom att, og den andre kom att, like tomhendt båe to. Det vart kvelden, og Håkon måtte bort i grannegarane og be om hjelp. Dei fekk ta og rundleite både mark og fjell.

Folk kom villig nok, vanta ikkje det. Den eine såg kanskje på den andre, når dei hørte at guten hadde laupt heimafrå nett *no*, dei tenkte og sa gjerne einkvart, men det fekk no vera det; dei ordna seg og avtalte så godt dei berre kunde, og la av til skogs. Håkon og Ragnhild var med, på kvar sin kant.

Dei leita natta til endes og langt på dag. Kvart <sup>[194]</sup> eit byskje og kvar ei grop vart lyska, alle hølene i bekken vart sokna i gjennom, dei fór dal og fjell vidt i kring. Dei møttes flokkvis og spurte kvarandre. Ingen hadde set så mykje som far etter ein smågut fot. Dei var heim og rusta seg med niste, somme gjekk i frå og fleir kom til, halve grenda var med i manngaren.

Det vart kvelden, og det vart natta på nytt. Leitinga gjekk heilt inn i grannesokne. Dei som fann guten skulde skyte tre skott, og dei som hørte det skulde gjera slikt slag, dei var mange som hadde børsa med. Gong for gong stana

folk og lya, ut i gråstille natta. Dei tre skotta vart ikkje å høre.

\*

Håkon var så trøyt der han fór, han gjekk og sov så snart han kom på flat veg. Eit par gonger hivde han seg over ende, han *måtte* sova. Han blunda med ein gong, men straks etter fór han opp i redsla og sette i veg på nytt.

Langt uti tida og leitinga ein gong, det var natta og halvmørkre, da vart han så vaken som han aldri hadde vore, og da såg han at dette hadde hendt før, at all ting hadde hendt før og skal hende her etter, frå evig og til evig tid. Og enda lyt du halde på og vera menneske, du kan aldri gi deg på leitinga di. Slik kunde det stogge inni tankane ja, det var gammalt og kjent, slik som det at ein minns ein var eit anna menneske i eit anna land. Berre tøv, berre dikt og visdom – kvifor ropar han <sup>[195]</sup> ikkje *Hallvard* så det lya i skogen all veg innetter? Han kunde ha klaga seg og tuta som eit vilt dyr.

Det var våt-grå natt. Skogen var full av saubjøller og saubræk, ei endelaus bræking når ein kom til å høre det, lamme spurte etter mora, og mora svara og svara, men dei fann ikkje einannan. Langt borti haugane hoa det og svara det med mannemål. Leitarane.

Ein gong kom han inn på ein stig, der det fór ein føre han, ein kalvbeint og godtruen mann, han kika under kvar buska han kom framom. Han skjeivar i veg som eit anna klauvfe, fór det i Håkon, han trur Hallvard er her; det trur vi alle, og slik fer vi, – heile live fer vi slik – Hallvard er ikkje her nei.

Ein gong hadde han vore heime og set etter korles der stod til, og var på veg til fjells att. Da kom Borgny i mot han, ho kom der åleine etter skogsvegen, hadde vore ute og leita og skulde heim no. Han såg ho vilde ikkje ha møtt han, men ho stana og helsa. Ho står og ser på han, underlig så nær han, og så godt. Ho vil seie einkvart, eit venlig ord eller to, men ho let det vera.

– Ja ja ja, Borgny, sa han.

– Du veit da du finn han, sa ho. Dei finn han i dag.

– I dag eller aldri ja. Og du, Borgny, du seier ikkje eit vondt ord til meg?

Straks vart ho ansles, i blikke og i andlete, heile menneske. Ho såg ned på han. Men ho <sup>[196]</sup> gjorde det mildt, tykte han, ho hadde vondt av han, kva skulde ho seie til ein slik ein som han?

Håkon var så nedfor, han kjente berre taggen av det. Der var einkvart som let seg att for han. Han smilte, han visste ikkje anna å gjera; han stod litt til, og så sa han farvel og gjekk. Det kjentes som ho stod og såg han i ryggen, ein stakar til kar ser ikkje ansles ut nei, dømte ho.

Ragnhild hadde han møtt heime. Vettugt folk fekk henne heim, fekk henne til å kvile og til å ruste seg bedre ut. Ho var snart på ferda att ho òg. Ho hadde verkeleg sove, og kom og snakka med han. Ho fresta sette mot i han, ho liksom Borgny, men sjøl veit om ho hadde noko tru på at dei fann han. Det var uminnelig lenge no sia dei stod utom veggen heime og hadde mist 'n Hallvard. Det var morgonen den gongen.

Og hadde ikkje ho noko tru, da, ja da vart det ikkje dagen meir.

Dei var ei heil mengd leitarar på ein gammal setervoll da Håkon kom dit. Dei sat og kvilte, og dei stod og kvilte, men det kom for han at der hadde hendt einkvart. Ja, det var tålig greit å sjå, syntes han, men han gjekk beint på dem og lest ikkje anse nokon ting.

Nei, dei har ikkje noko å fortele han. Anna enn det, at på denne kanten kan dei gi opp no, marka er langgått og tvergått mangdubbelt, dei spør Håkon om råd kor dei no skal ta vegen.

Vêre var blåsande og gråvore, eit godt vêr å <sup>[197]</sup> fara fjella i, men korles var det for ein liten ein, som skulde ligge ute om natta? Det tenkte ikkje dei på nei.

Men der såg Håkon ein millom dei andre. Det var Kasper Kiran. Kva fanken vil han her? Har han alt komme heimatt da? Han spurte seg om fleire ting, men han gjekk beint på mannen. Slik ro kring panna er det ingen annan som har, og auga hans dei *har* set det dei ikkje hadde lov til å sjå. Håkon er ikkje mann for meir, han tek han i handa og seier høg i måle:

– No forteler du meg beint ut: Ser *du* 'n Hallvard? Du ser han visst han er død! Eg veit du gjer det, Kasper Kiran. Men for det trur eg ikkje på deg, det er ei anna sak.

Alle andleta snudde seg dit.

– Ja, svara Håkon dem, her ser de meg, eg er bortanfor både svie og skam. Eg vilde berre ha hørt kva vi leitar etter. Eg må vita det no snart!

Kasper Kiran stod som han leid vondt. Han smilte slik. Endelig retta han på

seg; han vart ein annan mann i andlete. Han såg hardt på Håkon, og sa i eit umildt ålvor:

– Nei, Håkon, *du* treng ikkje vita slikt. Det kjenner både du og eg. Du vil det ikkje heller. Nei! – – Om eg så *kunde* syne deg nokon ting.

Han snudde seg og gjekk bortetter vollen. Mannhusingen tagde.

Dei tier mest dei vinn, tenkte Håkon. Og det <sup>[198]</sup> hadde profeten rett i, at eg treng ikkje og vil ikkje vita slikt nei. Eg er den eg har vore.

Han mintes Lea i skogen her, ein morgonen, dei råktes i marka, ho og Ragnhild var i lag. Ho kasta seg ned og bad, i lysaste solrunna, midt framfor dem. – Vent, sa ho, no skal du sjå undere, Ragnhild, no skal du sjå undere, Håkon, i den her dag; og så bad ho. Bad ja, det var meir som ho flådde og brente seg sjøl, han gjekk sin veg, bort i frå denne ropinga hennes, og det same gjorde Ragnhild. Det er nokre som er fødd til trua og andre til vantrua. Det som er live for den eine, er verre enn dauen for andre, det kunde da ikkje han noko råd for?

Og undere skjedde ikkje den dagen.

\*

Det skjedde to dager etter, fjerdedagen dei leita. Det var eit under, om det ikkje var Lea sitt.

Ragnhild tok ei anna lei enn Håkon da ho la i veg att, først austover etter ålmannvegen eit langt stykke, så over ei fjell-lægd og etter ein stig gjennom markerne heilt over til grannebygda. Der var leita nok alle stader ho fór, det vanta ikkje, men ho kunde ikkje anna få til, enn at når ho gjekk slik åleine etter ein stig, der ingen leitarar var, da var der ei von om at der kom ein liten forvilla gutladd i møte med henne. Nei visst hendte det ikkje, kvifor skulde det hende? Det var berre vona, men den var det rart å gå i, så isande uvant.

Skogen var òg rar å gå i. Kvar dalen og åsen <sup>[199]</sup> var vide verda, ein vart barn att visst ein gjekk her lenge nok. Så var det småhaugane, og så var det myra, det var like levande nær henne, gjømte på same løyndommen. – Nei, sa ho best det var, eg vilde ikkje gå her og bli lykkelig, om nokon baud meg det. Det var sant for resten, og einkvart slikt måtte ho seie, somtid når ho gjekk åleine, i staden for å tenke.

Borti brattlia vest for henne blåna det på røyk. Det var leitarar som kokte seg

kaffe. Øvst på fjellaksla lenger unda såg ho små menneskekrek mot himmelen, dei var ute i same erende. Slik leita heile bygda etter barne hennes. Tru om dei visste at det var meir deira barn enn hennes?

Ho hadde vore ein med i lage heile tida. For det meste hadde ho gått breiddmed andre og berre leita, leita. Men stund og anna vart ho åleine, og da tenkte ho over det så grant som ho var god for:

Noko mor for Hallvard kunde ho ikkje bli, Vårherre sjøl måtte vita når den dommen fall, det var *lenge* sia. Men gutungen vilde ho sjå att, levande eller død, ho kunde ikkje anna, kunde det mindre dess lenger det leid. Ho hadde levd meir desse døgnville døgna enn ho gjorde på mange år. Og det å leva var rarare enn nokon trudde som ikkje hadde ansa på det. – Eg ønskar eg kunde leva all min dag, sa ho. Og hadde eg vore mor hans, da hadde eg gråte.

I dag tenkte ho den tanken òg: Eg visste eg <sup>[200]</sup> hadde ikkje lov å komma her. Eg kjem heller ikkje til å skjønna kvifor eg gjorde det. Nei ikkje ein gong Gud og eg – veit kva som bur i meg. Visst eg fekk denne gutungen, da tok eg i mot han, same kor stor ei synd det var.

Ho gjekk og gjekk. Ho nærma seg stader der det kanskje var uleita enno. Men Hallvard kom ikkje i møte med henne. Det var ikkje ho som skulde finne han. Nei nei. Ein stig tok av til venstre, ho kunde like snart slå inn på den, dei leita i blinda dei andre òg. I det same ho var i gonga den vegen, såg ho ein gut-trase kom kilande etter den vegen ho hadde vraka. Var det likt, det var ikkje Hallvard, kunde ikkje bli det same kor mykje ho stirde på han. Men ho laut bie på han.

Det var ein freknut og lyshærd gutgap i 12-13-åra, ho syntes ho hadde kjent han all sin dag: i raude undertrøyermar og grå bukse og vest, svarte bøter på knea og bak. No saktna han på og kom gåande. Ho måtte sette seg på ei tuve med ho venta. Han stana og såg på henne.

Leitar du etter ein gutunge som er bortkommen? fekk han seg endelig til å spørre.

Større vant til å snakke med frammandfolk var han ikkje, men ho fekk det da ut av han. Dei hadde funne ein gutunge ja, heime hoss dem, i Inndalsaune, ho mor fann han i sommarfjose i dag-morgest, han hadde visst suge mjølka utor ei ku. Han vilde ikkje fortele kor han var i frå, men han *kunde* snakke visst han vilde. Det hadde <sup>[201]</sup> vore nokon der og spurt etter han før, og så stod det i blade

om han, dei hadde leita i mange dagar, mange tusen mann; nei han var visst ikkje stort frisk. Dei tenkte å få i hest og kjøre han heim, og no skulde *han* avstad og varsku nokon av leitarane, dei skulde skyte tre børseskott i lufta!

Ragnhild hadde som ei meining om kor Inndalsaune var, ein einslig plass i marka her. Ho gav seg i gonga, først rolig, men fortare etter kvart. Ein staden var der ein krossveg. Ho tok den som breiast var, leit på lykka og gjekk. Det vilde vera eit dyrverdig tegn om ho var den første av leitarane som fekk sjå Hallvard. Da var der nokon som hadde synt henne vegen.

Ho hadde gått lenge da ho kom inn på ein større veg, ein ålmannveg å kalle; så følgde ho den. Ei tid etter hørte ho det small i marka nokonstads, eitt skott, to skott, og så det tredje. Da vart ho både heit og kald, for dette *sa* henne noko. Einkvart var avgjort og forkynt for henne. Ho hørte skyting lenger vest, fjella svara og kunngjorde; og ho skyndte på gonga.

Men kor vart det av Inndalsaune? Ho kom så langt ho såg kirka i grannebygda. Da var det å snu, og snudde gjorde ho. Tvert i mot lykka, tykte ho, og ein styng stod i mot hjarte og vilde nekte henne å gå. Ja ja, men Hallvard skulde ho sjå, same korles det var laga eller ikkje. Og no kjente ho på seg kor Inndalsaune var.

Ho møtte ein folkflokk som kom frå leitinga, [202] dei hadde hørt skott på denne kanten. Dei følgde henne fram til plassen. Der var det alt komme mange før dem, leitarar og kjent folk, og millom dem såg ho Lea. – Enda godt det ikkje var Håkon, stakk det i Ragnhild. Det var ein tjuvtanke berre, og han var borte med ein gong att.

Lea kom i mot henne, ho hadde visst gråte. – Der ser du, Ragnhild, ser du *no!* Undere som eg lova deg, som eg bad om. Det har synt seg no, ikkje sant?

Ragnhild vilde ha skuva henne frå seg, men det vart til at ho stana og såg på henne.

– No har du fått att barne ditt, dreiv Lea på.

–Ja seier du det. Ragnhild hadde ikkje tenkt over før, kor snodig trua kan vera. Ho brydde seg ikkje med å tenke over det no heller, Lea var i alle fall lykkelig. – Ja seier du det, sa ho enno ein gong, og snudde seg og gjekk inn.

Det var eit gammalt lite hus, alt var brukt og slitt, her vilde ho ha budd, budd her og vore menneske ja, men kor hadde dei 'n Hallvard? Stua var snart full av folk. Dei såg på Ragnhild, og denne gongen var dei utålelig nær henne, ho mintes ikkje sist folk var så tett innpå henne.

Hallvard låg i senga, det såg ut til han sov. Ho *måtte* bort og sjå han. Han slo opp auga og kjente henne. Dermed snudde han seg mot veggen. Litt om senn merka ho kor still dei andre heldt seg. Ho hadde aldri vona det skulde gå ansles, men <sup>[203]</sup> stua vart vond å vera i. Ragnhild syntes der gjekk for seg einkvart urimelig, at dei gjorde henne til menneske, til nakne levande menneske, som dei kunde tyne med dei lysta, – ho burde ha komme seg ut og fare der i frå. Ho kom seg visst aldri der i frå meir.

Ho stod og såg på nakken til Hallvard. Det gjorde dei andre òg, visst. Ho snudde seg og såg på *dem*.

– Ja slik var no det, sa ho. Men korles får vi tak i dokteren? Og kor får vi ein mann til å skyss oss? På Stavsund er der ingen til å kjøre, i dag.

Dei lova at det skulde der bli ei råd med, sei det, og ein la i veg hit og ein annan dit, da dei hadde samrådd seg som snarast. Folk var elles trøytt og gjekk ut på vollen og la seg. Ragnhild sette seg inne og venta. Hallvard låg still med nakken mot henne.

Der kom fleir og fleir folk utor marka etter som det leid, tidna hadde nådd dem. Da der endelig synte seg ein mann med hest og kjerre, kom Håkon òg til gars. Han hadde fare fort, såg det ut for.

Han såg på Ragnhild, det første han gjorde da han kom inn, og spurte korles det stod til.

Hallvard snudde seg fram da han hørte måle til faren. Sveitten perla i panna på han, men han var fullt *med* seg, kunde dei sjå. Da Håkon kom bortåt senga og snakka til han, vendte han seg mot veggen att. Der vart ikkje svar å få av han.

<sup>[204]</sup> Dokteren kom. Han trudde ikkje der var nokon fare på ferde, og når dei så endelig vilde ha barne med heim no med det same, så fekk dei i gudsnamn ta og pakke det inn og fara.

Det vart så Håkon tok Hallvard og kjørte, Ragnhild vilde det slik. Ho vilde gå heim over marka. Noko lag med dei andre tenkte ho ikkje å ha, enda mange av

dem skulde same vegen. Da ho skal til å gå, kjem ho i hug at Håkon har glømt å takke dem for hjelpa. Så lyt ho gjera det. Ho takka dem alle under eitt; – hjartelig takk skulde dei ha, og dei måtte helse dei andre det same. Ho snudde seg og gjekk.

Det hadde gått henne gjennom tankane med ho stod der og såg dem, at desse menneska burde ho nyskape, dei måtte bli menneske for henne som dei var det ein gong før. – Eg? bles ho. Eg, som ikkje ein gong kan skapa meg sjøl om til menneske? Nei lat meg no heller *gå*! Og gjekk gjorde ho.

Somme av dei andre kom etter, dei meinte visst på å halde gangarlag med henne. Men berre eitt menneske vann innpå henne, og det var Lea. Ho sa ikkje orde, kom berre på sida av henne og hang med. Dei gjekk og gjekk. Det var reint utrug alt det Lea kunde tie.

Midt uti marka kvilte dei. Gong for gong såg Lea på Ragnhild, men ho kom seg ikkje til å seie det ho sat og brann med. Da seier Ragnhild, lognt og skjemtsamt:

[205] – Nei ikkje veit du det, og ikkje veit eg det, kva dette *vilde* meg. Det at guten kom bort, og at han er funnen att. Det òg er ei gåte ja.

Lea smilte. Ho meinte vel ho visste det, ho.

– Eg burde i alle fall vore heime da han kom heim, sa Ragnhild. Men det rekk eg ikkje.

Ho kom mykje for seint til det. Hallvard sov alt.

Da visste ho at ho hadde gått og drømt om dette mest heile tida med ho leita etter han: at ho tok han på fange og klædde av han, kjente på dei kalde føtene hans, og bytta på han nye tørre klæa, bar han åt kammerse og la han i senga. Og no mintes ho, minne låg ålvake i henne, at slik gjorde ho nokon gong før i tida. Det var som eit dyr som vaknar og ser på ein, du har ikkje visst at det fanns til, men det ligg der og *har* deg.

Straffa er evig ja, smilte ho med seg sjøl. Og i same augeblinken visste ho, at her i frå kom ho ikkje før Hallvard var god kar att, før han såg på henne som på eit anna menneske.

Nei nei. Det fekk vera slik. Det hender hardare ting i verda enn det.

Ho leita opp underklæane hans. Det var ikkje noko kiste full, men det var

halde bra i stand det som var. Ellida burde ha takk for det. Dette var klæane hans ja. Ho sat med dem i fange; det var klæane til ein ørliten mann. Det var eit heilt tak å legge dem i frå seg att.

Men Hallvard brekte seg gong for gong, han var verkeleg sjuk. Ragnhild sa det med Håkon.

[206] Håkon hadde alt set det. Tidlig morgonen etter fortalde han at guten låg og snakka i ørska og var heit som ei glo. Først telefonen vart opna ringte han etter bydokteren.

Dokteren kom med dampbåten om kvelden. Han sa dem det dei visste før, at det var lungebrand. Resten var ikkje godt å seie.

\*

Dei gjekk inn i angsten att, utan å seie noko, utan å sjå på einannan. Dei gjekk sju lange døgn til botns, og det åttande vart ikkje linnare.

Der vart kveld og der vart morgon den eine dagen som den andre. Sola stod på himmelen, stod og skjein alt det ho kunde, men det var for verda elles, dei såg henne gjennom ein vond draum. Det som var til, var at Hallvard låg og pintes og var snart klar. Med kvart var det natta, gråe sømnen utanfor huse. Ein kunde bli vår einkvan tingen, ein haug eller ein gar, han var så reint bortglømt. Dei var bortglømte sjøl.

Dei byttast med å vaka, men stort anna enn vakinga vart det ikkje for nokon av dem. Det måtte ha vore vondt nok å høre på denne hosten, så drepende han var, om det ikkje var vesle Hallvard som drogst med han. Han vart verre og verre, der fanns ikkje miskunn til.

Dei henta bygdedokteren eit par gonger, og han gjorde det han kunde; men det var ikkje vandt å skjønna på han, at mot døden og lagnaen [207] er det ikkje stort ein kan gjera, enten ein så er dokter i byen eller på lande.

Ein gong da det var på det verste, snudde Håkon seg til Ragnhild. Det var midt i millom dagen og natta, ei bleik og lydlaus stund, ho var sløkt for all von. Hallvard låg i ein ynk, og feberer var snart oppi 41. Håkon vart meir og meir ulik seg i andlete med han såg på henne. Endelig sa han det:

– Mister vi han, *da* reiser du ikkje i frå meg. Du gjer ikkje det?

– Da *må* eg reise da. Nei orda vart ikkje sagt, men ho såg Håkon hadde lese

dem i auga hennes. I staden sa ho:

– Nei når det har hendt, da kan det bli slikt slag for meg. Kor eg bur eller ikkje.

Der fanns ikkje lovna i det, det var berre nokre ord ho skulde stå ved, men for Håkon var der visst von i dem, ein gneiste av liv, for slik vart han å sjå til.

Dei venta på sjuande døgne. Da skulde sjukdommen ta ein vending, til liv eller død. Da var dei så gjennompint, dei tykte det var bra same kva det vart, berre det ikkje var *slik* lenger.

Det skjedde. Febereren gav seg, og hosten linna etter kvart. Men det gjekk for fort, det var umulig å tru på det. Det måtte vera vegen ned. Tid for tid venta dei pulsen gjekk tvert i stå, og at livsvarmen lak ut med febereren.

[208] Dei såg det vart live, men dei var ikkje i stand til å tru det. Snart skulde det berast til på nytt, og da var der inga von meir.

Men dei kom over det. Hallvard sov, det nytta ikkje å nekte det, dette var sømn. Heile dagen gjekk, vinden og regne dreiv på ute, no var det deira tid, og inne låg Hallvard og sov. Gong og annan ynka han seg litt, det hørtes som det var i velvære. Mot kvelden såg han opp, fleire gonger. Litt forundra, kom det for dem; dermed snudde han seg og sov att. Håkon snakka nokre ord med han. Ragnhild stod eit stykke i frå og undrast om han hadde kjent henne. Med han var på det verste hadde ho stelt om han som ho vilde. No torde ho ikkje freste med eit ord. Det hasta ikkje så hardt heller.

Dei kom ut av angsten att, hadde fare ferda til endes kvar for seg og møttest på andre sida. Der var det lysare enn dei likte det, det vart til at dei såg kvar sin veg.

Håkon kom i hug han seglde ut her i frå ein gong, og det bar av stad over både von og vett med lagnaen i kjølvatne, det kjentes som han seglde inn i eit nytt liv. Han syntes han hadde segld til no, heile endeløysa lang, og her stod han på same staden, same mannen i same dumheita.

Ragnhild skreiv sørover, at det stod slik og slik til, og når ho kom att det kunde ho ikkje seie. Resten fekk dei sjøl avgjera.

[209] Så endelig sov dei sjøl òg. Da dei vakna tykte dei det hadde vore meir som ein daue enn som ein sømn.

Hallvard vann seg til att, der var ikkje anna å gjera enn å tru det. Han sa ikkje stort, det var ikkje vise hans, men han såg friskt og medvitande på dem. Han heldt på og vart seg sjøl att, ein liten mannsperson kalla Ragnhild det, han tagde med han tenkte og hadde sitt for seg sjøl.

Gleda tok dem ikkje så hardt, men ho var der, i huse og rundt i kring, i regneling og solglytt og i andlete på den ein snakka med. Det var i gleda Håkon gjekk til auksjonen vest i grenda ein dagen, han trong ikkje bit eller beta av det som vart seld. Det var i den han gjekk på Periander og vilde *tala* med han; – det var den dagen det hendte, sa han ofte med seg sjøl sia.

Han gjekk på han straks han vart vår han, for Periander var Periander, han såg ut som ein ven der han stod, enda han ikkje vilde sjå Håkon; han måtte da få snudd han til seg i gjen. Slikt eit stort og ålvorsamt andlet var det godt at nokon hadde, og så kloke auga. Dei såg kven Håkon var, for lenge sia, dei måtte vel sjå det no òg? *I dag*, tykte han.

Sia såg han den dagen for seg rett som det var: Slik var den ting, og slik var det. Det var ein av grådagane om sommaren, skyer over all himmelen, men lyst like vel, lyse stod ned gjennom <sup>[210]</sup> skygluggane over lande og fjorden, stod der til glede for ein grov og vêrsliten ein. Håkon snudde seg frå det og til Periander. Johannes var borte, og rettno var Ragnhild borte, men enda var det ikkje vonlaust, i dag.

Lensmannsdrengen gav på og ropte opp, så ivrig som han skulde bli lensmann på det. Håkon vart vår at Periander hørte og såg det på ein eigen måte. Folk i kring han slikt slag. Periander var ikkje den som skulde bli lensmann nei, kunde ein skjønna.

Periander svara når Håkon helsa, og var straks i snakk med den som nærmast stod.

– Eg får da vel snakke eit par ord med deg? bad Håkon. Han venta rolig på svare.

Periander snudde andlete mot han. Han var uhuglig tung i augelokka. Mot denne mannen hadde Håkon ikkje stort å verje seg med, – eg er berre eit ærlig menneske, tenkte han.

Periander kremta seg opp og sa: – Han er frisk no småguten din, hører eg.

– Ja takk, men no skal du fortele meg, om du virkelig trur eg rømte sørover, at eg –

– Det kan vi snakke om ein annan gong, braut Periander av. Om det og somme ting elles ja.

– Nei jamenn vil eg snakke med deg i dag, let Håkon. Han tok til og fekk ilt i seg: Står eg her som ein forrådar for Periander? Som ein usling? Kva seier han når det ber til? Han kjente det var umulig for seg å høre eit vondt ord av Periander, <sup>[211]</sup> det fekk ikkje skje, dei var da venner tvert i gjennom sjæla? Dei var meir enn det.

– Eg har ingen ting å fortele deg, som du ikkje veit med deg sjøl, kom det. Lat meg sleppe å seie meir.

– Nei, nei, bad Håkon i gjen. No må vi snakke ut.

Periander la handa på ryggen og retta seg opp. Han smilte.

– Håkon den rettferdige, sa han. Jau da, folk kallar deg det, hoss seg sjøl. Eg var ikkje visare, eg gjorde det same; eg var gjerne den første. Dei trur deg enno. Og når *du* vart redd meg og rømte i frå meg, var det da noko under at dei òg rømte? Men lat no det vera godt. Lat meg sleppe å seie meir.

Periander såg virkelig sorgfull ut. Han lea på både hand og hovud da Håkon vilde seie noko. Håkon var for tør i halsen, det tok tid før han fekk ord for seg. Endelig fekk han da nemnt det broren skyldte, det Periander hadde gått god for, han fortalde at det tok han på seg, alt i hop.

– Du kan bli nøydd til det ja, sukka Periander. Og dermed fór harmen i han:  
– Du kjem her og vil tala med meg! Det er det mest skamlause eg har rakt på – du skulde ha deg heim! Ja. Men: det er vel slik Judas kjem.

– Skjemmest du ikkje? spør Håkon. Han synes dette er ein lei draum, men det må da gå an å *vakne*? Kva er dette for slag?

<sup>[212]</sup> Men så var det ingen draum, vestavinden susa om husnova, tune var fullt av folk, og orda var sagt til han i vakne ålvore. Dette var som å vera barn, ein måtte springe og gjøemme seg og gråte nokonstads, for vaksefolke tynte ein. Den tida hadde ein den utvegen ja.

Håkon får ikkje inn eit ord meir, Periander står over han og forteler han

sanninga; han spør og han svarar, og feller dommen etter kvart: – Kasper Kiran, det namne burde vera nok for Håkon, he? Der kom Håkon til Henningstad og hykla gudlausing og ærlig mann og lest vera vond på Kasper Kiran, jøss ja da! Men kven hadde han gått og svore venskap med nyst før? Vi veit det, ban. Kasper Kiran som var argaste fienden Periander åtte, argaste vennen, kunde han seie, for det var han òg ja, ein blir ikkje vår slike før det er for seint. Da den mannen seglde, da vart Håkon med han, i rette tida, fekk ein seie.

Periander tala ikkje til Håkon, han tala om han: – Her fer han og friar for bror sin, fer og lyg og låner på namne hans, så lenge det går; så får han bror sin vekk, og så, når han sitt fast i det like vel, da kjem han og forteler at revstreka sine i pengevegen dei skal han ta på seg. Liksom der fanns anna råd for han! Ja da, det forstår seg, han vil vera ærlig mann. Og så skal han ha *rett*, he! rett skal han ha, mot både meg og dei andre!

Han snudde seg til Håkon og smilte over han:

[213] – Du er ikkje sonen hans far din for ingen ting.

Einkvart lét seg att inni Håkon da det var sagt, han tykte det var siste orda han hørte av Periander. Da han kom til seg i gjen, stod han åleine. Dei andre følgde med i auksjonen.

Like vel gjekk han ikkje heim. Han fresta å snakke med ein og annan, og dei var visst rimelige nok, men det fall ikkje lett å få tak i det dei sa. Det var for langt borte frå det Periander hadde sagt. Sonen hans far din, sa *han*. Dei sa det kanskje alle sammen. Ventelig var det det verste orde dei fann på.

Han hørte det eine orde etter det andre som var sagt til han, hørte det og tålte det, enda det var styggare enn kniven, ein er da ikkje jordbuar for ingen ting. Det var visst i sjølve Skrifta det stod, at jarn kvesset mot jarn, men ein mann kvesset når han står mot åsyna til grannen.

Han såg på grannane og sambygdingane sine. Dei hadde det ikkje større trøysamt dei heller, til dem å vera, kva var det som gjekk *dem* i mot? Den dagen må vel komma, har han tenkt, da han er med og sett litt kveik i lage, så frisk må jordbuaren vera, vi er ikkje fattige, vi er berre eit grand rare somtid.

Og Ragnhild ho fór sin veg no, enten dei gjøydde eller dei gjeispa i kring han.

Han gjekk der i frå straks han kom i hug henne. Det var langt heim, ein gjekk det ikkje [214] på halvtimen. «Evig eies kun det tapte», hadde ein vismann funne

ut. Folk kan vera grovt så vise når dei vil – han har forbarke meg ikkje fresta å tape ein gælnsking, stakaren!

Same milde vêrandlete vendte mot han som da han gjekk hit. Meir fredsæl kan ikkje ei vismanns-åsyn vera. Men kva hjelper det meg, kva vil det meg? tykte Håkon. Lat meg få gå *min* veg, kan eg ikkje få traske heimover slik eg er.

Da han nådde så langt han såg Stavsund, var han berre ein ærelausing dei jaga heim. Folk hadde alt glømt han, dei mintes han ikkje oftare enn dei såg han, men noko anna enn ein Judas vart han aldri. Det må du da vel tåle? sa dei.

Han beit i hop tennene og vilde det ikkje, men han ropa det like vel:

– Slik urett får ikkje lov å finnast i verda!

Litt etter sa han seg sjøl: – Hadde enda 'n Johannes vore her! Ja for da skulde han ha vorte dem ein mann eller to for dryg. Visst ein lo til dem, men det var umulig no, – visst ein lo til dem, da vart det ingen ting att av dem.

Men den som er åleine, han er berre eit halvt menneske, same kva dei dikta og fortalde om den ting.

Dei var ikkje *få* som hørte det Periander sa. Og dei skreiv under på kvart ord, enda så vondt det gjorde dem.

## VII

[215] Håkon var tålig i stand att da han kom heim.

Ragnhild sat i stua med noko slag handarbeid. Ho såg opp som snarast da han var i døra, slik vise hennes var. Det var likt til ho var langt på vegen sørover att, det var kanskje berre så vidt ho såg det som var her. Døra til kammerse stod opi. Hallvard låg og bladde i ei billetbok. Håkon var uti og snakka litt med han, og der etter var han i kjøkene hoss Ellida og skulde få seg mat. Men det fekk vera med etinga til ein annan gong; han var ute og sveiv eit tak, og kom inn att.

Da stod Ragnhild bortved glase. Kammersdøra hadde ho late att. Denne gongen snudde ho seg og vart ståande og sjå på han. Ho fekk ei lita rukke millom brunene.

– Kva er det som står på? spurte ho. Du er bleik, trur eg? Du er reint stiv i auga, som ein sømnlaus ein.

– Så gale er det no vel ikkje, meinte han. Nei men eg er dømt i dag. Dømt til det som er argare enn dauen. Det er visst noko som heiter *åndelig død*.

[216] Ragnhild smilte til det orde.

Han var ikkje ansles godtil, han fortalde heile hendingen med Periander, så stutt men sant som han fekk det til.

– Så eg er da både dømt og steina, sa han.

Ragnhild tagde no òg. Ho hadde ikkje trudd ein mann kunde bli så isande langsynt, han måtte ha fare vintervegen til endes.

– Men slik urett får ikkje lov å finnast i verda! klaga han seg.

Ho drog på smilen att. – Nei, uretten skulde ikkje finnast, sa ho lågt. Men straks etter var ho ålvorsam og stirde på Håkon.

Han går att og fram på golve og snakkar. Måle er utplaga, det vil snart ikkje gjera tenest lenger. Han stanar framfor henne gong på gong og spør, når han har lagt det ut for henne slik det er:

– Skal eg finne meg i slikt? Skal dei få fara med meg som dei vil?

Men best det er snur han seg og snakkar høgt med seg sjøl:

– Ja vel! Dei har svore seg i hop mot meg no. Både dei og Vårherre. Dei vil drive meg til å *verje* meg, skjønner eg. Ja ja, dei skal få det som dei vil. Eg tek snart saka i mi eiga hand!

Da kvekk det i Ragnhild. For dette er røsta til far hans. Slik plaga og klemte var den òg, sa ulidelig nær ein med pina si.

– Dei skal da få det som dei vil *ha det!* heldt han ved.

[217] Ho stirde på han først, med munnen halvopen, fer så fram mot han, tek han i armen og ristar han:

– Nei nei *nei*, Håkon!

– He? seier han og ser tom-øygd på henne. Held du med dem du òg? Skal eg lide det òg?

– Du får ikkje lov til å snakke slik, hører du! Ja for du hører da vel – hører du ikkje kven det er som snakkar no? Det er 'n far din ja, du er han no, er du galen da, Håkon? Du *må* ikkje –

Ho ristar han enno ein gong, ho veit ikkje for vel kva ho gjer. Han mumlar i

rådløysa:

– Eg må da verje meg? Eg må vel ha retten min?

– Du får ikkje lov til å nemne det orde, du har da hørt det *før*! Det går gale med deg, du *blir* han, kan du ikkje høre!

Der vart ei togn. Dei stirde like forfæld på einannan. Båe to såg dei far hans for seg, og dei såg *gjerningen*: ein mann vart ihelslegen, midt for auga på dem, inga makt kunde verje dem mot det; dei kunde seie han fekk retten sin, men kva hjalp det dem? Dei såg hendene hennes og vart enda kaldare i klæane.

– Nei, eg er ikkje redd dem, fekk Håkon sagt.

Da tok ho i kring han og gret. Ho beit i trøyeerme hans, så ingen lyd hørtes. Det var ikkje lang stunda, så var ho over det. Der gjekk berre nokre små rykk gjennom ryggen på henne, eit par <sup>[218]</sup> bevingar over andlete. Ho slepte han og såg på han. Ho frestå å smile det bort:

– Eg vart berre så redd. Eg tykte han hadde stått opp att. Nei eg tykte du hadde vorte han. Det må aldri hende. Da var det for mørkt i verda.

– Du må ikkje *tru* eg slepper deg meir no, sa han.

– Nei nei. Ho såg ned. Litt etter sa ho:

– Nei for elles veit eg ikkje kva som kan hende deg.

Det tok litt tid for han kunde seie noko meir. Da lo han like snart:

– Du er visst ikkje så hundig huga på å vende til bake til live. Du ser meg ikkje slik ut.

– Det veit eg ikkje noko om enda, svara ho. Men eg skal vera her. Du får nøye deg med det. Ho retta på seg og pusta ut, og sa i ein lystig tone: – Enten har andre òg gått i gjennom dette, og da skal alltid eg klare det. Eller så har dei ikkje røynt det, og da lyt eg freste. Ein liten jarnbyrd til eller frå, det –

\*

Med dei stod der og ikkje visste meir å seie, ropa Hallvard at dei skulde late opp døra; – de stenger meg inne, klaga han seg.

Dei gjekk ut i kammerse båe to. Først låg han og såg på dem, kneip i hóp munnen og såg lite blidt på dem; ein survoren sjukling, tykte dei, og dei smilte til han. Da la han seg til og såg opp under lofte, med ein innvond liten flir.

<sup>[219]</sup> Eg vil ikkje ha dykk! sa han.

Same orda som i febervilla. Just det der låg han og bala med da feberen var på det hardaste. Dei trudde mest sjukdommen hadde tak på han att.

– Vil du ikkje ha oss? spurte Håkon.

– Nei.

– Kva er det for slag tull da?

– Eg vil ikkje ha dykk! ropa han, og dermed bar det i gråten med han. Han kasta seg om mot veggen og hikstegret.

Ragnhild såg kor det skar i Håkon. Ho tok handa hans. Dei visste ikkje noko å seie eller gjera.

Nei, der var ikkje noko å gjera, men Ragnhild kunde ikkje høre på denne gråten, ikkje i kveld nei, ho kjente at han som gret var barne hennes, – det var hennes barn som gret. Ho gjekk bort til senga hans, sette seg på senggavlen og tørka tårane av han med lommeduken sin. Han gav frå seg ein argsint lyd, og vreid seg unda. Da sat ho og strauk håre hans. Ho vart sittande slik, og Håkon stod still midt på golve og såg på.

Ho såg lykkelig ut. Der var ei line ved munnen hennes, når ein såg han frå sida, øvrelappa hadde ein ørliten sving som ein ser hoss eitt og anna barne. Der var noko av det same ved auga òg, når ho blunka, dei var så evig unge. Når ein ikkje såg for vel etter, og det torde ikkje han. Handa hennes var fast men mjuk; ho strauk og strauk over luggen til Hallvard. Det var ei morshand, det måtte ein sjå om ein ikkje vilde det. <sup>[220]</sup> Tanken fór gjennom han og vermt meir enn godt gjorde, for no kunde det snart hende det ein ikkje hadde ei von om, rettno hadde det *hendt!*

– Eg vil ikkje ha dykk lel eg! klaga Hallvard seg.

Ragnhild såg på Håkon. Han drog opp brunene og tilstod det som det var: dei var to barnlause menneske. Billigare var det vel ikkje å komma i frå det nei. Men dei var to om det no, Ragnhild reiste ikkje bort meir, såg han.

Det tok til og skymdest i kammerse. Budeia gjekk opp på loftet og la seg. Ellida og gutungen hennes gjekk opp dei òg. Håkon hadde sett seg på ein stol. Rettno såg han ikkje andlete til Ragnhild lenger.

Så var det klokka inni stua som hadde orde.

Handa hennes Ragnhild vart liggande still på hovude åt Hallvard. Det var likt

til han sov. Håkon studde seg mot borde. Han heldt seg vaken lenge, lenge. Han sovna og vakna ein to-tre gonger. Ragnhild sat der som før.

Siste gongen han vakna var dagen i glase. Enno sat Ragnhild, men ho sat med hendene i fange. Han trudde først at han drømte henne.

Ho reiste seg så stilt at ikkje han ein gong hørte det. Men straks var Hallvard vaken. Han gav ein liten kvink frå seg og såg etter henne. Ho tenkte å gå like vel, men da retta han ut handa og tok etter henne. Ho såg på Håkon først, om dette virkelig var *til*? Ho var visst så forvilla som eit menneske kan bli.

[221] Guten kvinka ein gong til, snudde seg fram og retta ut handa. Ragnhild let han ta handa hennes, og sette seg ned att.

Ikkje torde ho seie noko, og ikkje Håkon heller, men ho strauk Hallvard over panna. Ho fekk stryke han med ho vilde. Han let att auga og låg still.

Ho bøyde seg over han og kviskra: – No må du sova da.

Han heldt i eine fingeren hennes. Han klemte hardt til.

– Skal du ikkje sova da? sa ho. Skal eg sitte her hoss deg med du søv?

Han svara ikkje, men han gav fingeren ein hardare klem. Ho lutte seg over han att, snakka tett nede ved andlete hans:

– Er det du Hallvard det her? Er det virkelig du da?

\*

Endelig sov han, og da sov han trygt. Ragnhild reiste seg og stod og såg på han. Snudde seg til Håkon og såg på han. Ho var heilt seg sjøl å sjå til. Han òg reiste seg. Hallvard sov. Dei stilte seg ut or kammerse, let att døra etter seg og gjekk ut.

Dei stod utom døra i lyse morgonstunda. Der var stilt og lydt rundan i kring. Same undringa der som den dei sjøl stod der i. Dei var så toeina som to menneske kan bli; som dei skulde ha stole både stunda og staden, kom det for dem.

[222] – Eg kan ikkje tru det enno, sa Håkon. Resten fekk vera usagt til så lenge.

Ragnhild hørte det visst ikkje. Litt etter sa ho:

– Skal eg til å vera mor hans da? Kan slikt noko gå for seg i verda?

Ho såg på Håkon og spurte. Ho tok handa hans, og da ho såg kor gleda og angsten manna over han, sa ho med ein liten lått:

– Skal eg til å halde deg for far til barne mitt enno ein gong?

– Ikkje skræm meg da! bad han. Det *er* slik no. Er det ikkje det da?

Ho smilte berre. Andlete hennes var ikkje til å bli klokt på, ein kunde sjå alt eller ingenting i det. Han visste knapt kva han gjorde, men han la hendene på akslene hennes og såg henne i auga:

– Når eit menneske er så uverdigg som eg, *da* må der da finnast nåde for han? Eg kasta frå meg alt, alt i hop, da eg seglde til deg. Men enda visste eg ikkje det var til deg eg fór. Men lat oss ikkje snakke, eg tør det ikkje enno!

– Nei, sa ho. Lat oss ikkje snakke. Ho stod og såg ned.

Da ser ho opp på han, gir seg over til han og lét han sjå henne i auga. Ho smiler til han, da ho ser kor blind han blir:

– No er du ikkje redd hendene mine lenger!

Dei stilte seg inn att, til kårkammerse. Dit stal dei seg ein gong før, dei mintes det baa to; det var ikkje kårkammers enda, så lenge er det <sup>[223]</sup> sia, men den gongen var det òg morgonen, visst? Det var i alle fall lyst som no. Men dette var *no*.

\*

Hallvard sov til langt på dag. Det var rart nok å gå og vente på at han skulde vakne. Ingen kunde vita korles han da var; dei kunde ha drømt alt samen. Håkon måtte avstad og ta i mot dampbåten. Han såg rolig på Ragnhild da han gjekk. Ho sette seg i kammerse hoss Hallvard med handarbeide sitt.

Ho kvilte just fingrane sine og såg på Hallvard, da han slo opp auga.

– No har du sove som ein kar, sa ho.

– Eg tok meg ein liten blund ja, mumla han og smilte med seg sjøl. – I dag vil eg stå opp.

– Ikkje før i morgo, hørte du dokteren sa.

– Dokteren? grein han. Skal no du òg til å halde med dokteren?

– Vi er så redd du skal bli sjuk for oss i gjen.

– Jau? gapsmilte han, – det skal vera svinaktigg det?

Han låg og såg opp under loftte. Der låg han, låg og smilte og tenkte og var *til*. Raraste små gutandlete ho såg nokon gong. At ikkje Tale òg fekk sjå han no. Ho

som hadde auga til å sjå slikt. Jau han var ein merkelig unge der han låg, det var da ikkje berre det at han var hennes? Og der til var det storlig uvisst om ho fekk vera <sup>[224]</sup> mor hans, det var eit heilt lite liv berre å ottast for det.

Og Håkon var nedpå brygga og ekspederte dampbåten. Ho kunde ikkje sjå for seg andlete hans, det veik unda fort vekk, men han var no Håkon han, og einast ho visste kva det vil seie; og i dag var han ein – ja, det var ein god dag for han i dag. Han òg skulde til å bli menneske på nytt.

Meir storveges var ikkje live nei, det var somtid berre det at to menneske hørte i hop og måtte finne att einannan. For andre såg det litt større ut, stundomtil, for den eller den. Men *var* nokon ting større? Trua ja. Trua på at nokon ting er større enn det vi kan oppleve. Håkon sjaua nedpå brygga og visste kanskje det same.

Kan hende han visste det òg snart: Eit menneske har vanskapt seg så det er ikkje menneske meir, det må døy. Og til det må eit menneske vera reidskap, for at det kan skje, og for at eit anna menneske kan bli spara for det. – Så mykje var du verd, gut. Det skal ingen kunne sjå utanpå deg, du såg det ikkje sjøl ein gong!

Åja da, men no såg ho Hallvard att. Ho var etter mat til han, og den tok han villig nok, men kva tenkte han med seg sjøl? Av og til løfta han eine augebruna, og med kvart baa. Somtid fekk han rukker i panna. Best det var snudde han seg til henne og sa:

– Skal du bli her all tida no?

<sup>[225]</sup> Ho fekk ein kvekk i seg så hjarte gjekk tungt lenge etter.

– Ja, visst eg får lov av deg, svara ho.

Han åt og lest som han tenkte djupt over det. Så smilte han ørande fint:

– Det kjem an på korles du steller deg det.

Og no var han mett og trøytt og la seg til å kvile.

– Huff, eg ét så belgen er blå! klaga han seg.

Ho kunde ikkje sitte her all dagen, ho måtte ut og helse på folk, tykte ho. Ho vart meir og meir huga på det, å gå ut og vera menneske i lag med dem, ho mintes den og ho mintes den. Slik ønska ho seg ut til folk da ho var lita, når ho hadde fått ny kjole eller kva det no var. I alle fall vilde ho sjå til Lea. Vårherre gjekk kanskje sjølseg til henne, kanskje glømte han det. Kan hende han venta at

einkvan annan såg dit.

Ute var det vestavinden og gråvêre, men det var ein hugna å sjå like vel, no når det hørte henne til. Ragnhild hadde ei rar kjensle med ho stod bortved vindauge. Ho tykte ho skapte dagslyse, skapte det med auga, både det og alt som levde og var til i det; ho stod og nyskapte verda i kring seg, og alt vart overlag vel gjort.

\*

Det vart ikkje så ho gjekk til Lea den dagen, og dagen etter kom Lea til Stavsund. Ho kom flyttande. Håkon var den første ho råkete på. – Det var no husmora sjøl eg vilde ha møtt først, [226] fortalde ho, men du er kanskje ikkje noko vondt varsel du heller. Ho stod og såg på han eit tak, vart meir og meir blank i auga. Han gav seg i arbeide att, for rettno gret ho visst? – Lykkelige Håkon! sa ho. Lykkelige mann der du står!

– Enn du? undrast han.

– Eg? Nemn ikkje meg, er du snild, eg kan ikkje fortele deg eg rømmer frå både hus og heim i dag, eg vil til a Ragnhild, eg vil vera budeie hoss henne. Så blir eg kan hende litt lykkeligare enn eg er. Alt mitt gods har eg gitt over til borna, ku og kalv og bord og seng, eg er frigjort. Har du henne inne?

Ho venta ikkje på svar, ho gjekk inn.

Ho fortalde det same til Ragnhild, at ho vilde hit og tene, vera budeie, ho visste seg ikkje anna rom på jorda no. – Skal eg halde på lenger og vera gudelig, da blir eg tullut! jamrast ho. Og på gamlevise tør eg heller ikkje leva, det er for vågsamt, *du skjønner meg da*, Ragnhild? Eg skal vera så snild med dyra, at du blir nøydd til å undre deg over det. Ja no er eg her, du får meg ikkje ut meir, eg vil bu i eit hus som der er *von* i!

Ragnhild smilte ålvorsamt og såg lenge på henne. – Eg venta på eit tegn, nyst her, sa ho. Om eg skulde gå inn i live på nytt. Tegne fekk eg først da eg ikkje trong det, og no får eg enda eitt. Sia sa ho at dette måtte dei snakke med Håkon om. – Du lyt vel gjera han den æra ja, smilte Lea.

[227] Håkon tenkte på Lea i same stunda, og smilte djupt etter henne: Live må vera ein dyrverdig ting like vel. Ettersom det er så sårt å miste. Jamvel eit hundliv ser ut til å vera bedre enn dauen. Eg burde vel synge eg da?

Lenger ut på dagen var både Ragnhild og Håkon uti kammerse hoss Hallvard. Han sat i senga og hadde papir og saks for seg. Dei nemnte Lea.

Da sa Hallvard til mora, best han sat:

– Ja får du folk av a Lea, da skal eg tru på deg.

Andlete hans var fullt av ålvor og galning omeinannan.

Dei såg på kvarandre. Så lo dei.

– Berre vi får folk av *deg*, sa Håkon.

– Å det går vel, skal du sjå. Han klipte og tenkte på sitt, og gjorde munnen skjeiv etter som saksa gjekk.

Og no var han ferdig med verke sitt, og såg på det. Der var fjell og dal, og der var fugl og dyr. Der var eit par menneske òg.

– Så, no er verda skapt! sa han. Han såg ut tålig til freds med henne, og la seg til å kvile etterpå.

---

Olav Duuns *Ragnhild* er lastet ned gratis fra [bokselskap.no](http://bokselskap.no)